

Aftenpostens dekning av språkstriden

Ein studie av korleis språkstriden mellom 1972 og 1981 vart framstilt i Aftenposten

Nils Ole Bjelkåsen

Rettleiar

Ernst Håkon Jahr

Masteroppgåva er gjennomført som ledd i utdanninga ved Universitetet i Agder og er godkjent som del av denne utdanninga. Denne godkjenninga inneberer ikkje at universitetet står inne for dei metodar som er nytta og dei konklusjonar som er gjort.

Universitetet i Agder, 2012

Fakultet for humanistiske fag

Institutt for nordisk og mediefag

Innhald

Innleiing

- 1. Problemstilling og metode.....4**

Bakgrunn

- 2. Hovudliner i norsk språkpolitikk fram til opprettinga av Norsk språkråd.....5**
- 2.1. 1907-reforma..... 6
- 2.2. 1917-reforma..... 7
- 2.3. 1938-reforma..... 8
- 2.4. Norsk språknemnd og 1959-reforma..... 12
- 2.5. Vogt-komitéen..... 15
- 2.6. Norsk språkråd..... 17

Hovuddel

Korleis språkstriden vart framstilt i Aftenposten frå opprettinga av Norsk språkråd i 1972 til 1981-reforma vart vedteke av Stortinget

- 3. Fyrste fase i arbeidet med ei ny bokmålsreform (1972 – 1976).....18**
- 3.1. Førebuinga av liberaliseringsvedtaket i Norsk språkråd..... 18
- 3.2. Norsk språkråds vedtak om mellombels liberalisering..... 21
- 3.3. Påstått trenering..... 22
- 3.4. Misnøye med Norsk språkråds arbeid – striden vert skjerpa..... 24
- 3.5. Store samarbeidsvanskar i Norsk språkråd – fare for sprenging..... 29
- 3.5.1. Særutvalets innstilling..... 33
- 3.6. Status etter årsmøtet..... 37
- 3.6.1. Var Norsk språkråd framleis i fare for å verte sprengt?..... 38
- 3.6.2. Kronikk av lektor Knut Egil Steffens..... 40
- 3.7. Debatt i Kringkastingsrådet kring reglar for språkbruk..... 41
- 3.8. Møte i Norsk språkråd..... 43

4. Andre fase i arbeidet med ei ny bokmålsreform (1976 – 1979).....	47
4.1. Status etter møtet i Norsk språkråd.....	47
4.2. Usemje mellom Fredrik Norman og Knut Egil Steffens.....	51
4.2.1. <i>Kronikk av Fredrik Norman</i>	51
4.2.2. <i>Knut Egil Steffens' kritikk av Fredrik Normans framstilling</i>	52
4.2.3. <i>Fredrik Normans svar på Knut Egil Steffens' kritikk</i>	53
4.3. Debatt mellom Geirr Wiggen og Herman R. Fleischer.....	54
4.3.1. <i>Geirr Wiggens kronikk</i>	54
4.3.2. <i>Herman R. Fleischer svarte Geirr Wiggen</i>	55
4.4. Reaksjonar på nynorsk-utspel frå Lars Roar Langslet.....	57
4.5. Ny innstilling frå Særutvalet.....	59
4.6. Årsmøte i Norsk språkråd.....	63
4.6.1. <i>Fyrste dag av årsmøtet</i>	63
4.6.2. <i>Andre dag av årsmøtet</i>	66
4.7. Knut Egil Steffens' forslag til løysing på språkspørsmålet.....	67
4.8. Årsmøte i Norsk språkråd.....	69
4.8.1. <i>Fyrste dag av årsmøtet</i>	70
4.8.2. <i>Andre dag av årsmøtet</i>	72
4.8.3. <i>Leiarartikkel om årsmøtet</i>	74
5. Behandling av Norsk språkråds innstilling i Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Stortinget (1979 – 1981).....	75
5.1. Skuldingar om bevisst trenering.....	75
5.2. Oppmoding frå 49 universitets- og høgskulelærarar om ikkje å ta Norsk språkråds vedtak til etterretning.....	78
5.3. Kronikk av Knut Egil Steffens.....	82
5.4. Stortingets endelege vedtak.....	83
6. Konklusjon.....	85
6.1. Argument og retorikk.....	85
6.2. Meinings- og haldningsskilnader internt i riksmålsleiren.....	89
6.3. Kva inntrykk av språkstriden kunne ein få av å lese Aftenposten?.....	91
Litteraturliste.....	96

Innleiing

1. Problemstilling og metode

I 1981 vedtok Stortinget ei bokmålsreform som skulle vise seg å verte veldig avgjerande for norsk språkstrid. Reforma som vart vedteke den gongen, representerer langt på veg ei reversering av dei to føregåande språkreformene – 1938- og 1959-reforma – og sytte såleis for å fjerne mykje av grunnlaget for språkstriden. Det striden i all hovudsak dreidde seg om i tidsrommet mellom 1938 og 1981, var nemleg om ei stor mengd ord- og bøyingsformer frå tradisjonelt riksmål skulle ha offisiell status eller ikkje. Dei fleste av dei formene det her er tale om, vart nemleg tekne ut av den offisielle bokmålsnormalen i og med 1938-reforma, medan resten vart teken ut i 1959. I tillegg var det ei lang rekkje riksmålsformer som tross alt hadde behalde plassen i den offisielle normalen, men som til gjengjeld hadde vorte degraderte til såkalla sideformer. I 1981 vart mange av desse formene tekne inn att i den offisielle bokmålsnormalen eller oppgraderte til hovudformer, og dermed var mykje av utgangspunktet for striden borte.

Sidan 1981-reforma vart ei så avgjerande reform i språkstriden, har eg valt å sjå nærmare på den prosessen som låg bak denne reforma. Nærmare bestemt har eg undersøkt korleis språksaka vart framstilt i Aftenposten frå opprettinga av Norsk språkråd i 1972 til 1981-reforma vart vedteke av Stortinget. Eg har valt dette tidsrommet fordi førebuinga av 1981-reforma fann stad då. Aftenposten har eg valt fordi den tradisjonelt sett er ei riksmålsavis – altså ei avis som offisielt støtta riksmålets sak. Det som er viktig å presisere, er at eg har forsøkt å gi eit bilete av korleis språksaka *totalt sett* vart framstilt i Aftenposten. Med det meiner eg at eg ikkje berre har undersøkt korleis Aftenposten-redaksjonen offisielt stilte seg til språksaka, men i det heile teke kva inntrykk ein kunne få av språkdebatten ved å lese eit representativt utval artiklar, kronikkar og innlegg som i løpet av den nemnde perioden kom på trykk i Aftenposten. Frå tid til anna har eg òg valt å jamføre det som stod i Aftenposten, med korleis debatten og saksgangen er beskrivne i Gro-Renée Rambøs hovudoppgåve frå 1999 – *Bokmålsreformen i 1981 – med særlig vekt på Særutvalgets arbeid*. Dette har eg gjort i forsøk på å gi eit bilete av kor riktig og kor tilstrekkeleg Aftenposten informerte lesarane sine. Elles har eg òg frå tid til anna nytta Rambøs hovudoppgåve for å underbygge egne påstandar og vurderingar.

Mykje av målet med oppgåva mi var dessutan å undersøkje i kva grad det fanst meinings- og haldningsforskjellar mellom kjende talsmenn internt i riksmålsleiren. Ein kunne jo tenkje seg at nokre av dei til dømes var meir rimelege, saklege og diplomatiske i argumentasjonen sin enn andre, og at den faglege tyngda kunne variere. Eg har forsøkt å gjere greie for kva argument som vart nytta i debatten, og frekvensen av dei ulike argumenta – fortrinnsvis frå riksmålshald, men òg frå språkradikalt hald. I tillegg har eg prøvd å vurdere kor sakleg og gyldig argumentasjonen var til kvar tid.

På bakgrunn av dette valde eg å formulere problemstillinga på følgjande måte: ***Kva inntrykk kunne ein få av språkstriden som fann stad frå opprettinga av Norsk språkråd i 1972 til 1981-reforma vart vedteke av Stortinget, ved å lese eit representativt utval artiklar, kronikkar og innlegg i Aftenposten?***

I hovuddelen har eg valt å gå kronologisk til verks, og eg har delt den inn i tre overordna kapittel, slik at kvart kapittel representerer ein fase i førebuinga av reforma. Den fyrste fasen strekkjer seg frå Norsk språkråd trod i kraft i februar 1972 og fram til fyrste del av reforma vart vedteken av Norsk språkråd i oktober 1976. Dei vedtaka som vart fatta då, var særst etterlengta og sytte for nødvendige føresetnader for det vidare revisjonsarbeidet. Fase to strekkjer seg frå november 1976 og fram til dei siste revisjonsvedtaka vart fatta av Språkrådet i januar 1979. Den tredje og siste fasen strekkjer seg frå tida etter det avgjerande årsmøtet i Norsk språkråd i januar 1979 og fram til Stortinget vedtok reforma i juni 1981.

Bakgrunn

2. Hovudliner i norsk språkpolitikk fram til opprettinga av Norsk språkråd

1970-åra var prega av mykje debatt – både frå språkvitskapleg, politisk og allmennmenneskeleg hald – kring den framtidige bokmålsreforma, som til slutt vart vedteke av Stortinget i 1981. Mykje av grunnlaget for denne debatten var riksmålsfolkets misnøye med dei gjeldande rettskrivingsreglane og den dåverande læreboknormalen. Dei tre føregåande språkreformene i 1917, 1938 og 1959 hadde hatt tilnærming mellom dei to offisielle målformene, bokmål og nynorsk, på folkemålets grunn som hovudsakleg motiv

(Rambø, 1999: 42). Sidan tradisjonelt riksmål berre vart snakka av ei lita gruppe menneske, måtte mange av dets ord- og bøyingsformer vike plassen til fordel for såkalla samnorskformer – anten det var former tekne inn frå nynorsk, eller det var former som låg tett opptil nynorsk. Dei hadde altså lidd store tap – både reint språkleg og sosialt – dei siste 50-60 åra og hadde derfor nesten alt å vinne på ei ny reform.

Bakgrunnen for denne språkstriden kan først heilt tilbake til unionsoppløysinga med Danmark i 1814. Noreg hadde omsider fått status som sjølvstendig nasjon etter å ha vore i union med Danmark i over 400 år, og sidan me altså hadde oppnådd nasjonal sjølvstende, så var det ikkje unaturleg at behovet for eit eige, norsk skriftspråk melde seg. Det faktum at Europa var på full marsj inn i ein nasjonalromantisk epoke, gjorde ikkje kravet om ein eigen skriftnormal noko mindre. Det nasjonalromantiske idealet kravde nemleg at ei rekkje kriterium måtte oppfyllest for at eit land med rette skulle karakteriserast som ein eigen, sjølvstendig nasjon, og kravet om ein eigen nasjonal skriftnormal var eitt av dei. Sidan talemålet til den sosiale overklassa i Noreg på den tida var dansk med norsk uttale – «den dannede dagligtale», som det ofte vart kalla – såg følgeleg dei fleste frå dette sosiale sjiktet på det danske skriftspråket som fullverdig «norsk». Enkelte andre nordmenn såg derimot på det danske skriftspråket som noko adoptert og «unorsk». Dermed var grunnlaget lagt for ein lang og bitter strid mellom dei som såg det nødvendig med ein ny, særnorsk skriftnormal utvikla på grunnlag av dialektane, og dei som meinte at me allereie hadde eit tilfredsstillande skriftspråk (Jahr, 1993: 132).

2.1. 1907-reforma

I løpet av 1800-talet skjedde det store ting på språkfronten i Noreg. Ivar Aasen utvikla eit eige, norsk skriftspråk basert på norske dialektar – fortrinnsvis dei nordvestlandske dialektane – og dette skriftspråket, landsmålet, vart jamstilt med riksmålet som offisielt skriftspråk i 1885. Men det var fyrst i 1907 at me fikk den fyrste store språkreforma i Noreg, og det var ei rein riksmålsreform. Ein kan seie at denne reforma fyrst og fremst kan omtalast som ei fornorskingsreform – ikkje ei samnorskreform som dei seinare reformene – sidan det var fornorskingstanken i beste Knud Knudsen-ånd som danna grunnlaget for denne reforma. Mykje av grunnlaget for Knud Knudsens fornorskingstanke var ortofoni-prinsippet; at det burde vere størst mogleg korrespondanse mellom skrift og uttale. Sidan talemålet til den

norske overklassa i prinsippet var norsk uttale av det danske skriftspråket, meinte Knudsen at den offisielle rettskrivinga burde reflektere denne uttalen i størst mogleg utstrekning. Overklassas talemål vart nemleg betrakta som den «landsgyldige» daglegtalet (Rambø, 1999: 28). Han meinte altså at overklassas talemål skulle vere rettesnor for justeringar av riksmålsnorma, og det var sjølv sagt ikkje vanskeleg for overklassa å akseptere. Dessutan vart reforma rettferdiggjort i kraft av offisielt sett å vere berre nasjonalt motivert – ikkje sosialt motivert, slik dei seinare reformene openbart ber preg av. Sjølv om Lars S. Vikør hevdar at språkstriden primært var språksosialt motivert alt frå byrjinga av, så var 1907-reforma i alle høve *tilsynelatande* berre nasjonalt motivert (Vikør, 1994: 220). Derfor oppstod det ikkje protestreaksjonar i noka særleg utstrekning i kjølvatnet av denne reforma. Dei endringane som for øvrig vart gjort i 1907, var mellom anna innføring av «harde» konsonantar der det korresponderte med danna daglegtale – sjølv om det framleis herska stor valfridom (t.d. *bok – bog*) – innføring av dobbel konsonant i utljod etter kort vokal i enkelte ord for å hindre «tvetydighet eller feillæsning», og innføring av endingane *-et*, *-te* og *-(d)de* i svake verb der ein tidlegare berre kunne bruke endinga *-ede*. Det vart i tillegg til desse gjort nokre andre endringar òg (Rambø, 1999: 29).

2.2. 1917-reforma

Som ein kan lese i det føregåande avsnittet, så skapte altså ikkje 1907-reforma nokon ytterlegare strid mellom riksmål- og landsmålsympatisørar. Reforma i 1907 sytte på sett og vis for litt balanse i rekneskapen, sidan riksmålet nok vart noko meir konkurransedyktig ved å kvitte seg med mykje av dei særdanske formene, og på den måten verte tilstrekkeleg «norsk» (ibid: 28). Landsmålet hadde nemleg hatt mykje vind i segla i kjølvatnet av frigjeringa frå Sverige i 1905 (Almenningen m.fl., 1981: 85). Mange riksmålsfolk meinte derfor at ein måtte prøve å utlikne landsmålets framgang ved å fornorske riksmålet – noko dei i stor utstrekning hadde lukkast med. På dette tidspunktet var me altså kome til et punkt der me med rette kunne seie at me hadde to norske skriftnormalar. Dermed kan ein òg seie at det reint nasjonale argumentet i språkstriden var i ferd med å falle bort, og at me var på veg inn i ein ny, meir språksosial fase av striden. No krinsa debatten i større grad rundt spørsmålet om det var behov for to skriftspråk som båe hadde talemål som basis for normering (Rambø, 1999: 29). Som Lars S. Vikør uttrykker, vil det openbart nok krevje langt større økonomiske ressursar å halde ved lag to likestilte skriftnormalar enn berre å måtte halde ved lag éin. Dessutan vart det

argumentert med at det var «splittande for eitt land å ha to språk» (1994: 221). Derfor vart det i 1908 danna ein offentleg komité, Eitrem-komitéen, som skulle ha i oppgåve å utarbeide ei oversikt over forskjellane mellom normalane, og i neste omgang vurdere om det var potensial for ei gradvis samansmelting eller ikkje. Resultata av dette arbeidet vart presentert året etter, i 1909. Sjølv om intensjonen bak komitéens arbeid berre var å ta stilling til reint ortografiske spørsmål, så enda dei likevel opp med å behandle ei rekkje andre aspekt ved språket òg (Rambø, 1999: 29).

Språksaka hadde på dette tidspunktet utvikla seg til å verte ei stor partipolitisk fanesak. Striden sto i all hovudsak mellom Høgre, som støtta riksmålet, og Venstre og Det Radikale Folkeparti (Arbeidardemokratane), som arbeidde for målfolkets interesser. Arbeiderpartiet – som kom inn på Stortinget fyrst i 1903 – hadde på si side ikkje innteke nokon posisjon i språksaka. Det må rettnok presiserast at det ikkje herska full semje på dette området innanfor nokon av partia, og det var nok mykje på grunn av nettopp det at Arbeiderpartiet valde å stå fram som nøytrale i fyrste omgang. Venstre, til dømes, hadde lenge bore preg av eit internt motsetnadsforhold mellom målreisningtilhengarar, som for det meste hørte til det såkalla «bygde-Venstre», og fornorskingstilhengarar, som støtta seg til «by-Venstre» (Almenningen m.fl., 1981: 88).

Ved Stortingsvalet i 1912 vann Venstre ein overlegen siger – trass i den interne usemja med omsyn til språksaka – noko som òg sikra fleirtal i Stortinget og følgjeleg heile regjeringsmakta. Statsminister Gunnar Knudsen hadde definert vegen vidare på det språkpolitiske planet, og den gjekk ut på å byrje ei gradvis samansmelting av dei to skriftnormalane i tråd med resultata av Eitrem-komitéens arbeid nokre få år tidlegare. I 1913 vart det derfor oppretta ein ny komité som skulle fortsette arbeidet med språkleg samling der Eitrem-komitéen gav seg. Mandatet til denne komitéen – likesom mandatet til den neste komitéen som overtok i 1916 – vart i tillegg litt utvida. Den skulle ikkje berre fremje lik staving for likelydande ord, men òg undersøkje om det finst ord på tvers av dei to skriftnormalane som har same tyding og rot, men som derimot er vesensforskjellige i form, som det av praktiske omsyn kan vere grunn til å føre nærmare saman, utan at målformenes identitet og naturlege utvikling nødvendigvis vert krenka. Det vart òg lagt til grunn at normeringsgrunnlaget til riksmålet skulle vere «folkets virkelige talesprog», noko som kan vitne om at den såkalla danna daglegtalet ikkje lenger hadde einerett som rettesnor (ibid: 89).

I desember 1917 var komitéens tilråding ferdig utarbeidd og sendt til departementet. Det var berre ljod- og formverket som hadde vorte behandla i dette arbeidet – ikkje ordlagning, ordval, setningsbygnad og stil (ibid: 90). Det hadde dessutan vorte utarbeidd to alternative normalvariantar i baa skriftspråka; det som vart kalla obligatorisk riksmål/landsmål, og det som vart kalla valfritt riksmål/landsmål. Skulestyra måtte sjølve avgjere kva for ein variant dei ville bruke, men dei kunne ikkje bruke baa to (Rambø, 1999: 31). Derfor oppsto det stor strid internt i riksmålskrinsane om kva for ein variant ein skulle velje. Den såkalla «obligatoriske» riksmålvarianten korresponderte primært med den danna daglegtalet, medan den «valfrie» varianten hadde mange dialektale former i seg. Likevel viste det seg at det var den mest samnorske, «valfrie» varianten majoriteten av riksmålsskulane valde. Av totalt om lag 4000 riksmålskrinsar var det nemleg 2550 som hadde valt den «valfrie» varianten i 1921 (ibid: 32). Mykje av årsaka til dette var nok det faktum at dei valfrie formene i stor utstrekning samsvarte med målformene på Østlandet, og det var òg her språkstriden var mest intens i kjølvatnet av denne reforma. Den målpolitiske organisasjonen Østlandsk reisning hadde fått gjennomslag for krava sine, og no såg dei det som si oppgåve å syte for at dei valfrie formene vart innført i så mange skulekrinsar som mogleg (Jahr, 1992: 107, 108).

1917-reforma skapte ein proteststorm i regi av riksmålsfolket som me nok ikkje har sett maken til verken før eller sidan. Reforma hadde som hovudhensikt å føre riksmålet og landsmålet nærmare saman og leggje forholda til rette for ein ytterlegare tilnærming i tida som skulle kome. Dermed kan ein òg seie at det ikkje lenger var det reint nasjonale motivet som var den primære drivkrafta i språkdebatten, men snarare det språksosiale. Det vart i det heile mykje vanskelegare å rettferdiggjere denne reforma ved hjelp av nasjonsbygging-argument, slik ein hadde gjort med den føregåande reforma i 1907 (Rambø, 1999: 30). Denne språkdemokratiske samnorsktanken fall altså ikkje i god jord hos riksmålsfolket, noko som ikkje er så vanskeleg å skjønne, sidan dei var i ferd med å tape språkleg – og dermed òg sosialt – terreng til målfolket. Dei var i ferd med å miste eit språksosialt privilegium som dei tok for gitt, til fordel for den sosiale underklassa (Jahr, 1993: 131).

Det var naturleg nok den «valfrie» varianten av riksmålet som hovudsakleg skapte iltre reaksjonar blant riksmålsfolket, sidan det var den som primært hadde folkemålet som rettesnor, og følgjeleg fjerna seg mykje frå den danna daglegtalet. I samband med Stortingets behandling av reformframlegget vart det halde ein kvass interpellasjonsdebatt som gikk over to heile dagar. Det vart samla inn over 200 000 underskrifter mot framlegget, og mange folkemøte vart haldne mot reforma. I tillegg vakte det protestar frå fleire andre hald òg –

mellom anna frå pedagogiske og typografiske foreiningar, handelsstanden, Norges Rederforbund, Det norske Studentersamfund og 37 riksmålsforfattarar med Knut Hamsun i brodden. Likevel vart altså reforma innført – rettnok med berre eit særskilt fleirtal (Almenningen m.fl., 1981: 91).

Dei obligatoriske endringane som vart gjort i riksmål i og med 1917-reforma, var mellom anna meir konsekvent bruk av doble konsonantar i utljod etter kort vokal, meir konsekvent gjennomføring av «harde» konsonantar, innføring av *ll* og *nn* i staden for *ld* og *nd* der det korresponderte med norrønt og landsmål, innføring av endinga *-ene* i bunde form fleirtal av substantiv der det tidlegare hadde heitt *-erne*, og innføring av ei rekkje særnorske ordformer, som til dømes *kje*, *ku* og *molte* (ibid: 90).

Dei valfrie endringane som vart gjort i riksmål, var mellom anna innføring av særnorske ljodformer i ei rekkje ord der dei hadde utbreidd talemålsgrunnlag (t.d. *bru*, *tru*, *golv*, *stein*, *laus* og *røik*), innføring av *a*-ending i bestemt form eintal i ei lang rekkje hokjønnsord og innføring av preteritums- og perfektum partisippendinga *-a* i verb som høyrer til den såkalla «kaste-klassa». Det vart dessutan lagt vekt på at formvala skulle avhenge av stil og emne (ibid: 90).

2.3. 1938-reforma

I og med 1917-reforma skifta altså språkplanlegginga kurs frå å vere hovudsakleg nasjonalt orientert til å verte primært språksosialt orientert, og det var altså nettopp denne kursendringa som vart gjenstand for kolossale protestar frå riksmålshald. Denne samnorsklinga vart halde fram – som planlagt – og resulterte i neste omgang i den andre store samnorskreforma i 1938. Tanken var ikkje berre å arbeide for ei tilnærming mellom dei to normalane – som med tida forhåpentlegvis ville kunne føre til ei fullstendig samansmelting – men det vart i tillegg lagt særskilt stor vekt på at denne tilnærminga fortrinnsvis skulle skje på folkemålets grunn. Tanken var at riksmålet gradvis skulle normerast på grunnlag av dialektar – akkurat som landsmålet – og at ein i stadig mindre grad skulle ta omsyn til korleis ei lita minoritetsgruppe frå den sosiale eliten snakka (ibid: 93). Denne lina hekta Arbeiderpartiet seg òg på då partiet omsider valde å forlate den språklege nøytralitetsposisjonen i 1930. Komitéen som skulle ta stilling til partiets status i språkstriden, vart leidd av historikaren og målmannen Halvdan Koht. Han argumenterte med at partiet måtte kjempe for dialektanes plass i skrift, ettersom

det ville gi arbeidarklassa større respekt for eige språk og opphav i kraft av at talemålet deira fikk høgare sosial status. Følgjeleg ville partiet òg bidra til heve *heile* den sosiale statusen til underklassa, slik at det på den måten ville vere eit viktig bidrag i klassekampen (Rambø, 1999: 33). Å ha eit skriftspråk som ligg nært opp til eins eige talemål, er nemleg òg ein stor sosial fordel, sidan det fremjar sosial prestisje (Jahr, 1993: 131). Det er jo nettopp dette aspektet som i botn og grunn var årsaka til at språkstriden blussa opp igjen i og med 1917-reforma.

I 1938 vart altså ei ny språkreform vedteke. Den dåverande Arbeiderparti-regjeringa hadde gått i brodden for denne reforma – ei reform som nok kan karakteriserast som ein kulturrevolusjon. Mange former frå den danna daglegtalet vart totalt utestengde, samstundes som mange dialektale former vart obligatoriske i det som no heitte bokmål (riksmål og landsmål vart døypte om til bokmål og nynorsk av Stortinget i 1929). Parallellformer som korresponderte med dialekten til den øvre middelklassa, vart i mange tilfelle tekne ut av normalen (Rambø, 1999: 33). Dermed var den danna daglegtalet vorten redusert til berre å vere ein beskjedne utbreidd talespråksvariant blant mange andre talespråksvariantar – den hadde med andre ord ingen offisielt overordna status lenger (Jahr, 1992: 122). I staden for desse dialektformene frå den øvre middelklassa vart det innført mange former som var samanfallande for dei to skriftspråka, og desse formene var openbart nok folkemålsnære. I tillegg vart det for fyrste gong skilt ut ein eigen såkalla læreboknormal som var integrert i den vidare rettskrivinga. Dette var altså ein trongare normal som lærebokforfatarane var pålagde å nytte, og dei var merkte som sideformer i den vidare rettskrivinga. Elevane var derimot frie til å bruke alle formene i den vidare rettskrivinga (Rambø, 1999: 33, 34).

Dei endringane som vart gjort i bokmål i 1938, var mellom anna at diftonganes status vart styrkt. Dei vart obligatoriske i ei rekkje ord der dei tidlegare hadde vore valfrie. I tillegg var det ei rekkje folkemålsnære former som fikk status som eineformer (t.d. *bjørk*, *bru*, *fjøl*, *fram*, *sju*, *tjue* osv.), «harde» konsonantar vart heilt gjennomført, *ll* og *nn* kom inn i staden for *ld* og *nd* i endå fleire ord, omtrent 900 hokjønnsord skulle ha obligatorisk *a*-ending i bestemt form eintal, og preteritums- og perfektum partisippendinga *-a* vart obligatorisk i nokre verb med særnorsk ljosform (ibid: 34).

Årsaka til striden som følgde etter krigen og inn i 50-åra, var ikkje berre 1938-reforma i seg sjølv, men òg vedtaket som vart fatta i Oslo skulestyre i 1939, om at ein skulle innføre lærebøker med dei radikale formene frå reforma i folkeskulen. Dessutan valde mange

bokmålskrinsar elles i landet å gjere det same (Almenningen m.fl., 1981: 103). Dette skapte høglydte protestar frå riksmålsfolket, mykje fordi Oslo-skulane naturleg nok utgjorde ein stor marknad for lærebokforlaga. Som ei følgje av dette, ville nemleg forlaga trykke opp heile opplag av skulebøker med desse radikale formene, noko som følgjeleg fikk konsekvensar for heile landet. På grunnlag av dette vart Foreldrebevegelsen oppretta i 1949, og protestaksjonane deira skapte så mykje blest kring språksaka at den politiske opposisjonen (dei borgarlege partia) og næringslivet valde å gå inn og støtte aksjonane aktivt. Det resulterte i at Oslo skulestyre kapitulerte i 1954 og slo fast at Oslo-skulane berre skulle nytte lærebøker med moderate former. Forlaga retta seg i neste omgang etter dette vedtaket, slik at skular over resten av landet òg fikk lærebøker med moderate former i staden for radikale (Rambø, 1999: 35).

2.4. Norsk språknemnd og 1959-reforma

Sjølv om riksmålsfolk og folk som støtta moderat bokmål, hadde sigra i kampen mot radikale bokmålsformer i lærebøker, så heldt likevel striden fram utover i 50-åra. Allereie i dei fyrste etterkrigsåra hadde tanken om å skipe eit eget språkakademi fått fotfeste blant både konservative bokmålsfolk og radikale målfolk. Problemet var berre at dei to leirane ikkje var samde om dette språkakademiet skulle vere eit statspolitisk uavhengig organ eller ikkje. Riksmålsfolket støtta tanken om eit organ som fungerer uavhengig av styresmaktene, medan den andre leiren ville ha eit statleg styrt, rådgivande organ (ibid: 36). Dei var nemleg redde for at eit statspolitisk uavhengig organ ville verte språkleg konservativt og dermed motarbeide tilnærminga (Almenningen m.fl., 1981: 107).

I 1947 vart det frå riksmålshald – nærmare bestemt Bergen riksmålsforening – utarbeidd eit forslag til oppretting av eit språkakademi eller ei språknemnd. Med utgangspunkt i dette forslaget vart det vedteke ein resolusjon der det vart gitt uttrykk for eit ønske om at Stortinget skulle overlate rettskrivingsspørsmålet og -arbeidet til ei sakkunnig språknemnd. Føremålet med nemnda skulle vere å følgje den naturlege språkutviklinga og nedfelle endringane som denne språkutviklinga krev, i rettskrivinga med ikkje mindre enn tjue års mellomrom. Det vart dessutan presisert at nemndas fyrste oppgåve burde vere å «rette» på 1938-rettskrivinga. Resolusjonen gav ingen bastant konklusjon på om organet burde ha den avgjerande myndigheita eller ikkje, men understreka at nemnda om ikkje anna måtte ha status som rådgivande organ overfor Stortinget i alle språkspørsmål. Lars Moen, statsråd i Kyrkje- og

undervisningsdepartementet, slo fast at det ville vere klokt å skipe ei sakkunnig språknemnd som ved hjelp av systematisk vitenskapleg gransking kunne arbeide for ei mest mogleg føremålstenleg tilnærming mellom dei to skriftspråka (Rambø, 1999: 36, 37). Det var altså tydeleg at samlingstanken på ingen måte var forlaten.

Eit utval som skulle ha som oppgåve å utarbeide eit forslag til utforming av ei språknemnd, vart oppnemnd tidleg i 1949 (ibid: 36). Nesten tre år seinare, 14. desember 1951, vart det fatta vedtak om å opprette Norsk språknemnd med 95 røyster mot 26. Det vart slått fast at organet berre skulle ha ein rådgivande funksjon, og føremålet med organets arbeid skulle vere å stimulere til tilnærming mellom dei to skriftspråka med basis i folkemåla. Dette skapte openbart nok stor motstand frå dei konservative fløyene i båe leirar, noko dei 24 nei-røystene frå Høgre (av totalt 26, altså) kan vitne om. Som følgje av den samlings- og radikaliseringsorienterte føremålsparagrafen, nekta òg riksmålsleiren å stille med representantar i nemnda (ibid: 37).

Like etter skipinga av nemnda fikk den i oppdrag av departementet å utarbeide eit forslag til revidert rettskrivingsnormal og ein strammare læreboknormal (ibid: 37). Lærarar over store delar av landet gav nemleg uttrykk for stor misnøye med dei dåverande normalane – især læreboknormalane – ettersom det, ifølgje dei, var ei pedagogisk ulempe med så mange valfrie former. Dei formene som vart nytta i lærebøkene, var i ganske stor utstrekning forskjellige frå dei som stort sett vart brukte i presse og anna litteratur, noko som skapte forvirring blant elevane. Denne problematikken gjaldt for øvrig mest bokmålet (Almenningen m.fl., 1981: 107). Derfor vart det sett på som særskildt viktig å utarbeide nye og strammare læreboknormalar, og det måtte følgjeleg gjerast ved å korte ned på talet av dobbeltformer – altså jamstilte former. Idéen var at læreboknormalen skulle utgjere ein slags «gyllen middelveg», at det ikkje skulle vere nemneverdig overvekt av verken radikale eller moderate former. Likevel viste det seg at det i stor utstrekning var dei radikale formene som vart føretrekte som hovudformer i reforma som vart vedteke i 1959 – på kostnad av dei moderate formene. Når det er sagt, vart enkelte radikale former som hadde vorte tekne inn i 1938, igjen utestengde frå rettskrivinga. Som ei følgje av det, vart – og framleis vert – 1959-reforma av mange oppfatta som ei lita reversering. Men endringane som gikk den andre vegen – i favør av «folkeformene» – var langt meir vesentlege. Mange tradisjonelle riksmålsformer vart nemleg anten degraderte til sideformer – eller klammeformer, om ein vil – eller tekne heilt ut av rettskrivinga. Dessutan vart det innført ei rekkje reglar som slo fast at visse ordformsamansetnader ikkje var tillatne i lærebøker (t.d. *lavland*, sjølv om ein altså kunne

skrive *lav* alternativt til *låg*), og at målforma helst skulle nyttast når ein refererte til visse ting (t.d. skulle ein helst skrive *gard* når ein refererte til ein eigedom på landet) (Rambø, 1999: 37, 38). 1959-reforma var altså hovudsakleg ei revidering av læreboknormalen, men det er viktig å presisere at det òg vart gjort endringar i den vidare rettskrivinga.

Medan nynorsken tok nokre nye steg i samnorskretning, så vart bokmålet meir eller mindre ståande på same staden – med ein strammare læreboknormal, rettnok. Dette gjorde mange målfolk misnøgde. Dei konservative innanfor nynorskleiren syntest nynorsken hadde ofra altfor mykje i tilnærminga til bokmålet, medan dei radikale meinte at bokmålet hadde ofra altfor lite. Men riksmålssida var òg prega av stor misnøye – trass i at reforma som akkurat hadde vorte vedteke, ikkje var heilt i tråd med samnorskpolitikken (Almenningen m.fl., 1981: 115). Riksmålsfolket hadde tvert imot mobilisert ytterlegare motstand inn i 50-åra. Etter at diktaren Arnulf Øverland vart leiar for Riksmålsforbundet etter krigen, hadde nemleg den organiserte riksmålstilslutninga auka kraftig: Talet på lokale riksmålsorganisasjonar hadde auka frå 10 til 77 på berre få år, og i tillegg vart det skipa foreldre- og lyttarforeiningar (Rambø, 1999: 39). Dette resulterte mellom anna i det nemnde skulestyrevedtaket i 1954, som slo fast at berre moderate bokmålsformer skulle nyttast i lærebøkene i Oslo-skulane.

Som ei følgje av den auka mobiliseringa frå riksmålshald, vart det stadig vanskelegare for Arbeiderpartiet å føre ein samnorskpolitikk. Den reint nasjonale legitimeringa i språksaka hadde for lengst falle bort, og riksmålsfolket argumenterte godt for seg. Mellom anna peika dei på kor viktig det var å ta vare på den litterære arven frå dei store norske forfattarane, noko dei såg som eit langt på veg mislukka prosjekt dersom målformene stadig skulle få større fotfeste (ibid: 38). Partiet prøvde å argumentere imot ved å peike på reint praktisk-økonomiske grunnar til å samle dei to skriftspråka til eitt, men mangelen på reint ideologiske argument gjorde at argumentasjonen deira vart lite slagkraftig (Jahr, 1992: 147). Derfor valde dei å stryke samnorskparagrafen i partiprogrammet sitt i 1960. Dei gjorde inga heilomvending i språkspørsmålet – for då ville dei tape mykje oppslutning og prestisje – men dei prøvde å dempe striden litt ved å halde ein lågare profil i språksaka (Almenningen m.fl., 1981: 116).

Dei endringane som vart gjort i bokmål i 1959, var mellom anna at mange jamstilte former vart degraderte til sideformer. I mange tilfelle var det altså den radikale forma som vart føretrekt som hovudform. I tillegg fikk adjektiv og verb av typen *grei* og *greie* bøyningane *greit* og *greide* som hovudformer, medan bøyningane *greitt* og *greidde* vart gjort om til

klammeformer. Dessutan vart talorda *syv* og *tyve* teke heilt ut av rettskrivinga, medan dei tidlegare hadde hatt status som klammeformer (Rambø, 1999: 38).

2.5. Vogt-komitéen

Det var nettopp på grunn av denne stadig pågåande striden at regjeringa i 1964 valde å opprette ein eigen komité – Vogt-komitéen – til å vurdere den samtidige språksituasjonen i eit politisk og rettsleg perspektiv og utarbeide forslag til tiltak som kunne setjast i verk for å halde ved lag og vidareutvikle norsk språk på ein mest mogleg hensiktsmessig måte. Komitéen vart òg sett til spesifikt å ta stilling til om det då fungerande språkorganet Norsk språknemnd – som altså stod bak forslaget til revidert læreboknormal i 1959 – burde få ei tilslutning som var meir representativ med omsyn til språkstandpunkt og -tilhøyrse, og eventuelt utarbeide eit forslag til *korleis* ein kunne sikre ei meir representativ tilslutning. Heile spekteret av språkpolitiske standpunkt var representerte i komitéens samansetnad, slik at det skulle vere ein mest mogleg demokratisk prosess (ibid: 40, 41).

I 1966 var komitéens innstilling ferdig utarbeidd og sendt over til Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Det som mellom anna kom fram i denne innstillinga, var ei oppmoding til å styrke riksmålets status i bokmålsrettskrivinga, sidan dei såg det som unaturleg at former «som både har tradisjon i skriftspråket og er levende i litteratur og tale, utelukkes fra den offisielle rettskrivning» (ibid: 42). I tillegg vart det gitt uttrykk for at det var særst uheldig at Norsk språknemnd ikkje hadde alle språkkrinsar representert i sin samansetnad av organet. Ikkje berre var den organiserte riksmålsrørsla fråverande, men nynorskleiren mangla òg fleire talsmenn. Dessutan vart nemndas føremålsparagraf gjenstand for kritikk, sidan den tillét eit altfor snevert handlingsrom – noko som altså var grunnen til at riksmålssida ikkje ville la seg representere. Paragrafen slo nemleg fast at nemndas arbeid til ei kvar tid skulle fremje tilnærming mellom dei to skriftspråka på folkemålets grunn. Komitéen konkluderte derfor med at nemnda burde bytast ut med eit råd som skulle fremje språkvern og språkdyrking på grunnlag av eit mykje friare mandat enn det som no gjaldt. Ved å gi det nye rådet eit mandat som ikkje frå noko hald kunne tolkast som fullstendig motstridande i forhold til dei måla kvar av dei hadde sett seg i språksaka, ville ein sikre ein langt breiare representasjon, meinte Vogt-komitéen. Det vart sagt at ein burde få til ei ordning der alle dei ulike språkorganisasjonane kunne få nemne opp representantar på fritt grunnlag parallelt med faglege institusjonar og organisasjonar – dette òg fordi det vart fremja eit ønske om at det nye

rådet òg skulle uttale seg om reint språkpolitiske spørsmål «i den videste betydning av ordet» (ibid: 43).

Reaksjonane på Vogt-komitéens framlegg var sprikande. Riksmålssida var jamt over nøgd, ettersom eit språkråd à la det komitéen oppmoda til, ville gi dei større makt. Denne tilrådinga rokka sterkt ved samnorsktanken, noko som på den andre sida skapte negative reaksjonar hos målfolk og samnorskfolk (Almenningen m.fl., 1981: 118). Ifølgje Eyvind Fjeld Halvorsen – den framtidige formannen i det nye språkrådets særutval – ville dette språkrådet verte langt meir konservativt og tunggrodd som følgje av eit mykje friare mandat og breiare representasjon, og dermed svekke samnorsktankens status. Han stilte seg i tillegg noko kritisk til dei skjønnlitterære forfattaranes tiltenkte plass i rådet. Det er ikkje fyrst og fremst for dei ein normerer språket, meinte han. Vidare hevda han at det tvert om ikkje burde vere nødvendig å normere skjønnlitterært språk (Rambø, 1999: 44).

Alf Hellevik, formann i Norsk språknemnd, gav fyrst og fremst uttrykk for skepsis overfor det han omtalte som diffuse formuleringar i Vogt-komitéens framlegg. Han meinte at komitéen ikkje hadde utarbeidd formuleringar som var tydelege nok kring retningslinene for det nye språkrådets arbeid. Framlegget kunne for mange sjå ut som ei tilråding om fullstendig kursendring i språkpolitikken, meinte han – ei kursendring bort frå samnorsktanken, som hadde regjert sidan før den fyrste verdskrigen. Ein såpass vag føremålsparagraf ville berre skape ytterlegare vanskar for det nye språkrådet, og den pågåande striden ville ikkje kunne løysast, ifølgje Hellevik. I si omtale av framlegget la han stor vekt på kor openbar han meinte tilnærmingas plass var i norsk språkpolitikk. Det burde ikkje vere tvil om at ein skulle halde ved lag samnorskpolitikken. Spørsmålet burde heller dreie seg om «kor langt ein til kvar tid skulle gå i tilnærminga», hevda han (ibid: 45).

Kyrkje- og undervisningsdepartementet utarbeidde ei innstilling som låg ferdig 26. april 1970, og Stortingets behandling av denne innstillinga byrja 19. mai. Drøftinga i Stortinget var stort sett prega av ein fredeleg debatt, der både Vogt-komitéen og stortingskomitéen fikk mykje skryt for arbeidet sitt. Det vart ikkje gitt uttrykk for heilt bastante standpunkt mot samnorskpolitikken, men ein del bokmålsfolk la òg vekt på kor viktig det var å ta omsyn til dei tradisjonelle riksmålsformene som hadde vore utestengde frå den offisielle bokmålsnormalen sidan 1938 (ibid: 46). Stortinget var meir enn villig til å tillate ei språkleg liberalisering i den forstand at det ville generere større valfridom for til dømes skuleelevar, men det var ikkje villig til å gi opp tilnærmingspolitikken av den grunn. Derfor vart

tilnærmingstanken framleis integrert i mandatet til det nye språkrådet, Norsk språkråd – rettnok noko dempa. I føremålsparagrafen til Norsk språkråd stod det nemleg, ganske forsiktig, at det skulle «støtte opp om utviklingstendenser som på lengre sikt fører målformene nærmere sammen». Samstundes vart det i føremålsparagrafen òg lagt vekt på organets plikt om å halde ved lag den kulturarven som norsk skrift- og talespråk jo er (ibid: 48).

2.6. Norsk språkråd

Norsk språkråd vart sett saman av totalt 42 representantar – 21 frå bokmålssida og tilsvarande frå nynorsksida. Reine bokmålssaker og reine nynorsksaker vart berre behandla innanfor sine respektive seksjonar, og rådet i sin heilskap hadde status som rådgivande organ, der Stortinget hadde det siste ordet. I motsetnad til kva som var tilfelle i Norsk språknemnd, lét alle dei sentrale aktørane i språkstriden seg representere i Språkrådet. Riksmålsforbundet og Noregs Mållag vart representerte med to personar i kvar sin seksjon, i tillegg til at Landslaget for språklig samling fikk éin i båd seksjonar (Almenningen m.fl., 1981: 119). For å sikre ei bru mellom Stortinget og rådet var i alt åtte stortingsmedlemmer representerte i rådet – fire i bokmålsseksjonen og fire i nynorskseksjonen. Alle medlemmene vart for øvrig nedsett av forskjellige organisasjonar og institusjonar, og valperioden strekte seg over fire år (Rambø, 1999: 49). For at ikkje den eine seksjonen skulle kunne overstyre den andre, var det krav om at det måtte vere fleirtal i båd seksjonar for at eit vedtak skulle kunne fattast. Dessutan skulle formennene i kvar av dei to seksjonane veksle mellom å vere formann og nestformann i rådet i sin heilskap (ibid: 50).

Norsk språkråd trod i kraft 1. februar 1972 (ibid: 48). Ikkje lenge etter vart spørsmålet om ny bokmålsrettskriving teke opp, og då kom òg forslaget om å opprette eit eige særutval på bane. Dette særutvalet skulle ta stilling til rettskrivingsspørsmålet og på sikt utarbeide eit forslag til revidert bokmålsnormal (ibid: 53). Det vart òg lagt fram forslag om eit provisorisk liberaliseringsvedtak som berre skulle gjelde læraranes retting av elevtekstar i grunnskulen. Dette liberaliseringsvedtaket skulle omfatte tre kategoriar; hokjønnsbøyinga, fleirtalsbøyinga av inkjekjønnsord og fortidsbøyinga av svake verb. Den skulle – inntil ein fikk vedteke ei ny bokmålsreform – sikre grunnskuleelevar fridom til òg å nytte tradisjonelle bøyingsformer innanfor desse tre kategoriane, sjølv om desse eigentleg var utestengde frå den offisielle

rettskrivinga. Allereie 8. mai 1972 vart det fatta vedtak om denne førebelse løysinga, og Særutvalet kunne så smått byrje på førebuinga av ei ny bokmålsreform (ibid: 54).

Korleis språkstriden vart framstilt i Aftenposten frå opprettinga av Norsk språkråd i 1972 til 1981-reforma vart vedteke av Stortinget

3. Fyrste fase i arbeidet med ei ny bokmålsreform (1972 - 1976)

3.1. Førebuinga av liberaliseringsvedtaket i Norsk språkråd

Norsk språkråd hadde altså ikkje verka lenge før spørsmålet om ny bokmålsrettskriving melde seg. Allereie 15. april 1972 vart det i Aftenposten trykt ein artikkel med overskrifta «Det haster med å få rettskrivningsspørsmålet løst». Riksmålsmann og formann i bokmålsseksjonen, Gorgus Coward, hadde på eit møte i rådet dagen før denne artikkelen vart skriven, konstatert at arbeidet med ei ny bokmålsrettskriving måtte vere rådets overordna oppgåve i tida framover. Han viste til Vogt-komiteéns og stortingskomitééns innstillingar for å underbygge si vurdering av kva for arbeidsoppgåver som for tida burde ha forkøyrrett, og han la vekt på at ein ikkje måtte forhaste seg sjølv om det for så vidt hasta med ei ny rettskriving – slik artikkeloverskrifta òg uttrykker. «Toleranse» vart trekt fram som eit nøkkelord i rådets framtidige arbeid, og Coward appellerte til rådet om å akseptere ei innlemming av tradisjonelle riksmålsformer som var levande i skrift og tale, i den offisielle bokmålsnormalen. Dei skal ikkje berre kunne nyttast av skuleelevar i deira skriftlege arbeid, meinte han, men òg kunne nyttast av folk i offentleg teneste så vel som i Rikskringkastinga. Ein bør gå inn for auka valfridom i staden for å halde fram med den stadige tvangslina, uttrykte han.

Seks dagar seinare, 21. april 1972, står det skriven i ein artikkel i Aftenposten at Norsk språkråd har vedteke at det skal setjast ned eit eige, hurtigarbeidande utval beståande av bokmålsmedlemmene i fagnemnda for å utarbeide forslag til ny bokmålsrettskriving. Det vart òg vedteke at den nye rettskrivinga skulle verte meir liberal enn den gjeldande rettskrivinga, i

den forstand at bøyingsformer frå riksmålet skulle integrerast i den offisielle normalen igjen. Vedtaket slo fast at dette særutvalet skulle ta for seg tre kategoriar i si behandling av rettskrivingsspørsmålet, nemleg hokjønnsbøyinga, fleirtalsbøyinga av inkjekjønnsord og fortidsbøyinga av svake verb.

Same dag som det såkalla liberaliseringsvedtaket vart fatta i Norsk språkråd, 8. mai 1972, kunne ein lese ein artikkel i Aftenposten der det frå Riksmålsforbundets side vart gitt uttrykk for stor optimisme kring dette nært føreståande vedtaket. Som eg har gjort greie for tidlegare, omfatta liberaliseringsvedtaket berre grunnskuleelevantes skriftlege arbeid (Rambø, 1999: 54). Likevel vart det på Riksmålsforbundets landsmøte uttrykt stor tru på at liberaliseringsvedtaket òg ville kome til å omfatte statstenesta og Riksringkastinga. Spørsmålet om det føreståande liberaliseringsvedtakets virkeområde vart debattert i bokmålsseksjonen i Norsk språkråd på eit møte 15. april, og allereie då vart det vedteke at denne provisoriske ordninga ikkje skulle gjelde statstenesta og Riksringkastinga (ibid.). Riksmålsforbundet gav òg tydeleg uttrykk for eit krav om at liberaliseringsvedtaket ikkje berre skulle gjelde rettingar av eksamensoppgåver, men at dei burde omfatte *alle* skriftlege elevarbeid i grunnskulen – noko som altså vart ein realitet òg.

Vidare i artikkelen kunne ein òg lese at rektor Gorgus Coward hadde halde ei orientering om Riksmålsforbundets representasjon i Norsk språkråd, sidan dette hadde stimulert til stor debatt internt i riksmålsrørsla. I argumentasjonen sin for at Riksmålsforbundet gjorde rett i å la seg representere i Norsk språkråd, peika han på ein vesentleg skilnad mellom Norsk språknemnd og Norsk språkråd, nemleg at premissa og retningslinene for arbeidet i det nye språkrådet var av ein heilt anna karakter enn dei som hadde gjeldt for den gamle språknemnda.

Samnorskklina, som hadde vore offisiell språkpolitikk sidan før fyrste verdskrig, hadde fått seg eit solid skot for baugen, til fordel for den nye liberaliseringslina. «Formålet er ikke lenger å arbeide for sproglig samling «på norsk folkemåls grunn» – et formål som skapte tyve års bitter sprogstrid og forvirring», uttrykte han. Som han hadde presisert på det aller fyrste møtet i Norsk språkråd 14. april, gav han uttrykk for kva som måtte vere hovudoppgåva i tida som kom, nemleg arbeid med ei ny bokmålsreform som opna for bruk av tradisjonelle riksmålsformer som i stor utstrekning framleis var aktive, i skule og statstenesta. Han refererte til Norsk språkråds føremålsparagraf som hadde vorte definert av Stortinget, då han understreka rådets plikt om å arbeide mot ei liberalisering. Likevel uttrykte han ein noko tilbakehalden optimisme med omsyn til dette arbeidet, sidan «debatten om disse ting i sprogrådet til en viss grad var nedslående». Nettopp derfor var det viktig at riksmålsrørsla var

delaktig i denne prosessen, meinte han. Elles meinte han det var god grunn til å vere optimistisk med omsyn til riksmålets framtid, ettersom samfunnsutviklinga gikk i riksmålets favør.

I den same artikkelen står det at Trygve Bull – som var medlem av fagnemnda i Norsk språkråd, og som skulle verte medlem av det då framtidige Særutvalet – var til stades på Riksmålsforbundets landsmøte for å halde eit innlegg om den stadig pågåande språkstriden. Han la stor vekt på at auka toleranse og kommunikasjon mellom språkleirane var eit openbart vilkår for å kunne få til ei avspenning i striden. Ifølgje Bull var det mangel på innsikt i einannans motiv som var hovudårsaka til spenningsforholdet mellom leirane, og at grunnen til at nynorskoppslutninga i skulen stadig var på veg nedover, var at mange gav etter for eit sosialt press. Viss denne utviklinga held fram, kan ein rekne med at dei dediserte nynorsktilhengarane til slutt vil kome til å kjempe ein desperat samnorskkamp for å redde stumpane av ei havarerande språkform, meinte han. Med dette ymta han om at riksmålstilhengarane berre grov si eiga grav ved å sverte nynorskens rykte, ettersom det kunne føre til ein skjerp kamp. Derfor bør fokuset heller vere å opprette gjensidig respekt mellom leirane, slik at ein kan få ein bokmålsnormal som er tilpassa alle språkbrukarane – og det vil bety ei større liberalisering, uttrykte han. Riksmålsforbundets formann, professor Aksel Lydersen, uttalte i det same møte at ein måtte avslutte kampen mot nynorsken ein gong for alle. I same vending minte han om Arnulf Øverlands vilkår for å ta på seg vervet som formann i forbundet etter krigen, nemleg at kampen mot nynorsken ikkje kunne halde fram. Debatten for øvrig var prega av ei sær diplomatisk haldning overfor nynorsken, og det vart understreka at kampen mot samnorsken var ei oppgåve som strekte seg på tvers av språkleirane – at det altså ikkje berre var ei oppgåve for riksmålsrørsla, men like mykje ei oppgåve for nynorskfolket.

I ein leiarartikkel i Aftenposten 20. juli 1972 vart nettopp nynorskens status trekt fram, og nynorsken vart gjenstand for mange lovord frå riksmålssida. Ifølgje ei undersøking hadde heile 81,3 prosent av dei som vart kalla inn til fyrstegongsteneste i 1971, bokmålspreferanse, medan berre 9,3 prosent føretrakk nynorsk. Dei same tendensane fann ein blant dagens skulebarn, og det innebar nesten ei halvering sidan 1943-44, står det vidare. Ein pessimistisk nynorskmann skulle ha hevda i ein tidlegare Aftenposten-kronikk at nynorsken ikkje hadde noko prestisje anna enn i nynorskbygdene, og at resultatet av det var at mange ikkje ville lære det, og at ein del til og med hata det. Dette underbyggjer noko av det Trygve Bull uttrykte på Riksmålsforbundets landsmøte 8. mai, nemleg at nynorsken jamt over hadde låg sosial status.

Artikkelen gav derimot uttrykk for stor respekt overfor nynorsken og hevda at den beskrivinga av nynorskens status som den pessimistiske nynorskmannen stilte seg bak, ikkje var dekkjande. Dei, redaktørane i Aftenposten, peika på at nynorsken hadde hatt eit stort gjennombrot både i litteratur- og teatersamanheng, og at breie lag av riksmålsfolket anerkjende nynorsken som eit skriftspråk på lik line med deira eigen målform. Avisa skreiv at store delar av riksmålsleiren støtta tanken om fri konkurranse og fredeleg sameksistens dei to målformene imellom, og at nynorsken har særeigne verdiar som gjer den norske kulturen endå rikare.

Optimismen med omsyn til snarleg språkfred syntest å vere stor i riksmålsleiren, mykje på grunn av den avpolitiseringa av språksaka som hadde funne stad den siste tida. Derfor stilte redaksjonen i Aftenposten seg kritisk til at Noregs Mållag hadde valt å engasjere seg på EF-motstandaranes side, og på den måten bringa målsaka inn i politikken igjen. Føremålet med dette engasjementet var kanskje å skaffe seg ny sympati og nye tilhengarar, men ifølgje Aftenpostens redaksjonelle talsmenn kunne eit slikt engasjement tvert om resultere i at den velvilja som nynorsken hadde opparbeidd seg innanfor andre språkleirar, langt på veg vart brote ned att.

3.2. Norsk språkråds vedtak om mellombels liberalisering

Tysdag 13. juni 1972 kunne Aftenposten kunngjere at Norsk språkråd hadde vedteke eit forslag til ei provisorisk ordning for retting av skriftlege elevarbeid i grunnskulen, og at dette forslaget hadde vorte sendt til Kyrkje- og undervisningsdepartementet til vidare vurdering. Forslaget omfatta, som venta, hokjønnsbøyinga, fleirtalsbøyinga av inkjekjønnsord og fortidsbøyinga av svake verb. I artikkelen vart det referert til ei formulering i den framleis gjeldande læreboknormalen av 1959 som slo fast at lærarar på barneskulenivå skulle «gå fram med lempe» når det gjaldt elevanes bruk av felleskjønnsformer. Avvik frå den gjeldande rettskrivinga på dette området skulle altså ikkje reknast som feil, men like fullt påpeikast. Bakgrunnen for ei slik formulering var nettopp det at dei tradisjonelle felleskjønnsformene framleis hadde ein sterk posisjon i medvitet hos mange elevar, i tillegg til at mange substantiv har vekslande kjønn i forskjellige dialektar. Ved realisering av eit slikt liberaliseringsvedtak som Norsk språkråd nett hadde utarbeidd forslag til, ville denne formuleringa utvidast til å gjelde elevar i *heile* grunnskulen. I tillegg skulle altså vedtaket òg inkludere fleirtalsbøyinga av inkjekjønnsord og fortidsbøyinga av svake verb.

Ifølgje Aftenposten skulle styret i Norsk Rikskringkasting ha bede Norsk språkråd om òg å utarbeide eit forslag til nye retningsliner for språkbruken deira. Språkrådet skulle visstnok ha gitt uttrykk for at liberaliseringsforslaget det nett hadde framstilt, òg burde gjelde for NRK. Dette skulle drøftast ytterlegare på eit seinare rådsmøte 28. oktober same år.

3.3. Påstått trenering

Som eg har skrivne tidlegare, vedtok Norsk språkråd eit forslag til ei mellombels liberalisering av rettskrivingsreglane i bokmål, som skulle gjelde retting av grunnskuleelevantes skriftlege arbeid. Vedtaket i særutvalet, som hadde vorte sett ned for å utarbeide eit slikt forslag, vart altså fatta allereie 8. mai 1972. Styret i Norsk språkråd aksepterte forslaget ganske straks og sende det over til Kyrkje- og undervisningsdepartementet 7. juni (Rambø, 1999: 56). Behandlingsprosessen i departementet skulle derimot vise seg å ta mykje lengre tid enn forventa, og det vakte negative reaksjonar i riksmålsleiren. Ikkje før i april 1973 trod liberaliseringsvedtaket i kraft – nesten eitt år etter at forslaget hadde vorte vedteke i Norsk språkråd (ibid: 57). I ein Aftenposten-artikkel som kom på trykk 8. desember 1972, vart det retta harde skyts mot Kyrkje- og undervisningsdepartementets tilsynelatande trenering av saka. Høgre-representant og framtidig formann i kyrkje- og undervisningskomitéen Lars Roar Langslet hadde nøyaktig éin månad tidlegare, 8. november 1972, stilt Stortinget spørsmålet om kvifor det ikkje hadde vorte sendt ut orienteringsskriv om den mellombelse liberaliseringsordninga allereie før skuleåret byrja i august. Responsen han vart møtt med, var at departementet hadde vurdert det som viktig å drøfte korleis ei slik ordning i tilfelle skulle setjast ut i praksis. Derfor hadde Grunnskolerådet, Gymnasrådet, Lærerdanningsrådet og Yrkesopplæringsrådet for håndverk og industri vorte bedne om å uttale seg om korleis dei såg føre seg at ei slik ordning kunne gjennomførast. Departementet føresette altså at ei tilstrekkeleg fagleg vurdering av den praktiske gjennomføringa måtte liggje til grunn før det kunne ta stilling til innstillinga frå Språkrådet. Langslet hevda at det tvert om burde vere ei kurant sak å gjennomføre ei slik ordning. Det einaste departementet måtte gjere, var å sende ut eit presisert orienteringsskriv til alle skulane, slik at lærarane i neste omgang kunne utarbeide eit eige orienteringsskriv til elevane sine. Han stilte seg særskild kritisk til at forslaget måtte opp til ytterlegare faglege vurderingar, då Norsk språkråd – som Statens fagkunnige og rådgivande språkorgan – allereie hadde trekt sine konklusjonar.

I ein leiarartikkel i Aftenposten 15. desember 1972 var det det same temaet som var gjenstand for omtale. Kyrkje- og undervisningsdepartementet vart nok ein gong kritisert for si manglande vilje og evne til å føre ein effektiv prosedyre i ei sak som vart omtalt som liten og kurant. Liberaliseringsvedtaket vart nemleg kalla «en beskjeden reform», sjølv om det i same vending òg vart anerkjent som eit vedtak med «viktige prinsipielle sider». Aftenposten-redaksjonen sette spørsmålsteikn ved departementets tilsynelatande mistillit overfor Norsk språkråd, sidan det valde å søkje råd hos ei rekkje andre råd i staden for å stole fullt ut på innstillinga. Avslutningsvis i artikkelen kan ein òg spore kritikk retta mot Norsk språkråd, sjølv om rådet umogleg kunne klandrast for sin eigen prosedyre i denne saka. Derimot vart det kritisert for ikkje å følgje opp saka sjølv om det – ifølgje Aftenposten – var openbart at departementet dreiv med trenering.

Tre dagar seinare, 18. desember 1972, kunne ein lese ein lettare aggressiv og lite diplomatisk kronikk skriven av Fredrik Norman, med overskrifta «Riksmålet det eneste alternativ». I kronikken var det ikkje berre Kyrkje- og undervisningsdepartementet som fikk gjennomgå, men òg Norsk språkråd og styresmaktene generelt. Ifølgje Norman var ikkje Norsk språkråd vesensforskjellig frå føreløparen sin, Norsk språknemnd, trass i at både Riksmålsforbundet og Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur hadde late seg representere. Han peika på at Norsk språkråd i likskap med føreløparen òg var underordna dei politiske styresmaktene, og at veldig mange av dei som tidlegare hadde sete i Språknemnda og arbeidde for tilnærming mellom målformene, òg var vortne inkluderte i det nye rådet. Mellom anna på grunn av departementets stadige utsetjing av å setje liberaliseringsvedtaket ut i livet, vart styresmaktene kritiserte for å vere falske. Det vart referert til utsegner frå Arbeiderpartiets, Senterpartiets og Høgres representantar på Riksmålsforbundets landsmøte i 1969 for å underbyggje påstanden om at det ikkje var korrespondanse mellom teori og praksis i den offisielle språkpolitikken. Alle dei nemnde stortingsrepresentantane som uttalte seg om språksaka på dette møtet, skal ifølgje Norman ha gitt riksmålsrørsla mykje kreditt for sin dediserte kamp for riksmålets interesser, i tillegg til at dei skal ha lovd ei språkpolitisk kursendring som om ikkje så lenge ville sikre dei tradisjonelle riksmålsformene ny plass i den offisielle bokmålsnormalen. Men i staden for å syte for at riksmålet vart innført att i skule og statsadministrasjon, så «ga våre myndigheter det nye sprogråd i oppdrag å *flikke* på bokmålet» (mi kursivering), uttrykte han.

Kronikken verkar litt arrogant og udiplomatisk, ettersom riksmålet vart framstilt som totalt overlegent alle andre norske skriftspråkvariantar med «sin naturlige og logisk utviklede form», og følgjeleg vart omtalt som det einaste rette alternativet – noko som overskrifta til

kronikken òg vitnar om. Norman argumenterte for riksmålets rett til offisiell status ved mellom anna å peike på skriftspråkets overleving på tross av at det hadde vorte ført ein riksmålsresistent politikk i langt over tretti år. Dessutan vart normeringsprosedyrane til Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur trekt fram, sidan det er eit fagkunnig og politisk uavhengig organ som registrerer den faktiske språkutviklinga og normerer skriftspråket deretter. Det offisielle bokmålet vart tvert om omtalt som eit kunstig språk – eit «surrogat», som Norman valde å kalle det – og ein hån mot riksmålet. Arnulf Øverland, tidlegare formann i Riksmålsforbundet, vart sitert for å underbyggje påstanden om at eit språk ikkje kan konstruerast, men at det er nøydd til nær sagt å vekse fram organisk:

Et levende sprog kan ikke lages. Det skaper seg selv. Det vil si at det skapes av alle som bruker det. Det skapes mens vi taler, mens vi tenker, mens vi skriver. Og det ødelegges mens vi sitter i komité. Sprogutviklingen er en naturlig prosess. Den lar seg hverken hindre eller påskynde.

3.4. Misnøye med Norsk språkråds arbeid – striden vert skjerp

Onsdag 14. februar 1973 kunne ein i Aftenposten lese eit intervju med Høgre-representant og nestformann i kyrkje- og undervisningskomitéen, Lars Roar Langslet, der han kritiserte Norsk språkråd for ikkje å følgje dei retningslinene som Stortinget hadde definert. Intensjonen bak opprettinga av Norsk språkråd var at det skulle fungere som ei permanent forlenging av Vogt-komitéen, og at rådet følgeleg skulle verke i same ånd som denne – altså arbeide aktivt for forsoning mellom språkleirane. I praksis er det krefter internt i Norsk språkråd som bevisst arbeider mot desse intensjonane, uttalte Langslet. På spørsmål om kva konkret som får han til å trekkje slike slutningar, peika Langslet mellom anna på reglane for språkbruk i statskanalen. Han meinte at Norsk språkråd hadde gått inn for ei langt meir restriktiv line når det gjaldt normering av språkbruken i NRK, enn det Stortinget hadde intendert. I tillegg peika han òg på retningslinene for språkbruken i offentleg forvalting, som ifølgje eit nytt lovforslag forma av Kyrkje- og undervisningsdepartementet skulle utvidast til å omfatte alle som hadde korrespondanse eller anna skriftleg utforming som ein del av tenesta. Ved å utvide målbrukslovens verkeområde skulle ein syte for ei språkleg innstramming i det offentlege rom. I ein kort Aftenposten-artikkel frå 2. november 1973 kunne ein lese at riksmålsforeiningane i dei fire Østfold-byane hadde bede Kyrkje- og

undervisningsdepartementet om å forkaste det planlagde lovforslaget, fordi det ville stimulere til ytterlegare strid, meinte dei.

Vidare i intervjuet nemnde Langslet eit tredje teikn på at Norsk språkråd ikkje opererte i beste Vogt-komité-ånd. Ifølgje Langslet var det sterke krefter i rådet som ynskte å avskaffe loven som slo fast at det var foreldra som til kvar tid skulle velje kva språkform som skulle vere hovudmålet til skulebarna deira. I staden for ei slik ordning – som for øvrig hadde vorte vedteke av Stortinget berre fire år tidlegare – vil representantar i Språkrådet innføre avstemmingar med allmenn deltaking, der fleirtalsavgjerder vert bindande, hevda han.

På bakgrunn av denne påståtte manglande korrespondansen mellom Språkrådets mandat og dets verksemd i praksis stilte intervjuaren spørsmål ved Stortingets ansvar om å uttrykke seg klart nok. Langslet hevda at det ikkje var Stortinget som hadde vore vage i formuleringane, men at det tvert om var rådsrepresentantane som bevisst valde å sjå bort frå det Stortinget hadde gitt uttrykk for. Då samnorskpolitikken framleis var offisiell språkpolitikk i Noreg, var desse folka ikkje seine om å referere til Stortingets formuleringar for å underbygge argumenta sine. No som Stortinget derimot har skifta kurs til fordel for ein langt meir liberal og tolerant språkpolitikk, vart det plutsleg slutt på desse referansane, uttalte Langslet.

Fredrik Norman heldt fram der Langslet avslutta, i Aftenposten-kronikken sin ti dagar seinare, 24. februar 1973. Han stilte seg særskilt skeptisk overfor Norsk språkråds verksemd, som han òg meinte ikkje stemte overeins med rådets føremålsparagraf, definert av Stortinget. Den openbare årsaka til dette, ifølgje Norman, var at Språkrådets samansetnad var påfallande lik samansetnaden i Norsk språknemnd, slik at Noregs rådgivande språkorgan med andre ord framleis var dominert av folk med samnorsksympatiar. Ein måtte ikkje sjå seg blind på at både Riksmålsforbundet og Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur var representerte i rådet, sidan fleirtalet likevel var riksmålsmotstandarar, meinte han. Dessutan hadde ikkje fagnemnda i rådet riksmålsrepresentantar – verken i inneverande år eller året før. Den tryggjande tanken om at riksmålets interesser vert tekne vare på berre ved at nokre riksmålsfolk let seg representere, er altså berre ein illusjon, hevda Norman. Han sette spørsmålsteikn ved kvifor det skulle ta så lang tid før ein kunne registrere noko som helst konkret resultat av Språkrådets verksemd – eit drygt år etter at det trod i kraft. Det burde ikkje vere så vanskeleg og tidkrevjande å gi riksmålet offisiell status igjen, om det verkeleg er det som er målet med arbeidet, for språkforma er allereie oppdatert i forhold til den reelle

språkbruken og skal såleis vere tilfredsstillande for både skule, litteratur, presse og næringsliv, understreka han.

Onsdag 25. april 1973 kom det eit krast innlegg på trykk i Aftenposten med overskrifta «Atter et av disse vasne innrøm». Misnøyen over manglande språkpolitiske resultat i favør av riksmålet synst å vere årsaka til dette krasse innlegget. Liberaliseringsvedtaket, som omsider trod i kraft i byrjinga av april 1973, vart omtalt som det einaste framsteget sidan Stortingets behandling av Vogt-komitéens innstilling. Og dette framsteget vart dessutan sett på som særskildt beskjedent, i og med at liberaliseringa berre gjaldt i grunnskulen, og at dei riksmålsformene som den omfatta, likevel skulle reknast som avvik frå den offisielle rettskrivinga, sjølv om elevane var frie til å nytte seg av dei.

Riksmålets robuste overlevingsevne trass i ein langvarig riksmålsfiendtleg språkpolitikk vart nok ein gong trekt fram som eit avgjerande poeng. Skribenten valde å trekkje parallellar mellom både nazi-okkupasjonane under krigen og Romerrikets forfølgning av kristne, og norske styresmaktens behandling av riksmålet og dets tilhengjarar. Felles for alle desse makthavarane er at dei møtte ei ukuelig folkevilje som aldri gav opp å gjere motstand, meinte vedkommande. Den restriktive språkpolitikken vart òg samanlikna med norske styresmaktens forsøk på å redusere alkoholforbruket blant nordmenn ved å innføre urimelege og lite føremålstenlege restriksjonar. Tiltaka verka berre mot sin hensikt ved at omfanget av heimebrent gikk i vêret, noko som i neste omgang sytte for eit endå større totalforbruk enn tidlegare. Dess strengare og meir urimelege restriksjonane vert, dess større vert motstanden, kan ein vel seie.

Fredrik Norman etterlyste på nytt språkpolitiske resultat til fordel for riksmålet i ein Aftenposten-kronikk med overskrifta «Vår flau sprogssituasjon». Denne kom på trykk 10. oktober 1973. Han innleidde kronikken med eit sitat frå ein redaksjonell artikkel i Riksmålsbevegelsens avis, Frisprog, som gav uttrykk for ein enorm frustrasjon over den påståtte overrepresentasjonen av målfolk, byråkratiske skulefolk og samnorskfolk i Norsk språkråd. Nok ein gong vart Språkrådet skulda for å arbeide mot sitt eige mandat, og at det kunne la seg gjere nettopp i kraft av at riksmålsforkjemparane var underrepresenterte. Artikkelen som det aktuelle sitatet er henta frå, er skriven av ein av medlemmene av Norsk språkråd på det tidspunktet, og som altså òg var ein av redaktørane i Frisprog.

Vidare i kronikken nytta Norman mykje plass til ein krass gjennomgang av dei siste 35 åra av Noregs språkhistorie for å underbyggje og presisere riksmålsfolkets rett til å vere arge og

frustrerte. Det som er verdt å merke seg, er Normans bruk av omgrepet «tvangslinje» som karakteristikk på den offisielle språkpolitikken dei siste 35 åra – eit omgrep som i det heile var særst gjennomgåande i språkdebatten i denne tida. Omgrepet «tvangslinje» står såleis i kontrast til eit anna sentralt omgrep i språkdebatten i denne tida, nemleg «liberalisering» (derav omgrepet «liberaliseringsvedtak»). Tydingane av desse to omgrepa i denne konteksten er likevel ikkje gitte. Det er ikkje ei sjølvfølgje at omgrepet «tvangslinje» skal representere ein språkpolitikk som held mange levande riksmålsformer utanfor den offisielle skriftnormalen. Det er heller ikkje gitt at omgrepet «liberalisering» skal ha tydinga «å ta inn att riksmålsformer i den offisielle skriftnormalen». Som Gro-Renée Rambø peikar på, så var det jo nett desse riksmålstilhengarane som i si tid kjempa ein dedisert kamp for å halde *folkemålsformene* utanfor den offisielle bokmålsnormalen. Den gongen opererte dei ikkje verken med omgrepet «tvangslinje» eller «liberalisering», nettopp fordi dei sjølve – jamfør deira eigne definisjonar på desse omgrepa – i realiteten kjempa *for* ei «tvangslinje» og *mot* ei «liberalisering». Såleis kan ein seie at riksmålsforkjemparanes bruk av desse omgrepa seinare i språkstriden er ganske paradoksal, og at det vitnar om at dei har arbeidd målbevisst for å få slike paradoksale omgrep til å tene deira sak (Rambø, 1999: 57).

At Norsk språkråd berre var ei forlenging av Norsk språknemnd og ikkje ei forlenging av Vogt-komiteén slik som hensikta var, vart nok ein gong påstått og presisert i denne kronikken. Språkrådet vart mellom anna skulda for å vere altfor konsentrerte om nynorsken og dens ve og vel, trass i at målingar i regi av mellom anna Statistisk Sentralbyrå viste at berre kring ein tiendedel av det norske folket sokna til denne skriftforma. Norman antyda mellom anna at sidemålsstilen i skulen var ei ordning som berre tente nynorsken, og at det var endå eit produkt av ein uforståeleg og upedagogisk språkpolitikk.

Ei veke seinare, 17. oktober 1973, kunne ein lese eit motinnlegg til Normans kronikk, skrive av dåverande formann i Landslaget for språklig samling, Ivar Hundvin. Innlegget vitnar om at Aftenpostens framstilling av språksaka var litt meir nyansert enn berre å omfatte omtale og argument som stødde opp om riksmålets sak. Hundvin responderte på Normans uttrykte misnøye med Norsk språkråds påståtte skeive samansetnad ved å peike på riksmålets udiskutable gode representasjon i styret. To av tre representantar frå bokmålsseksjonen var representantar frå riksmålsfraksjonen, og det kan vel ikkje reknast som noko anna enn solid dekning. Norman vart skulda for å forvente at rådet skulle vere dominert av riksmålsfolk – i den forstand at dei skulle ha fleirtal i rådet. Dette trur eg derimot er ei noko urimeleg skuldning, fortrinnsvis fordi det vel seier seg sjølv at ein enkelt fraksjon ikkje kan ha fleirtal i

eit slikt råd. Liberaliseringsvedtaket vart trekt fram som eit prov på at Norsk språkråds arbeid faktisk hadde gitt handfaste resultat i favør av riksmålet, noko som vel heller ikkje er urimeleg å hevde. Dessutan kan vel eit slikt vedtak tolkast i retning av at det i alle høve fanst ei vilje til å vurdere om ein skulle ta inn att riksmålsformer i normalen.

Hundvin meinte altså at i den utstrekning Norsk språkråd i sin heilskap motarbeidde riksmålsfraksjonen, så var ikkje det ein konsekvens av at riksmålet var underrepresentert, men derimot at argumenta som riksmålsrepresentantane opererte med, rett og slett ikkje var gode nok. I likskap med Rambø sette han òg spørsmålsteikn ved Norman og dei øvrige riksmålstilhengaranes hyppige bruk av omgrepa «tvang» og «tvangslinje» for å karakterisere ein språkpolitikk som har utelate mange vitale riksmålsord og -former. Han reagerte mellom anna på Normans retorikk då han uttalte at det «hersker «sproglig tvang» i skole og offentlig administrasjon», sidan det ikkje ville vore mindre tvang involvert om det hadde vore den uoffisielle riksmålsnormalen som hadde vore rettesnor i skule og offentlig administrasjon. Dessutan har jo skulebarna fått mykje større skriftleg fridom i kraft av liberaliseringsvedtaket, la Hundvin til. I dette høvet var det altså ikkje fyrst og fremst påstanden i seg sjølv Hundvin reagerte på – sjølv om han ikkje var heilt samd i den heller – men derimot *retorikken* til Norman. For denne omgrepsbruken er jo – som eg òg har hevda tidlegare – ganske paradoksal, historia teke i betraktning. Hundvin meinte at riksmålsfolket burde feie føre si eiga dør før dei kritiserer styresmaktene for å praktisere ei språkleg tvangslinje som hindrar ei naturleg språkutvikling. Her sikta han òg til den språklege korrekturen som han meinte mange private aviseigarar praktiserte sjølv på innlegg og manuskript som var sende inn. «Naturleg språkutvikling» var eit sentralt uttrykk i argumentasjonen til riksmålsympatisørane på 1970-talet, ettersom det representerte ein motpol til det dei betrakta som eit produkt av språkkonstruksjon, nemleg bokmålet. Det Hundvin meinte, var vel at riksmålsavisene motarbeidde sin eigen argumentasjon i språksaka ved å «rette» til dømes lesarinnlegg som var skrivne på moderat eller radikalt bokmål – eller nynorsk, for den saks skuld. Det som er verdt å merke seg, er at Aftenposten ikkje hadde «retta» Hundvins innlegg som var skriva på moderat bokmål.

Eit nytt motinnlegg kom på trykk ni dagar seinare, fredag 26. oktober 1973 – denne gongen eit svar til Hundvins innlegg, skriva av Eva Bellsund Lombnæs. Ho opna innlegget med å hevde at fleire av Hundvins utsegner var direkte misvisande. Mellom anna vart han kritisert for ikkje å nemne at styret i Norsk språkråd med to riksmålsrepresentantar berre var *årets* styre, sidan det vart valt nye styremedlemmer kvart år. Dessutan fikk han tyn for ikkje å gjere

oppmerksom på at styret besto av totalt seks representantar – inkludert tre frå nynorskseksjonen. Den sistnemnde kritikken synst eg ikkje er på sin plass i det heile teke, ettersom det burde vere openbart for alle som er det minste engasjerte i språksaka, at baa seksjonar skal vere likt representerte i styret. Det som er endaa meir openbart, er at riksmålsrepresentantar sjølv sagt ikkje kunne representere nynorskseksjonen. Derfor kan ikkje eg skjone anna enn at riksmålet var godt representert i styret i Norsk språkråd i 1973.

Bellsund Lombnæs forsøkte òg å tilbakevise Hundvins påstand om at totalt seks riksmålsrepresentantar i rådet er god dekning. Eg kan vere samd i at det ikkje utgjer ein *heilt* adekvat representasjon, men hadde det berre vore éin riksmålsrepresentant til i rådet, så hadde dei utgjort akkurat ein tredjedel av bokmålsseksjonen, noko som vel kan betraktast som rimeleg.

«Tvang»-omgrepet vart òg drøfta i Bellsund Lombnæs' innlegg, og Hundvin vart skulda for å vere dobbeltmoralistisk i og med sin kritikk av riksmålsforkjemparanes bruk av omgrepet. Ifølgje henne forsøkte Hundvin i sin argumentasjon å legitimere offentleg tvang, medan han samstundes forsøkte å sverte *privat* tvang (jamfør riksmålsavisenes påstaa «retting» av innsende tekstar som ikkje allereie var skrivne på korrekt riksmål). Slik eg ser det, er ikkje denne kritikken heilt rettferdig, sidan oppfatninga mi er at det ikkje var påstanden i seg sjølv om offentleg språkleg tvang Hundvin kritiserte, men snarare retorikken som påstanden vart presentert med. Han gav tvert om eksplisitt uttrykk for at han langt på veg kunne vere samd i ein slik påstand. Når det er sagt, så kan ein jo sette spørsmålsteikn ved Hundvins kritikk av private aviseigarars fastsette retningsliner for språkbruk. Det er vel ikkje rimeleg at ei privat avis skal klandrast for å ha nøye definerte og prinsipielle retningsliner for språkbruken – uansett eventuelle språkpolitiske sympatiar. Dessutan kan jo bakgrunnen for slike retningsliner like gjerne vere praktiske motiv som språkpolitiske.

3.5. Store samarbeidsvanskar i Norsk språkråd – fare for sprenging

Norsk språkråd hadde omsider nedsett eit eige særutval til å behandle det omstridde rettskrivingsspørsmålet, og utvalet hadde sitt fyrste møte 2. november 1973. Særutvalet hadde likevel ikkje noko fast mandat utover at det skulle *vurdere* bokmålsrettskrivinga og ein *eventuell* revisjon av den. Ved nedsetjinga av Særutvalet var det altså ikkje avgjort at det skulle skje ei liberalisering av bokmålsnormalen i den forstand at riksmålsord og -former

skulle verte tekne inn att. Men i praksis vart det likevel lagt opp til eit arbeid som skulle ta sikte på ein revisjon av normalen i form av auka valfridom. Spørsmålet dreidde seg snarare om i kva retning og kva utstrekning normalen skulle utvidast. Medlemmene av rådet hadde nemleg allereie forut for det fyrste møtet i Særutvalet vorte oppmoda til å sende inn forslag til utviding av bokmålsrettskrivinga. Særutvalet var altså i utgangspunktet like ope for forslag om radikale utvidingar som forslag om innlemming av riksmålsord og -former som på dette tidspunktet var utestengde (Rambø, 1999: 65).

Samarbeidet i Særutvalet skulle vise seg å gå sær trått, og 14. mars 1974 heldt dåverande Høgre-representant og formann i kyrkje- og undervisningskomitéen, Lars Roar Langslet, eit føredrag på årsmøtet i Oslo Riksmålsforening der han tok opp det dårlege samarbeidet i Norsk språkråd i sin heilskap. Dagen etter, fredag 15. mars 1974, kunne ein lese om dette i Aftenposten. Langslet skulda nok ein gong Norsk språkråd for ikkje å rette seg etter dei retningslinene som Stortinget hadde trekt opp, og gav tydeleg uttrykk for at konsekvensane av det kunne verte ei «sprenging» av rådet – altså at riksmålsrepresentantane ville velje å trekkje seg ut. «Norsk Språkråd er ikke blitt det organ for språkpolitisk sanering og samarbeid som hensikten var», uttalte han og peika på at liberaliseringsvedtaket var det einaste konkrete resultatet av rådets arbeid som korresponderte med Vogt-komitéen og Stortingets intensjonar. Elles har ikkje rådets arbeid på langt nær vore tilfredsstillande, meinte han og trekte fram rådets restriktive standpunkt i saker som omhandla retningsliner for språkbruken i NRK og offentleg teneste, og i saka om språkavstemmingsreglane i grunnskulen, som eg har omtalt tidlegare. Han var især kritisk til at Språkrådet hadde gått inn for normering av den munnlege språkbruken i NRK, noko både Vogt-komitéen og Stortinget hadde stilt seg veldig skeptiske til. Arbeidet i Særutvalet vart ikkje eksplisitt omtalt i Aftenposten-artikkelen, men det er sær nærliggjande å tru at riksmålsfraksjonen i utvalet heller ikkje hadde så gode arbeidsvilkår om ein skal tru Langslets karakteristikk av Norsk språkråd i sin heilskap.

Noko av bakgrunnen for den uttrykte faren for at Norsk språkråd kunne verte sprengt, var eit vedtak som vart fatta i Riksmålsforbundet i 1966. Vedtaket vart fatta i samanheng med drøftinga av ein eventuell representasjon i det då framtidige språkrådet. I vedtaket heitte det at forbundet ville måtte vurdere å trekkje tilbake representantane sine om rådet eller styresmaktene ikkje ville akseptere ei innlemming av dei tradisjonelle riksmålsformene i den offisielle normalen. Det er noko paradoksalt over eit slikt ultimatum, sidan det vel kan betraktast som eit forsøk frå Riksmålsforbundets side på å fastsetje eit bunde mandat for Norsk språkråd – noko dei i ei årrekkje hadde kritisert Norsk språknemnd for å ha (Rambø,

1999: 74). Dei syntest altså ikkje å ha noko problem med eit bunde mandat så lenge det var til fordel for riksmålet. Akkurat dét er vel for så vidt sjølv sagt, men ein må ikkje gløyme at det var dei sjølve som formulerte eit så bastant «mandat».

Dåverande formann i Riksmålsforbundet og styremedlem i Norsk språkråd, professor Aksel Lydersen, støtta Langslets utsegner i eit føredrag på årsmøtet i Moss riksmålsforening 4. april 1974. Same dag kunne ein lese om dette føredraget i Aftenpostens kveldsutgåve. Arbeidet i det nye rådet byrja friskt og gav stor grunn til optimisme med omsyn til å få ei snarleg og endeleg avslutning på språkstriden, men i seinare tid har rådet teke ei rekkje standpunkt som ikkje samsvarer med Vogt-komitéen og Stortingets intensjonar, uttalte Lydersen i føredraget. I likskap med Langslet peika han på rådets standpunkt i saker som gjaldt språkbruken i NRK og offentleg teneste. Det er ein overhengande fare for at riksmålsrepresentantane i løpet av kort tid kjem til å forlate Norsk språkråd i protest, uttrykte han, og viss det skjer, vil Riksmålsforbundet igjen verte ein kamporganisasjon for å verne om riksmålet. Årsmøtet i Moss riksmålsforening gav ifølgje Aftenposten si fulle tilslutning til å trekkje seg ut av Norsk språkråd.

Det andre møtet i Særutvalet fann stad 29. april 1974. På grunnlag av dei forskjellige synspunkta som kom til uttrykk på dette møtet, var det openbart at utvalet var delt i tre ulike fraksjonar – med to av fraksjonane ståande veldig steilt mot einannan.

Riksmålsrepresentantane som satt i utvalet, professor Carl Hjalmar Borgstrøm og Margrete Aamot Øverland, utgjorde ein naturleg fraksjon. Dei heldt fast ved at ord- og bøyingsformer som både hadde tradisjon i skriftspråket og var levande i litteratur og tale, måtte verte tekne inn att i den offisielle normalen. Samstundes gav fru Øverland òg uttrykk for at det ikkje var aktuelt å gi opp den uoffisielle riksmålsnormalen sjølv om dei skulle få *alle* krava sine oppfylt (Rambø, 1999: 82). Formannen i Særutvalet, Eyvind Fjeld Halvorsen, og Trygve Bull utgjorde i større eller mindre grad den moderate fraksjonen. Fyrstnemnde var open for ei vesentleg liberalisering både i radikal og konservativ retning, medan Bull var litt meir skeptisk til ei stor utviding av normalen. Likevel var han villig til å støtte ei viss moderering av hokjønnsreglane, men berre dersom riksmålsrepresentantane gikk med på å gi slepp på den uoffisielle normalen deira. Viss ikkje, ville han gå inn for status quo i rettskrivingsspørsmålet. Den siste fraksjonen, beståande av Finn-Erik Vinje, Egil Pettersen og Leif Roksdal, gikk i all hovudsak inn for status quo. Dei var med andre ord berre opne for små justeringar av dei gjeldande reglane – fortrinnsvis for å gjere dei meir konsekvente (ibid: 83).

På bakgrunn av dei synspunkta som vart fremja på det andre møtet i Særutvalet, er det ikkje så vanskeleg å tenkje seg at arbeidet var litt fastlåst allereie på dette tidspunktet. Men sjølv om verken Vinje, Bull, Roksund eller Pettersen var opne for dei heilt store endringane innanfor hokjønnskategorien, så vil eg påstå at det var *riksmålsfraksjonen*, beståande av Borgstrøm og fru Øverland, som hadde dei strengaste krava, og som var minst opne for kompromissløyser. Det som likevel bør understrekast, er at riksmålsfraksjonen berre kravde å få valfridomen *utvida* ved at fullt levande riksmålsformer vart tekne inn i den offisielle normalen igjen. Dei kravde altså ikkje at andre former skulle verte *forbodne*, men berre at deira eigne former skulle verte *tillatne*. Dette var eit hyppig nytta argument i språkdebatten i 1970-åra.

Fredag 4. oktober 1974 kunne ein lese eit innlegg i Aftenposten med overskrifta «Riksmålets skjebnetime», skrive av Høgre-politikar Jan Willoch. I innlegget gav Willoch uttrykk for sterk pessimisme med omsyn til den nye bokmålsreforma som var under utarbeiding i Særutvalet. «Toneangivende medlemmer av komiteen [Særutvalet] har offentlig uttalt at den nye rettskrivning bare vil inneholde små forandringar fra den gjeldende», uttrykte han. Denne utsegna er vel rimeleg nok, sidan Vinje, Bull, Roksund og Pettersen berre var villige til å støtte mindre justeringar av hokjønnskategorien. Vidare i innlegget viste Willoch til den språkpolitiske kursendinga som hadde byrja allereie seint i 1963, då dåverande kyrkje- og undervisningsminister Helge Sivertsen hadde teke initiativ til opprettinga av Vogt-komitéen. Sjølv etter at både Vogt-komitéen, Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Stortinget har konkludert med at den uretten som riksmålet har vorte utsett for, må gjerast god igjen, kan ein likevel ende opp med eit bokmål som berre er vorte flikka på, uttalte han. Avslutningsvis presiserte han riksmålsrørslas line i språksaka, nemleg at «[a]lle levende, men forbudte ord og former må bli del av den nye rettskrivning. Så får sprogsnekkerne heller få med alle de håpløse knoteformene de vil».

Ti dagar seinare, måndag 14. oktober 1974, kunne ein i Aftenposten lese om eit leiarseminar som hadde vorte arrangert av Riksmålsforbundet den helga. Det store temaet for seminaret var nærliggjande nok arbeidet med den framtidige bokmålsreforma i Norsk språkråd. Eyvind Fjeld Halvorsen, Trygve Bull og generalsekretær i Noregs Mållag, Jarle Varpe, hadde vorte inviterte til å bidra med debattinnlegg. Varpe skisserte ein skjerpa offensiv frå Noregs Mållag i innlegget sitt. Mållaget var inne i ein ekspansjonsperiode, ifølgje han, og hadde vunne auka oppslutning den seinare tida. Han uttalte til og med at Noregs Mållag hadde sett seg mål om å gjere nynorsk til det einaste riksmålet i Noreg. Derfor var det ikkje utenkjeleg at

nynorskrepresentantane i Norsk språkråd ville krevje å få eit ord med i laget når den nye bokmålsrettskrivinga skulle utarbeidast. Kravet om at slike spørsmål skulle avgjerast i samla råd vart naturleg nok ikkje teke godt imot av forsamlinga – især fordi nynorskseksjonen hadde like mange representantar som bokmålsseksjonen (21), trass i å representere ei minoritetsmålforn.

Fru Øverland og forleggjar Henrik Groth hadde i forkant av innlegget til Varpe gitt kraftig uttrykk for misnøye overfor Norsk språkråd, som dei ikkje meinte opererte slik intensjonen var. Dei drøfta òg riksmålsrørslas behov for å gjere ei strategiendring i språkstriden, ettersom målet hadde vist seg å vere fjernare enn det dei fyrst hadde teke høgde for. Trygve Bull illustrerte på sett og vis dette ved å hevde at riksmålsrørsla måtte vere villig til å gi slepp på nokre få faneord for at det i det heile teke skulle vere mogleg å få gjennomslag for dei krava dei kjempa for i sjølve formverket. Allereie på det fyrste møtet i Særutvalet hadde nemleg Bull, som den politiske taktikaren han var, tilbydd riksmålsfraksjonen si støtte viss dei berre var villige til å gi opp nokre få faneord. Som eg har skrive tidlegare, var han i tillegg veldig klar på at riksmålsrørsla måtte gi slepp på den uoffisielle riksmålsnormalen dersom han i det heile teke skulle vere villig til å støtte ein revisjon av rettskrivingsreglane. Men ingen av riksmålsorganisasjonane hadde eingong vore interesserte i å diskutere dette tilbodet, noko som igjen vitnar om kor kompromisslause dei var på dette tidspunktet (Rambø, 1999: 83).

På bakgrunn av dette kan det verke som om riksmålsforkjemparane vurderte det som heilt sjølvstøtt at dei skulle få gjennomslag for *alle* krava sine. Viss dét hadde vore tilfelle, hadde det i realiteten ikkje vore nokon grunn til å behandle saka i eit eige språkorgan. I så fall kunne Stortinget berre fatta eit vedtak utan noko meir saksbehandling. Riksmålsrørsla refererte stadig til Vogt-komitéens og Stortingets innstillingar når saksbehandlinga i Norsk språkråd ikkje gikk i den retninga dei ynskte. Men viss desse innstillingane hadde inneheldt heilt nøyaktige retningsliner for korleis Norsk språkråd skulle operere, så hadde det ikkje vore noko poeng med eit språkråd i fyrste omgang.

3.5.1. Særutvalets innstilling

Særutvalet la fram si innstilling om revisjon av bokmålsrettskrivinga på møtet i Norsk språkråd 11. oktober 1975. Sidan standpunkta i utvalet sprika mykje, og det var generelt liten vilje til å inngå kompromiss, valde dei å presentere ei innstilling bestående av fleire

alternative løysingar. Kvar fraksjon la fram sine respektive forslag kvar for seg (Rambø, 1999: 94). Læreboknormalen var eit av dei temaa som vart gjenstand for mykje debatt på dei siste møta i Særutvalet fram mot møtet i Norsk språkråd i oktober 1975. Det vart mellom anna diskutert om ei eventuell utviding av bokmålsnormalen berre skulle omfatte den vidare rettskrivinga, eller om den skulle gjelde læreboknormalen òg. I tillegg vart læreboknormalens bruksområde debattert. Det var nærliggjande at ein trong læreboknormal skulle få eit snevert bruksområde, medan ein liberal læreboknormal skulle få eit breitt bruksområde (ibid: 90).

Måndag 13. oktober 1975, to dagar etter at Særutvalet hadde lagt fram innstillinga si, kunne ein lese om dette i Aftenposten. Ein kunne lese at riksmålsrepresentantane i rådet hadde vore på randen av å trekkje seg ut, men at kompromissforslaget til Fjeld Halvorsen hadde sytt for at det framleis var håp om eit samarbeid. Den endelege avstemminga over dei forskjellige forslaga som vart fremja frå dei ulike fraksjonane, skulle etter planen ikkje finne stad før på årsmøtet i Norsk språkråd i januar 1976, så det var framleis ingenting som var avgjort. Avstemmingane på møtet 11. oktober skulle altså berre vere rettleiande. Forholdet mellom rettskriving og læreboknormal var eit av dei stridsspørsmåla som hadde vorte diskutert mest på dette møtet. Trygve Bull uttalte at det ville vere sær s uheldig om ein gav slepp på ein trong læreboknormal, sidan det ville føre til at ein fikk parallellutgåver av lærebøker – nokre riksmålsprega og nokre langt meir radikale. Høgre-politikar og medlem av Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur Elisabeth Schweigaard Selmer var av ei heilt anna oppfatning. Ifølgje henne var det «besynderlig» at ein skulle ha éin normal som berre gjaldt for lærebokforfattarar og eventuelt folk i offentleg teneste og NRK, og éin normal for alle andre. «I virkeligheten betyr dette bare at barna ikke får feil når de bruker disse aktuelle former, alle andre kan jo skrive hva de vil», skal ho ha uttalt.

Eit anna tema som var gjenstand for mykje debatt på dette møtet, var hokjønnsbøyinga. Vinje, Pettersen og Roksund hadde i all hovudsak presentert eit status quo-forslag, medan Fjeld Halvorsen hadde utarbeidd eit fullverdig utkast til nye rettskrivings- og lærebokreglar for hokjønnsbøyinga og inkjekjønn fleirtal. Det var altså dette forslaget som gav riksmålsrepresentantane nytt håp om framtidig samarbeid. Fjeld Halvorsen hadde uttalt på dette møtet at poenget med ein læreboknormal måtte vere å kunne tilby folk som ber om råd om korleis dei skal skrive, ei slags «midt på treet»-løysing. Grunnen til at læreboknormalen har vorte valt bort som rettesnor for språkbruken i offentleg teneste og NRK, kan vere at den rett og slett ikkje har vore attraktiv nok, uttalte han vidare.

Etter planen skulle altså dei endelege avstemmingane over dei forskjellige forslaga finne stad på årsmøtet i Norsk språkråd 30.-31. januar 1976. Avstemmingane vart gjort, men det einaste som vart avklart i løpet av årsmøtet, var at det var fleirtal for å innlemme liberaliseringsvedtaket om hokjønn i rettskrivinga, i tillegg til at det var fleirtal for ei liberalisering av reglane for inkjekjønn fleirtal. Det vart likevel ikkje fatta noko endeleg vedtak om dette. Alle dei andre rettskrivings- og læreboknormalsspørsmåla – inkludert spørsmålet om læreboknormalens bruksområde – måtte opp til ny vurdering i bokmålsseksjonen etter ytterlegare behandling i Særutvalet (Rambø, 1999: 115, 116). Det største stridsspørsmålet på årsmøtet var – som på møtet 11. oktober 1975 – læreboknormalen og dens bruksområde. Laurdag 31. januar 1976 kunne ein i Aftenposten lese om den fyrste dagen av årsmøtet i Norsk språkråd, og artikkelen kan avsløre at debatten på møtet var særskilt heit. Synspunkta stod så steilt mot einannan at dei to representantane frå Landslaget for språklig samling, Ivar Grotnæss og Magne Aksnes, fremja eit forslag om å utsetje behandlinga av rettskrivingsendringane. Dette forslaget vart likevel avvist kategorisk frå alle dei andre i rådet. Behandlinga av spørsmålet om læreboknormalens bruksområde vart derimot utsett. Før vedtaket om utsetjing vart fatta, hadde det vore ein lang og heit debatt om læreboknormalen berre skulle gjelde for lærebøker, eller om den òg skulle gjelde som rettesnor for språkbruken i offentleg administrasjon og NRK. Riksmålsfraksjonen stilte seg steilt imot forslaget om at læreboknormalen skulle ha eit vidare bruksområde enn berre å gjelde lærebøker. Som eg har skrivne tidlegare, var dei eigentleg ikkje interesserte i å ha ein læreboknormal i det heile teke. Gorgus Coward, som representerte Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur, gikk så langt som å seie at han ville måtte vurdere sin medlemskap i rådet dersom ein ville gå inn for at læreboknormalen òg skulle gjelde for offentleg teneste og NRK.

Det står klinkende klart for meg [...] at en offentlig tjenestemann må ha anledning til å ordlegge seg på den måte som faller mest naturlig for ham, så sant det er innenfor tillatte sprogformer. Sproglig toleranse er vesentlig for meg når det gjelder mitt fortsatte arbeide i Språkrådet [...]

Skodespelar og formann i Riksmålsforbundet, Knut Wigert, støtta Cowards utspel ved å hevde at riksmålsrepresentantane vart tvinga ut av rådet. «Det er ikke lenger noe grunnlag for debatt her. Vi har sagt vår mening så mange ganger uten å oppnå den ringeste gjenklang», uttalte han. Han etterlyste ei endeleg avklaring på rettskrivingsspørsmålet, og viss den avklaringa kom til å stadfeste at fleirtalet i rådet framleis ikkje ville ta omsyn til deira meiningar, ville dei verte nøydde til å trekkje seg ut.

Trygve Bull tok til motmæle mot Knut Wigerts utsegner ved å hevde at han ved fleire anledningar hadde tilbydd riksmålsfraksjonen visse konsesjonar i bytte mot eit langt smidigare samarbeid. Men riksmålsfraksjonens haldning på årsmøtet vart av Bull oppfatta som så steil, at han betrakta samarbeidsforsøka sine som forgjeves.

Det var ikkje berre reine rettskrivingsspørsmål som vart debattert den fyrste dagen av årsmøtet. Noregs Mållag-representanten Magne Rommetveit la fram eit forslag om å opprette ei konsulentteneste for språkbruken i offentleg administrasjon. Føremålet med denne konsulenttenesta, slik Rommetveit skisserte det, var at den både skulle ha ein *retteiande* funksjon og ein *tilsyns*funksjon. Det var brei semje om at det kunne vere fordelaktig å opprette ei teneste innanfor offentleg administrasjon som kunne gi råd i språklege spørsmål, men det debatten dreidde seg om, var om denne konsulenttenesta òg skulle ha ein *overvakande* funksjon – som eit slags «språkpoliti». Riksmålsrepresentanten Elisabeth Schweigaard Selmer var blant dei som reagerte med stor skepsis på dette, især fordi det, ifølgje henne, ville reise tvil om ansvarsforholdet internt i Kyrkje- og undervisningsdepartementet, som denne konsulenttenesta skulle vere underordna. Etter mykje debatt vart likevel forslaget vedteke – trass i at alle seks riksmålsrepresentantane stemte imot.

Fyrst på den andre og siste dagen av årsmøtet i Norsk språkråd vart sjølvbehandlinga av rettskrivingsforslaga gjennomført. Vedtaket om at behandlinga av læreboknormalens bruksområde skulle utsetjast, vart dessutan annullert (Rambø, 1999: 115). Aftenpostens framstilling av den siste dagen av årsmøtet kom på trykk måndag 2. februar 1976, med overskrifta «Ingen avklaring om rettskrivning». Overskrifta kan verke litt misvisande, ettersom det altså *vart* avklart kvar fleirtalet i rådet sto hen i spørsmål som dreidde seg om hokjønnsbøyinga og inkjekjønns fleirtal. Det som overskrifta nok meiner å seie, er at det ikkje vart fatta nokre endelege vedtak i desse spørsmåla. Eit spørsmål det ikkje vart noko avklaring på i det heile teke, var læreboknormalens bruksområde. Som Aftenposten-artikkelen uttrykker, var det derimot brei semje om at ein burde halde ved lag læreboknormalen, men på forskjellige vilkår. Medan nokre gikk inn for tilnærma status quo – som til dømes Vinje, Roksund og Pettersen – var andre fast bestemte på at det òg måtte skje ei liberalisering av lærebokreglane. Det gledelege – i alle høve for riksmålsfolket – var at Norsk språkråd, ifølgje Aftenposten, ikkje lenger var i fare for å verte sprengt.

Forøvrig kunne man på tampen av dette siste årsmøtet i Norsk Språkråds første fire-års periode konstatere adskillige gjensidig utstrakte hender, slik at truselen om sprengning av hele Norsk Språkråd er borte.

3.6. Status etter årsmøtet

Sjølv om det altså ikkje vart fatta eit einaste vedtak om den nye bokmålsrettskrivinga på årsmøtet i januar 1976, så vart likevel riksmålsfraksjonen i rådet tilstrekkeleg forvissa om at det var grunnlag for vidare samarbeid. Rådet hadde vore heilt på randen av å verte sprengt, men det hadde vorte unngått i tolvte time. Det hadde sytt for ei viss avspenning i språkstriden, men ikkje meir enn at det framleis var store spenningar mellom leirane. I ein Aftenposten-artikkel som kom på trykk laurdag 7. februar 1976, kunne ein lese at Riksmålsforbundet framleis truga med å trekkje ut representantane sine dersom Norsk språkråd heldt fram med å motsetje seg kravet om full frigjering av alle riksmålsformer innanfor både skule, offentleg administrasjon og NRK. På bakgrunn av dette er det tydeleg at det framleis herska ei veldig kompromisslaus haldning i riksmålsleiren. Heile språksituasjonen i Noreg er prega av forfall, uttalte Riksmålsforbundets råd. Det herskar manglande evne til klar og konsekvent uttrykksform både ved høgare læreinstaltar og i Riksringkastinga, la dei til. Evalueringa deira av dei fire fyrste åra av Norsk språkråds verksemd var dessutan ikkje særleg flatterande. «Resultatet av sprogrådets virksomhet har for riksmålsfolk fortonet seg som en sammenhengende trenering, for ikke å si sabotasje, av disse intensjoner» (Vogt-komiteens og Stortingets intensjonar), heitte det i evalueringa.

Som eg har nemnt tidlegare, var riksmålsforkjemparane på 1970-talet stort sett veldig opptekne av å presisere at dei berre kravde å få levande riksmålsformer innlemma i den offisielle bokmålsnormalen. Dei kravde ikkje at radikale former skulle fjernast, dei kravde berre likestilling. Det ville dessutan vore ein openbar strategisk tabbe å krevje andre ord- og bøyingsformer fjerna når eins eigne var utestengde. Men frå tid til anna kunne ein likevel oppleve sær sudiplomatisk utsegner retta mot dei radikale bokmålsformene. I eit Aftenposten-innlegg som kom på trykk torsdag 5. februar 1976, kunne ein lese om J. Chr. Gundersens noko arrogante syn på det dåverande bokmålet. Ifølgje han var bokmålet ein språkleg «bastard» spekka med kasusfeil, inkonsekvens og «infantil klossethet» adoptert frå folkemålet, som berre folk med «svak sprogsans» tok til takke med. Vidare hevda han at

[s]progfordervelsens bedrøvelige avantgarde består av et løsaktig folkemåls forvekslinger, misforståelser og sjargong, ofte av en tvilsom svensk opprinnelse som for eksempel den unorske flertallsbøyning av adverbier og adverbielle perfectum participier. Det må bare ikke smake av dansk, og det er tragisk.

Liten kunnskap om dei nordgermanske språkas felles røter skulle ifølgje Gundersen vere mykje av grunnen til den sterke uviljen overfor dei tradisjonelle riksmålsformene. Han peika på at oldtidens nordgermanske språk hadde status som likeverdige dialektar av det opphavlege, felles urnordiske språket. På grunn av Danmarks geografiske plassering og homogene topografi fikk det danske språket fordelar som dei andre nordgermanske språka berre kunne drøyme om, og det resulterte i at dansk fikk den mest homogene utviklinga og nådde det høgaste nivået, uttalte han. Ifølgje Gundersen er altså dansk – derav riksmålet – det mest raffinerte språket blant dei nordgermanske språka, og dermed det mest høgverdige. Avslutningsvis i innlegget refererte han til den litterære tradisjonen, som var eit gjennomgåande trekk ved riksmålsfolkets argumentasjon i 1970-åra. Han uttrykte at ein burde «hegne om denne verdifulle sprogav og ikke tillate noen å «bearbeide» f.eks. Henrik Ibsens herlige sprog».

3.6.1. Var Norsk språkråd framleis i fare for å verte sprengt?

Som eg har skrivne tidlegare, konstaterte Aftenposten like etter årsmøtet i Norsk språkråd at rådet ikkje lenger var i fare for å verte sprengt. Men var det eigentleg tilfelle? På årsmøtet hadde det, som sagt, vorte nokre avklaringar med omsyn til hokjønnsbøyinga og fleirtalsbøyinga av inkjekjøn, som hadde vore positive i riksmålsauge. Men eit veldig stort stridsspørsmål, læreboknormalens innhald og bruksområde, var altså framleis uavklart. Det er ikkje så vanskeleg å tenkje seg at dette var eit stort stridsspørsmål, sidan ein restriktiv læreboknormal med vidt bruksområde i praksis ville bety at riksmålsforkjemparane ikkje hadde oppnådd så mykje, sjølv om dei skulle få gjennomslag på *alle* område i den vidare rettskrivinga. I praksis ville det berre bety at elevane vart frie til å nytte dei formene dei sjølve føretrekte – noko som i stor utstrekning allereie var ein realitet – medan både lærebokforfattarar og folk i offentleg teneste og NRK framleis ville vere nøydd til å nytte dei meir radikale formene. I den private sfæren er ein jo uansett fri til å skrive som ein vil. Lars Roar Langslet fastslo i eit føredrag i Oslo Høgre torsdag 11. mars 1976 at Norsk språkråd framleis var i fare for å verte sprengt, og at grunnen til det skulle vere at «en stor gruppe innenfor rådet – antagelig et flertall – ønsker at læreboknormalen skal bli rettesnor for

målbruken i offentlig tjeneste og i Kringkastingen». Dette kunne ein lese i Aftenpostens kveldsutgåve same dagen som føredraget vart halde. På bakgrunn av dette vart Norsk språkråd nok ein gong skulda for ikkje å rette seg etter dei retningslinene som Stortinget hadde definert. Spørsmålet om læreboknormalen skulle omfatte offentlig administrasjon og NRK vart drøfta i Stortinget i 1968, og då hadde Stortinget erklært seg samd i Kyrkje- og undervisningsdepartementets forslag om å la *rettskrivinga* vere rettesnor for språkbruken i det offentlege. Vogt-komitéen hadde dessutan gitt den same tilrådinga i innstillinga si i 1966 (Rambø, 1999: 111, 112). Dette var ifølgje Langslet ein viktig del av den forsoningslina som bana veg for opprettinga av Norsk språkråd. Han refererte til Gorgus Cowards utsegn på årsmøtet i januar 1976 om at han ville måtte vurdere å trekkje seg ut av rådet om det skulle verte vedteke at læreboknormalen òg skulle gjelde for offentlig teneste og NRK. Når det gjaldt læreboknormalens innhald, var Langslet nemleg minst like pessimistisk. Sjølv om læreboknormalen vert revidert, vil den etter alt å døme ikkje få same grad av valfridom som den vidare rettskrivinga har i dag, uttalte han. Den vil i alle høve ikkje verte *meir* romsleg enn det rettskrivinga er i dag, la han til. Dermed ville ein kome i den situasjonen at reglane for språkbruken i offentlig teneste og NRK ville verte minst like restriktive som før – om ikkje endå meir. Målet med Norsk språkråds rettskrivingsarbeid er jo tvert imot å oppnå betydeleg *større* valfridom – nettopp for å fjerne årsakene til unødvendig språkstrid, uttrykte han.

I artikkelen kan ein òg lese at Langslet reagerte sterkt på utsegner på årsmøtet i januar om at Norsk språkråd ikkje var plikta til å ta omsyn til det regjeringa og Stortinget hadde sagt. Tidleg fyrste dag på årsmøtet hadde det mellom anna oppstått ein debatt kring dei *gjeldande* reglane for språkbruken i offentlig teneste og NRK. Det var openbart uklart om det var læreboknormalen eller rettskrivinga som tente som rettesnor. Som eg allereie har skrive, erklærte Stortinget i 1968 at det var rettskrivinga ein skulle halde seg til i det offentlege. Men ettersom eit rundskriv frå 1959 som slo fast at det var *læreboknormalen* som skulle vere rettesnor, ikkje hadde vorte trekt tilbake igjen, var det delte oppfatningar om kva som gjaldt. Trygve Bull meinte mellom anna at Stortingets erklæring frå 1968 ikkje gjaldt lenger, sidan den skreiv seg frå eit tidlegare Storting. Langslet avviste denne påstanden kategorisk ved å hevde at slike erklæringar gjeld inntil Stortinget eventuelt vedtar noko anna (Rambø, 1999: 112). Ifølgje Aftenposten-artikkelen skal han ha illustrert kva for konsekvensar eit slikt konstitusjonelt prinsipp som Bull presenterte, ville generere på andre område. Han peika på Stortingets avgjerd om at NRK måtte ha minst ein fjerdedel av sendingane sine på nynorsk.

Hvis det var slik at uttalelser fra et tidligere storting ikke lenger gjelder, måtte en av konsekvensene bli at Kringkastingen ikke lenger er forpliktet av denne regel, men det er det selvfølgelig ingen som vil hevde.

Avslutningsvis i artikkelen understreka Langslet at representantane i Norsk språkråd sjølvsagt var i sin fulle rett – som alle andre norske borgarar – til å ta avstand frå avgjerder som regjeringa og Stortinget fattar, men at det likevel er forventa at ein tar desse avgjerdene til etterretning – uansett om ein er samd eller ikkje.

Lars Roar Langslet følgde opp det han uttalte i føredraget i Oslo Høgre, i eit føredrag i Norsk Lytterforening 24. mars 1976. Dagen etter, torsdag 25. mars 1976, kunne ein lese om dette føredraget i Aftenposten under overskrifta «Sprog-tilnærmingen en trusel mot vår egenart». I føredraget gikk Langslet til åtak på fleirtalet i Norsk språkråd, som ifølgje han braut med den forsoningslina som både Vogt-komitéen og Stortinget hadde lagt opp til. Han uttalte at Norsk språkråd så vel som Norsk språknemnd, representerte dei største åtaka mot kulturverntanken i vår tid, sidan verksemda deira ville kome til å øydeleggje «den sproglige kontinuitet som er selve livsnerven i vår kulturelle egenart». Heldigvis har riksmålet prova at det er meir enn levedyktig nok, trass i politisk motstand, og det er dét Stortinget på stillferdig måte tok konsekvensen av for seks år sidan, uttrykte han. Då vart tilnærmingspolitikken avblåst, og det vart danna grunnlag for forsoning og samarbeid. Dessverre har mange av medlemmene av den gamle språknemnda ikkje teke Stortingets avgjerder til etterretning og derfor rykka inn i det nye språkrådet og late som om lite eller ingenting har skjedd, uttalte han.

3.6.2. Kronikk av lektor Knut Egil Steffens

Tysdag 25. mai 1976 kom ein kronikk skriven av riksmålsmann Knut Egil Steffens på trykk i Aftenposten. Steffens kritiserte samnorsktanken og forsøkte med det å trekkje parallellar mellom miljøvern og språkvern. Ifølgje han hadde nemleg miljøvernstanken oppnådd ei statusheving dei seinare åra takka vere mykje fokus på å halde ved lag til dømes gamle bymiljø. Han gav uttrykk for at vern om tradisjonelt riksmål så vel som nynorsk, burde vere ein viktig del av miljøvernet i sin heilskap. Det er ikkje berre ein fordel med to jamstilte skriftspråk, uttrykte han – det er heilt nødvendig. For skal ein yte kulturarven vår rettferd, må ein halde ved lag båe skriftspråka, la han til. Han meinte at den språkpolitikken som hadde vorte ført i Noreg i mange tiår, hadde vore særst «ressursødende», ettersom hundrevis av ord-

og bøyingsformer – fortrinnsvis frå tradisjonelt riksmål – hadde vorte eliminerte for å oppnå éin, felles normal. For riksmålets vedkomande dreidde det seg, ifølgje Steffens, om ikkje mindre enn om lag 800 ord- og bøyingsformer som var utestengde frå bokmålsnormalen – dette til tross for at mange av desse formene var i dagleg bruk. Nok ein gong vart den litterære tradisjonen trekt fram for å underbygge kravet om å bevare dei tradisjonelle riksmålsformene. Viss Wergelands, Ibsens, Kiellands, Hamsuns og Undsets verk skal halde fram med å vere lett tilgjengelege for nordmenn flest, må fundamentale trekk ved deira språkmønster haldast ved lag, uttrykte han. Såleis ville samnorskpolitikken ikkje berre få konsekvensar for språket i seg sjølv, men òg for den allmenne tileigninga av den klassiske litteraturen.

Steffens forsøkte altså å trekkje nokre parallellar mellom miljøvern og språkvern for å vise at dei ikkje er vesensforskjellige disiplinar, men at vernet om språket tvert imot burde vere ein integrert del av miljøvernet. Han argumenterte med at riksmålet i realiteten ikkje lenger representerte eit såkalla «maktspråk» eller «overklassespråk», og at eventuelle problem ved tileigninga av denne språkforma ikkje var av sosial karakter, men snarare pedagogisk. Sjølv om riksmålet har opphavet sitt i den sosiale overklassa, betyr ikkje det at det skal *representere* overklassa, skreiv han vidare. Ifølgje han var det ei misforståing at ein som trufast marxist måtte avvise riksmålet berre fordi det opphavleg vart utvikla av folk frå den sosiale overklassa. Skriftspråkas opphav vert betrakta som uvesentleg i korrekt marxistisk filosofi, meinte han – likesom det frå eit miljøvernstandpunkt ikkje spelar noka rolle kva for sosial klasse som bygde og budde i Homansbyen. Riksmålet er med andre ord nøytralt i klassekampen, hevda han, og folk frå arbeidarklassa har i prinsippet like gode føresetnader til å tileigne seg denne skriftforma som folk frå høgare sosiale sjikt. Dessutan er jo nynorsk eit fullverdig alternativ, la han til.

3.7. Debatt i Kringkastingsrådet kring reglar for språkbruk

Grunnen til at Finn-Erik Vinje ikkje var til stades på møtet i Særutvalet 16. september 1976, var at han same dag heldt føredrag i Kringkastingsrådet saman med Norsk språkråd-representant Magne Rommetveit. Dette kunne ein lese om i Aftenposten dagen etter, fredag 17. september 1976. På møtet i Kringkastingsrådet vart det nemleg mellom anna drøfta kva for reglar ein burde ha for språkbruken i NRK's sendingar – det som altså hadde vore eit stort stridsspørsmål i Norsk språkråd i lengre tid. Vinje byrja i eit av sine innlegg med å slå fast at språkets viktigaste oppgåve i til dømes nyheitsprogram er å overføre eit innhald mellom

avsender og mottakar på ein mest mogleg effektiv måte. Det som karakteriserer godt språk i ein slik samanheng, er at det underordnar seg innhaldet, uttalte han. Han sikta altså til språket i programpostar som er av offisiell karakter, der programmedarbeidaren formidlar noko på Kringkastingas vegne. Vidare peika han på det faktum at programmedarbeidarane opptrer i mange forskjellige sendarroller, og at språkbruken må tilpassast kvar enkelt av desse rollene. Han nemnde fleire døme på ulike sendarroller, som til dømes opplesar av meldingar, som kåsør, og som intervjuar i studio og utanfor studio. Alle desse forskjellige sendarrollene krev ulikt språk – på same måte som forskjellige situasjonar i kvardagen gjer det, uttrykte han.

Etter ei stund byrja debatten å dreie seg om i kva utstrekning ein skulle tillate dialektbruk i Kringkastinga. Sjølv om debattinnlegga uttrykte ei rekkje forskjellige standpunktnyansar, var det brei semje om at ein burde tillate dialektbruk i mange typar program. Samstundes vart det presisert at ein i informasjonsprogram over riksnettet måtte halde seg til dei retningslinene som var vedtekne for programtenesta, og som Norsk språkråd hadde gitt si tilråding.

Kringkastingssjef Torolf Elster hadde innleiingsvis stilt spørsmålet om Kringkastinga skulle ta på seg rolla som offentleg språkpedagog, eller om institusjonen skulle fungere som eit slags torg der alle moglege språklege nyansar kunne møtast. På bakgrunn av debatten som følgde, kunne ein vel konkludere med at NRK kunne vere båe delar. Elster understrekte derimot at ei bevisstgjerung kring språkets informasjonsevne var det som hadde høgast prioritet. Redaktør Olav Brunvand hang seg på Elsters utsegn om språkets informasjonsevne ved å hevde at det var ei dårleg løysing å tekste filmar om til dømes engelske sossietetsselskap på 1700-talet med nynorsk. Med det antyda han at nynorsk ikkje er sofistikert nok til å gi ei fullverdig oversetjing i slike tilfelle. Programdirektør Halfdan Hegtun peika på dette ved å påstå at «Brunvands argumentasjon antyder at nynorsk passer til fjøs, fjell og fjord, men ikke til engelske sossietetssalonger». Lege Oscar Olsen var heller ikkje samd med Brunvand om dette, men han uttalte at ein med fordel kunne verte meir bevisst på ordval og korleis ein formulerer seg i slike tilfelle.

Avslutningsvis kunne ein lese at Vinje var positivt overraska over den breie semja om reglar for språkbruk som herska i Kringkastingrådet. Han uttalte til og med at han trudde semja ville ha vore endå større dersom ein hadde konkretisert meir.

3.8. Møte i Norsk språkråd

Laurdag 9. oktober 1976 vart den reviderte innstillinga til Særutvalet behandla i samla språkråd. Det var knytt mykje spenning til dette møtet, sidan det vidare arbeidet med ei ny bokmålsrettskriving i veldig stor grad stod og fall på resultatet av det. Norsk språkråd kunne ende opp med å verte sprengt dersom riksmålsrørsla ikkje fikk dei konsesjonane dei forventa, og i så tilfelle ville heile grunnlaget for eit vidare rettskrivingsarbeid falle bort, og språkstriden ville halde fram. Derfor var det ikkje så rart at Osloskolenes Riksmålsforening valde å arrangere ein aksjon i forkant av møtet. Ein kunne lese om denne aksjonen i Aftenposten same dag som møtet skulle finne stad, 9. oktober 1976. Tusenvis av flygeblad vart spreidd over store delar av hovudstaden, og på desse kunne ein mellom anna lese følgjande:

Hvorfor kan vi ikke skrive boken når avisen er tillatt? Hvorfor er jakken og buksen forbudt når blusen og drakten er tillatt? Hvorfor er solen, jorden, luften, skyen forbudt når stjernen, natten, kulden, lukten er tillatt?

Vidare heitte det at riksmåls-ungdom var opne for at *a*-formene kunne ha status som *alternative* former til *en*-formene, men at dei ikkje var interesserte i å verte *tvinga* til å nytte *a*-formene. Det vart òg referert til ei rekkje ordformer som var obligatoriske i lærebøkene, men som dei meinte det store fleirtalet av elevar ikkje fann naturlege. «Mjøl», «mjølk» og «golv» var blant dei ordformene som vart nemnde. I demokratiets namn kravde dei at alle levande riksmålsformer skulle verte innlemma att i den offisielle bokmålsnormalen, og at lærebokforfattarar òg skulle kunne nytte desse formene. Aftenposten kunne opplyse om at det var planlagt ein demonstrasjon i regi av Osloskolenes Riksmålsforening på Blindern like utanfor der Norsk språkråd heldt møtet sitt.

Dette seier Rambø:

Det var altså knytt mykje spenning til dette møtet, men det skulle vise seg å få eit vesentleg betre utfall enn det riksmålstilhengarane hadde frykta på førehand. Forslaget frå Bull, Fjeld Halvorsen, Jakobsen, Borgstrøm og fru Øverland om at alle hokjønnsord skulle ha valfri *a*- eller *en*-ending i bestemt form eintal i rettskrivinga, vart endeleg vedteke med 12 stemmer. Det vart òg vedteke at alle hokjønnsord skulle kunne ha både *ei* og *en* som ubestemt artikkel,

og at eigeomspronomena *mi*, *di* og *si* skulle vere obligatoriske etter hokjønnsord med *a*-ending, medan det skulle vere valfritt (*min/mi*, *din/di*, *sin/si*) dersom eigeomspronomenet stod føre. Dessutan vart det vedteke med 14 stemmer at det skulle vere full valfridom mellom *a*- og *ene*-ending i bestemt form fleirtal av inkjekjønnsord i rettskrivinga (Rambø, 1999: 124, 125).

Før ein byrja på behandlinga av sjølve rettskrivingsspørsmåla, hadde ein teke stilling til om ein skulle halde fram med å ha ein læreboknormal eller ikkje. Fyrst vart dette stemt over i kvar enkel seksjon, for så å verte stemt over i samla råd. I bokmålsseksjonen fikk forslaget om å halde ved lag læreboknormalen 13 av 19 moglege stemmer. I samla råd fikk det same forslaget 33 av 40 stemmer og vart med det vedteke, sidan det hadde fått fleirtal i baa seksjonar (ibid: 123).

Bokmålsseksjonen vedtok derimot at ein skulle kome attende til reglane for læreboknormalen etter at det hadde vorte ytterlegare behandla i Særutvalet. Det var semje om at alle seksjonens representantar kunne sende inn forslag til endringar fram til utgangen av 1976. I tillegg vart det òg vedteke at Særutvalet skulle arbeide vidare med verbalbøyinga og enkeltord før det skulle opp til ny behandling i seksjonen (ibid: 125).

Det siste som vart behandla på møtet i Norsk språkråd, var eit av dei største stridsspørsmåla, nemleg læreboknormalens bruksområde. Riksmålsfraksjonen vart derimot ikkje nøgd med utfallet av avstemmingane som gjaldt dette, ettersom det vart vedteke med 31 stemmer (20 frå nynorskseksjonen og 11 frå bokmålsseksjonen) at læreboknormalen skulle gjelde for både lærebøker og offentleg administrasjon. Men dei kunne altså prise seg lukkelege over at det ikkje vart vedteke at den òg skulle gjelde for NRK. Det mangla berre éi stemme i bokmålsseksjonen for å få gjennomslag for forslaget om at læreboknormalen òg skulle vere rettesnor for språkbruken i Riksringkastinga (ibid: 127, 128).

Dette står i Aftenposten:

Tysdag 12. oktober 1976 kom ikkje mindre enn to artikkelar på trykk i Aftenposten som handla om møtet i Norsk språkråd tre dagar tidlegare. Formennene i bokmålsseksjonen og nynorskseksjonen, Gorgus Coward og Leif Mæhle, uttalte seg om rådets vedtak i den eine artikkelen. Coward uttalte at den vedtekne liberaliseringa av mellom anna hokjønnskategorien sjølvstøtt var vel og bra, men at det berre var skuleelevane som ville kome til å få nytte av

denne liberaliseringa, sidan det vart vedteke at folk i offentleg teneste skulle halde seg til læreboknormalen. Denne utsegna er ei sanning med modifikasjonar, ettersom det på dåverande tidspunkt ikkje var avgjort korleis reglane for læreboknormalen skulle sjå ut. Når det er sagt, så var det nok ikkje så høg stemning blant fleirtalet i Norsk språkråd for ei sterk liberalisering av læreboknormalen. Til og med Fjeld Halvorsen hadde gått inn for å halde ved lag dei obligatoriske hokjønnsformene i læreboknormalen, og grunngevinga hans for det standpunktet var at Norsk språkråds paragraf 1b slo fast at rådet skulle «støtte opp om utviklingstendenser som på lengre sikt fører målformene nærmere sammen» (Rambø, 1999: 121). I tillegg er det viktig å understreke at det vart vedteke at språkbruken i NRK skulle normerast på grunnlag av rettskrivinga – ikkje læreboknormalen.

Coward uttrykte altså stor misnøye med rådets vedtak om at folk i offentleg teneste skulle måtte rette seg etter læreboknormalen. Men på spørsmål om Norsk språkråd framleis var i fare for å verte sprengt, svarte han at han såg behovet for å halde fram med å arbeide i eit slikt råd, og at sensasjonelle møte i rådet som fikk mykje omtale i media – likesom møtet tre dagar før – gav eit litt skeivt bilete av det daglege arbeidet i rådet.

Leif Mæhle peika på at dei radikale så vel som dei konservative hadde lidd nederlag, og han kunne ikkje skjønne anna enn at det måtte vere ein siger for riksmålsfolket at det hadde vorte opna for hokjønnsformene deira. Inntrykket hans var dessutan at fleirtalet faktisk *ynskte* faste rammer for korleis dei skulle skrive, og han peika på at det absolutt ikkje var noko nytt at offentleg administrasjon måtte halde seg til læreboknormalen. Ifølgje Aftenposten skal han ha hevda at det hadde vorte eit påbod allereie i 1909, men det kan ikkje stemme, sidan det hierarkiske systemet med hovud- og sideformer ikkje vart ein realitet før i og med 1938-reforma (Rambø, 1999: 90). Avslutningsvis uttalte han at det ville vere særskilt uklokt av riksmålsfraksjonen dersom dei skulle velje å trekkje seg ut av Norsk språkråd på eit slikt grunnlag.

I den andre Aftenposten-artikkelen som kom på trykk 12. oktober 1976, var det Lars Roar Langslet og Arbeiderparti-politikar Per Karstensen som uttalte seg. Denne gongen var det òg vedtaket om læreboknormalens bruksområde som var i sentrum. Langslet skulda nok ein gong Norsk språkråd for ikkje å rette seg etter dei retningslinene som Stortinget hadde definert. Viss rådets forslag om at læreboknormalen òg burde omfatte språkbruken i offentleg teneste, skulle få gjennomslag i Stortinget, ville det medføre ein langt meir restriktiv språksituasjon for offentlege tenestemenn, uttalte han. Teke i betraktning at det på dåverande tidspunkt var

den vidare rettskrivinga som var rettesnor for språkbruken i offentleg teneste, i tillegg til at det tilsynelatande var liten vilje blant fleirtalet i Språkrådet til å støtte ei liberalisering av læreboknormalen, var det veldig nærliggjande å tru at retningslinene for språkbruken i offentleg teneste ville verte meir restriktive enn dei allereie var. Langslet meinte at dette vedtaket ikkje korresponderte med Vogt-komiteéns og Stortingets intensjonar. Samstundes stilte han seg sær sars positiv til dei vedtaka som gjaldt hokjønnskategorien i rettskrivinga, og han uttrykte eit håp om at dei same vedtaka òg ville verte fatta for læreboknormalen.

Per Karstensen uttalte at han prinsipielt ikkje hadde noko å utsetje på vedtaket om at læreboknormalen òg skulle dirigere språkbruken i offentleg administrasjon. Samstundes uttalte han at det ville vere vanskeleg å gjennomføre ei slik ordning til punkt og prikke, og at det viktigaste måtte vere at offentlege tenestemenn beherska baa målformer, slik at dei var i stand til å uttrykke seg presist til ei kvar tid. Om dei ikkje heldt seg fullt og heilt til læreboknormalen, var ikkje det så viktig, meinte han. Dessutan peika han på at reglane for læreboknormalen ikkje på langt nær var fastsett enno, og ifølgje han ville desse sannsynlegvis verte meir liberale enn dei gjeldande lærebokreglane.

Kor godt informerte Aftenposten lesarane sine?

Som ein kunne lese i desse to Aftenposten-artiklane, var det vedtaket om læreboknormalens bruksområde som openbart fikk mest omtale. Sjølv om vedtaka som gjaldt hokjønnskategorien, vart nemnde i baa artiklane, gav ikkje Aftenposten lesarane sine informasjon om kva desse vedtaka eigentleg innebar. På grunnlag av det Aftenposten opplyste om, kunne ein til dømes tenkje at desse vedtaka berre omfatta bøyingsendinga for bestemt form eintal av hokjønnsord. Som Rambø altså kan opplyse om, dreidde desse vedtaka seg om meir enn berre det. I tillegg til å dreie seg om bøyingsendinga i bestemt form eintal, omfatta vedtaka òg ubestemt artikkel og eigeomspronomen. Dessutan gav ikkje Aftenposten informasjon om at vedtaket som gjaldt bestemt form eintal, omfatta *alle* hokjønnsorda, slik at det var *full* valfridom mellom *a-* og *en-*ending. Vedtaket som dreidde seg om bestemt form fleirtal av inkjekjøn, vart ikkje nemnt i det heile teke, og det vart heller ikkje vedtaket om at Særutvalet skulle arbeide vidare med verballbøyinga og enkeltorda.

På grunnlag av dette er det nok ikkje urimeleg å hevde at Aftenpostens dekning av saka var ganske mangelfull. Den sa sær lite spesifikt om dei liberaliseringsvedtaka som hadde vorte

fatta, og mesteparten av fokuset var retta mot det eine vedtaket som riksmålstilhengarane kunne ha grunn til å vere misnøgde med – nemleg vedtaket som gjaldt læreboknormalens bruksområde. Rettnok var det indikasjonar som kunne tyde på at dette vedtaket ville medføre ein meir restriktiv språksituasjon for offentlege tenestemenn, men det var òg ope for at den kunne verte meir liberal. Det som likevel er verdt å merke seg, er at både riksmålsfolk og språkradikalarar vart siterte i båe artiklane, slik at det vart ein slags balanse i framstillinga.

4. Andre fase i arbeidet med ei ny bokmålsreform (1976 – 1979)

4.1. Status etter møtet i Norsk språkråd

Vedtaka som omfatta hokjønnskategorien og inkjekjønn fleirtal i den vidare rettskrivinga, sytte for ei vesentleg avspenning i språkstriden. Det var nok desse forsonande vedtaka som hindra Norsk språkråd i å verte sprengt. Samstundes herska det altså mykje misnøye i riksmålsleiren knytt til vedtaket om at læreboknormalen òg skulle gjelde for språkbruken i offentlig administrasjon. Dessutan var det framleis ein lang veg å gå før den endelege innstillinga til Særutvalet låg klar, så debatten var framleis forholdsvis heit.

Torsdag 4. november 1976 kunne ein i Aftenposten lese eit innlegg skrive av professor Asbjørn Aarnes med overskrifta «Hvorfor kan ikke ønsket innfries?». I innlegget vende Aarnes seg direkte til Eyvind Fjeld Halvorsen, som formann i Særutvalet, med eit spørsmål om kvifor det var så stor motstand i ein av fraksjonane i utvalet mot å gi tradisjonelle riksmålsformer ny offisiell status. Han antyda at det framleis kunne vere aktuelt for riksmålsrepresentantane å trekkje seg ut av Norsk språkråd, og at svaret på dette spørsmålet kunne ha avgjerande betydning for nettopp det. Aarnes var vararepresentant i Norsk språkråd på dette tidspunktet, som representant for Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur, så han hadde eit reelt innblikk i korleis det stod til i rådet. Riksmålsformenes enorme utbreiing i presse, litteratur og tale vart nok ein gong nytta som argument for å gi desse formene ny offisiell status. I tillegg presiserte han noko som hadde vorte presisert mange gonger frå riksmålsleiren, nemleg at ein i riksmålsleiren berre kravde at dei tradisjonelle riksmålsformene skulle verte tekne inn att i den offisielle bokmålsnormalen – ikkje at andre former skulle verte tekne ut. Aarnes stilte seg uforståande til at det kunne vere så stor motstand mot eit såpass

ufanatisk krav – især på bakgrunn av dei slutningane som både Vogt-komitéen og Stortinget hadde trekt.

Onsdag 17. november 1976 kom eit nytt innlegg som dreidde seg om språksaka, på trykk i Aftenposten, denne gongen signert Charles B. Middelthun. Dette innlegget – som har overskrifta «Riksmålet lever, lov og tvang opprettholder erstatningsprog» – vil eg hevde er langt meir krast og udiplomatisk enn Aarnes' innlegg. Riksmålet vart omtalt som totalt overlegent alle andre variantar av norsk skriftspråk – eller «erstatningsprogene», som dei vart kalla. Ifølgje Middelthun var riksmålet i særklasse når det gjaldt både ordtilfang, presisjon og velklang, medan nynorsk så vel som moderat og radikalt bokmål vart karakteriserte som «knot». «Erstatningsprogene» vart haldne i live ved kunstige middel som lov og tvang, hevda han, medan riksmålet – som i fleire tiår hadde vore forsøkt eliminert av styresmaktene – framleis levde i beste velgåande i presse, litteratur og tale. Riksmålets beviste levedugleik burde vere argument nok til å gi det ny offisiell status, uttrykte han. I tillegg understrekte han – likesom Aarnes – at riksmålsforkjemparane berre kravde at sine eigne ord- og bøyingsformer som framleis vart mykje brukte, skulle verte ein del av den offisielle normalen igjen. Dei kravde berre at ord- og bøyingsformene deira skulle verte tillatne *på lik line* med alle andre former – eller «knotet», som han valde å kalle det.

Vidare i innlegget gav Middelthun uttrykk for at han meinte det var ein stor tabbe av riksmålsorganisasjonane å la seg representere i Norsk språkråd, og at dei burde trekkje seg ut. «Hva kunne man vente å oppnå i en forsamling som er inndelt i en nynorsk- og en bokmålsseksjon, og hvor riksmålet ansees som luft», uttrykte han. Denne kritikken retta mot Norsk språkråd kan vel ikkje betraktast som heilt rimeleg på bakgrunn av dei vedtaka som vart fatta på rådsmøtet berre dryge fem veker tidlegare. Riksmålsfolket hadde rettnok grunn til å vere skeptisk til vedtaket som gjaldt læreboknormalens bruksområde, men vedtaka som gjaldt hokjønns-kategorien og inkjekjønns fleirtal, var udiskutabelt positive i riksmålsauge. Så det vil etter mitt skjønns vere sær sars urimeleg å hevde at Norsk språkråd på dette tidspunktet ikkje hadde gitt riksmålstilhengarane konsesjonar i det heile teke, og at det ikkje fanst noko som helst vilje til å gi fleire konsesjonar i tida som kom.

Middelthun kritiserte òg Norsk språkråd for ikkje å ha eit fast, riksmålsorientert mandat. Grunnen til at riksmålsorganisasjonane i si tid nekta å la seg representere i Norsk språknemnd, var jo nettopp på grunn av eit mandat som var til fordel for dei radikale formene og tilnæringspolitikken. Det ville vere heilt urimeleg å krevje eit mandat til spesiell fordel for

riksmålet når ein i si tid ikkje anerkjende eit tilsvarande mandat til fordel for andre skriftspråkvariantar. Noko av poenget med å byte ut Norsk språknemnd med Norsk språkråd var jo nettopp for å få eit språkorgan som hadde eit såpass nøytralt og opent mandat at alle kunne la seg representere, uansett språkpolitiske sympatiar. I prinsippet må det jo vere mest rettferdig å ha eit nøytralt mandat, slik at alle kan uttrykke seg fritt til kvar tid.

Onsdag 12. januar 1977 kunne ein lese ein Aftenposten-artikkel om ein interpellasjonsdebatt som hadde vorte halden i Stortinget dagen før. Formannen i kyrkje- og undervisningskomitéen, Lars Roar Langslet, hadde halde eit innlegg om språksaka der han nok ein gong kritiserte Norsk språkråd for ikkje å følgje dei retningslinene som Stortinget hadde definert. Han hevda at Språkrådet arbeidde for ei tilstramming i staden for ei liberalisering når det gjaldt den komande bokmålsreforma – stikk i strid med det Stortinget hadde intendert ved opprettinga av rådet. Vedtaket om at læreboknormalen skulle ha eit vidare bruksområde var nok mykje av bakgrunnen for Langslets påstand om tilstramming. Kyrkje- og undervisningsminister Kjølvs Egeland svarte på Langslets kritikk ved å peike på Språkrådets frie mandat og det faktum at rådet ikkje hadde makt til å fatte endelege språkpolitiske vedtak. Samstundes konstaterte Stortinget at den språklege stridsøksa måtte gravleggjast ein gong for alle, og at samarbeid og toleranse skulle karakterisere forholdet mellom bokmål- og nynorsktilhengarar. Nestformann i kyrkje- og undervisningskomitéen, Per Karstensen, karakteriserte Langslets innlegg som ei god påminning, og han uttalte samstundes at han syntest Egeland gav eit avklarande svar på tiltale.

Langslet uttalte i innlegget sitt at tida var inne for å få eit svar på om Stortingets standpunkt i språksaka framleis sto ved lag. Ikkje sidan den store språkdebatten i 1970 hadde Stortinget gitt språkpolitiske signal, og Langslet var engsteleg for at synet var endra. Han gav uttrykk for at han var særst nøgd med korleis departementa, skuleverket og Rikskringkastinga hadde retta seg etter Stortingets retningsliner, men han stilte seg altså veldig negativ til det han oppfatta som manglande resultat av Norsk språkråds arbeid.

Det herska framleis ein del forvirring med omsyn til kva som på dåverande tidspunkt var rettesnor for språkbruken i offentleg administrasjon – læreboknormalen eller rettskrivinga. Langslet fikk eigentleg eit avklarande svar på det spørsmålet i Stortinget i 1976, men det var altså framleis ein del tvil knytt til det. Egeland slo fast at det var *rettskrivinga* som per dags dato var rettesnor for språkbruken i offentleg teneste, og at det var eit resultat av den språkpolitiske kursendinga som Stortinget gjorde på slutten av 1960-talet. Denne

språkpolitiske lina er framleis like aktuell, presiserte han. Han uttalte vidare at årsaka til at det hadde oppstått så mykje forvirring i den saka, etter alt å døme var at stortingsproposisjonen om målbruk i offentleg teneste enno ikkje var ferdig utarbeidd, ettersom det over lang tid hadde vore store kapasitetsutfordringar i departementet. Ein rekna med at denne skulle vere ferdig i løpet av våren 1977 – om lag sju år etter at vedtaket fann stad. Egeland's presisering av at vedtaket om målbruk i offentleg teneste var eit klart uttrykk for den liberaliseringslina Stortinget hadde lagt seg på i språksaka, underbygde Langslets kritikk med omsyn til Norsk språkråds vedtak om at læreboknormalen skulle liggje til grunn for språkbruken blant offentlege tenestemenn.

Blant nynorsktilhengarane i mellompartia vart det tvert om uttrykt tillit til at Norsk språkråd ville halde fram med tilnærmingslina. Dessutan herska det brei semje om at ein burde halde ved lag ein trongare normal, og at denne gjerne òg kunne gjelde for språkbruken i offentleg administrasjon. SV-representant Arent M. Henriksen gikk lengst i å hisse på seg riksmålstilhengarane ved å hevde at Norsk språkråd hadde gitt for mange konsesjonar til riksmålsrørsla, og at riksmålsfolket hadde altfor lite respekt for morsmålet til dei fleste menneska i dette landet. Det høyrer med til historia at det var Geirr Wiggen som hadde skrive innlegget som Henriksen heldt (Ernst Håkon Jahr, munnleg kjelde).

Fire dagar etter at den omtalte interpellasjonsdebatten i Stortinget fann stad, laurdag 15. januar 1977, kunne ein lese ein leiarartikkel i Aftenposten som gikk til åtak mot nemnde Arent M. Henriksens utspel. I artikkelen står det at Henriksen skulle ha hevda at «[r]iksmålet hører hjemme i forlengelsen av den gamle danske embedsmannskulturen og er begrenset til Oslo bedre vestkant». Vidare skulle han ha uttalt at riksmålsrørsla idealiserte Ibsens og andre eldre forfattarars konservative språk – eit språk som ifølgje han og Wiggen korresponderte lite med morsmålet til det store fleirtalet av det norske folk. Ved at riksmålet – som høyrer til den sosiale overklassa – stadig vert gitt fleire konsesjonar, vert språkutviklinga sett tilbake, hadde han konstatert. Leiarskribenten i Aftenposten presiserte at alle er i sin fulle rett til å gi uttrykk for synspunkta sine til kvar tid, men at det var særst uheldig at Henriksen forsøkte å mane fram 1950-talets tilstandar. Den gongen hadde me ikkje språkdebatt, men derimot språkstrid – ein unødvendig, bitter og opprivande ein, vart det peika på. Eg trur det skribenten meinte å kritisere Henriksen for, var mangel på toleranse overfor riksmålet og dets tilhengarar. Det skribenten fyrst og fremst reagerte på, var Henriksen og Wiggens redusering av riksmålet til berre å vere ei avleggs forlenging av eit embetsmannsspråk, som framleis berre var knytt til ein liten sosial elite. Vedkomande var heller ikkje samd i deira påstand om at riksmålet hadde

motteke mange konsesjonar. Det vart tvert om gitt uttrykk for ei oppfatning av at riksmålsrepresentantane i Norsk språkråd hadde vorte nedstemte i sak etter sak.

Til slutt roste Aftenpostens leiarskribent folk for å vere opptekne av å ta vare på dialektane sine, og at skuleungdommens nynorskaksjonar utvilsamt hadde mykje positivt ved seg.

Samstundes vart det peika på kor viktig det var med språkleg toleranse, og at denne toleransen nødvendigvis måtte vere gjensidig.

4.2. Usemje mellom Fredrik Norman og Knut Egil Steffens

4.2.1. Kronikk av Fredrik Norman

I ein Aftenposten-kronikk som kom på trykk fredag 21. januar 1977, tok Fredrik Norman opp tråden att etter interpellasjonsdebatten om språksaka i Stortinget 11. januar same år. I samanheng med Norsk språkråds nær føreståande 5-årsjubileum syntest han det var på sin plass å evaluere resultatane av rådets arbeid. Han innleidde kronikken med å sitere Lars Roar Langslets påstand frå den nemnde interpellasjonsdebatten om at Norsk språkråds verksemd lett kan bidra til å gi nytt liv til «den bitre kraftødende sprogstrid». «Tendensen peker i retning av en tilstramning i forhold til dagens situasjon, ikke en liberalisering, slik Stortinget har lagt opp til», siterte han vidare. Han konstaterte ikkje berre at det var tynt med resultat av Språkrådets arbeid med dei store sakene – fortrinnsvis den nye rettskrivinga – men han konkluderte òg med at majoriteten av rådets medlemmer hadde ei negativ innstilling til oppgåva si. Det vart sett spørsmålsteikn ved kvifor riksmålsorganisasjonane heldt fram med å la seg representere i rådet når fleirtalet, ifølgje Norman, berre var interessert i å flikke på bokmålet. Han kjenneteikna bokmålet som eit konstruert skriftspråk – ein «bastard» – som aldri hadde vore og som aldri ville verte noko anna enn ein sjikane mot den språklege kulturarven riksmålet representerer. Den naturlege språkutviklinga har gått og går framleis i stikk motsett retning av samnorskpolitikken, hevda han, og han peika på riksmålets stadige utbreiing i pressa, forretningskorrespondansen, litteraturen og scenekunsten for å underbygge denne påstanden. Han refererte òg til Arnulf Øverlands skildring av språket som noko nærmast organisk, som kontinuerleg skapast når det er i bruk, men som øydeleggjast når det vert behandla i komité.

Eg synst det er litt påfallande at kritikken mot Norsk språkråd frå visse hald var så nådelaus på dette tidspunktet, teke i betraktning kva for vedtak som vart fatta på rådsmøtet i oktober

1976. Rettnok hadde prosessen teke veldig lang tid, og riksmålsrørsla hadde rimeleg grunn til å uttrykke skepsis overfor vedtaket om målbruk i offentleg teneste, men dei hadde òg fått innfridd ei rekkje tungtvegande krav. Dessutan var det framleis ikkje på langt nær avgjort korleis læreboknormalen skulle sjå ut, så det var ikkje gitt at den ville halde fram med å vere dominert av moderate og radikale former. Viss ein òg opna for mange tradisjonelle riksmålsformer i læreboknormalen, kunne det følgjeleg ikkje vere grunn til så stor motstand overfor vedtaket om bruksområde til denne normalen i riksmålsleiren heller.

4.2.2. Knut Egil Steffens' kritikk av Fredrik Normans framstilling

Tysdag 15. februar 1977 kunne ein oppleve til dels stor usemje mellom to framståande riksmålstilhengarar, då lektor Knut Egil Steffens gikk til harde åtak mot Fredrik Normans kronikk som kom på trykk 21. januar same år, og som eg akkurat har omtalt. Dette motinnlegget kunne ein altså lese i Aftenposten. Steffens var nemleg langt ifrå nøgd med Fredrik Normans framstilling av Norsk språkråd og dets arbeid. Nærmare bestemt karakteriserte han Normans framstilling som «ensidig nedrakking», og han omtalte den òg som «demagogisk og usaklig». Ved sin mangel på nyansering bidrar den til ei unødvendig sementering av dei språklege motsetnadene, uttalte han vidare. Han understrekte at ein sjølv sagt måtte akseptere usemje og motsetnader i språksaka, men at det ikkje kunne vere urimeleg å protestere mot det han oppfatta som ei sær sidsidig og forenkla framstilling. For å underbyggje desse kritiske påstandane, peika han på at Norsk språkråd ikkje hadde noko mandat som spesifikt slo fast at det skulle gi riksmålet offisiell status igjen. Dette står det ingenting om verken i lov eller vedtekter, presiserte han. Han meinte likevel at det ikkje var riktig at rådet skulle stille seg likegyldig til det Stortinget hadde uttalt i den saka, men understreka altså at det ikkje var juridisk bunde av desse utsegnene. Dessutan peika han på Språkrådets status som *rådgivande* organ. I store, komplekse saker som denne, vil rådets vedtak berre ha status som *forslag* – forslag som Stortinget kan velje å godta eller ikkje.

Avslutningsvis i innlegget gav Steffens uttrykk for at den beste løysinga ein kunne håpe på, var eit kompromiss mellom riksmålsforkjemparane og dei radikale bokmålsfolka. Det ser ut som at riksmålsleiren vil kome til å få ein god del av krava sine innfridd, men det verkar urealistisk at ein vil kunne få gjennomslag for *alle* krava, uttalte han. Til slutt presiserte han kor viktig det var at riksmålsorganisasjonane heldt fram med å la seg representere i Norsk språkråd. Han siterte det ein annan riksmålsmann hadde sagt til han høsten 1976, som var

følgjande: «Jeg er i hovedsaken helt enig med Dem – å trekke seg ut av Språkrådet er dødslinjen!»

Eg synst Knut Egil Steffens ved fleire høve viste mykje større evne til å framstille språksaka sakleg og nyansert enn Fredrik Norman. Inntrykket mitt er at han omtalte dei språkpolitiske motstandarane sine med respekt – trass i stor usemje – og tok seg tid til å anerkjenne dei konsesjonane riksmålsrørsla vart gitt – ikkje berre kritisere Norsk språkråd og styresmaktene for dei konsesjonane som ikkje hadde vorte gitt. Dessutan synst eg Steffens ofte viste stor fagleg tyngde ved å gå under overflata på emnet og finne alternative innfallsvinklar (jf. mellom anna kronikken hans frå 25.05.76), medan Norman hadde ein lei tendens til å repetere dei same, openbare argumenta gong på gong.

4.2.3. Fredrik Normans svar på Knut Egil Steffens' kritikk

Måndag 28. februar 1977 kunne ein i Aftenposten lese Fredrik Normans svar på tiltale. Han innrømde at han hadde gitt ei veldig einseitig framstilling av Norsk språkråd, men at denne framstillinga like fullt var korrekt. Like bastant som gongen før, hevda han at Norsk språkråds arbeid ikkje hadde gitt positive resultat i det heile teke. Etter mitt syn er det direkte udiskutabelt at rådets arbeid i alle høve hadde gitt *nokre* positive resultat i riksmålsauge. Vidare uttalte Norman at han syntest det var «mildest talt besynderlig at en som i lengre tid har vært engasjert av Riksmålsforbundets pressetjeneste, forsvarer en institusjon som ikke vil anerkjenne riksmålet». Han peika på det faktum at Steffens sjølv hadde poengtert i innlegget sitt at Norsk språkråd ikkje burde stille seg aldeles likegyldig til det Stortinget hadde uttalt i språksaka, sjølv om det ikkje hadde noko mandat som gjorde det juridisk plikta til det. Viss Steffens verkeleg meiner at Språkrådet ikkje bør stille seg likegyldig til det Stortinget har uttalt, bør han hugse språkdebatten i Stortinget våren 1970, då Stortinget konkluderte med at riksmålet måtte få att offisiell status, uttrykte han. Med det antyda Norman at Steffens hadde hevda heilt motstridande ting i innlegget sitt.

Ifølgje Norman vitna resultatata av Norsk språkråds arbeid berre om håplaus evneløyse og treneringskunstar. Etter at bokmålets «vokter», Norsk språknemnd, vart avsett og erstatta av Norsk språkråd, burde «bokmålets drama» vore avslutta, uttalte han. Vidare skreiv han følgjande:

Vi har intet behov for at Norsk språkråd forsøker å flikke på en sproglig bastard, når vårt levedyktige brukssprog foreligger fullt ferdig normert av Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur.

For å legitimere sin egen kritikk av Norsk språkråd, siterte han tre andre framstående riksmålsforkjemparar som hadde kritisert rådet for akkurat det same, mellom anna Lars Roar Langslet og dåverande formann i Riksmålsforbundet, Knut Wigert. Wigert hadde uttalt at overgangen frå Norsk språknemnd til Norsk språkråd i realiteten hadde vore eit bedrag, ettersom framstående representantar i den avsette nemnda hadde halde fram med å dominere det nye rådet. Den praktiske betydninga av Norsk språkråd har ikkje vore anna enn negativ, hadde han uttalt, sidan vårt «dominerende brukssprog» framleis er utan offisiell status. Wigert hadde på bakgrunn av dette sett spørsmålsteikn ved korleis Stortinget kunne forsvare at det vart tildelt over tre millionar kroner kvart år for å halde ved lag eit organ som ikkje arbeidde etter dei retningslinene som var trekt opp.

4.3. Debatt mellom Geirr Wiggen og Herman R. Fleischer

4.3.1. Geirr Wiggens kronikk

I Geirr Wiggens kronikk, som kom på trykk i Aftenposten onsdag 9. februar 1977, hadde han teke utgangspunkt i ein leiarartikkel i Aftenpostens kveldsutgåve laurdag 15. januar same år – ein artikkel eg altså har omtalt tidlegare. Wiggen skulda leiarskribenten for å vere sær usakleg i kritikken sin av SV-politikar Arent M. Henriksens innlegg i interpellasjonsdebatten i Stortinget 11. januar 1977. Som eg har gjort greie for tidlegare, var det altså Wiggen sjølv som hadde skrive dette innlegget. Han uttalte at

[I]ederskribentens eneste motargument – om en kan kalle det det – er å prøve å ufarliggjøra Henriksens uttalelser ved å heimfeste dem til Studentersamfundets lørdagsmøter. Festlig, syns kanskje noen. Men djupt usaklig.

Ifølgje Wiggen representerte riksmålet framleis den sosiale overklassa – noko som Henriksen òg hadde uttalt under interpellasjonsdebatten. Alle med litt språkhistorisk kunnskap veit at riksmålet har opphavet sitt i den gamle danske embetsmannskulturen – uansett om ein er riksmålssympatisør eller ikkje, uttalte han. Vidare uttrykte han at det fortidige forholdet i seg sjølv ikkje spelte noka avgjerande rolle for språksynet hans, men at det som var avgjerande,

var det faktum at riksmålet *framleis* var nært knytt til den sosiale eliten. Dette er openbart for dei fleste i landet, som ikkje har riksmål som morsmål, men derimot ulike typar dialektar, la han til. Han refererte til innlegget sitt, som Henriksen hadde presentert, der det vart peika på at riksmålsrørsla stadig trekte fram språkkonservative forfattarars språk som ideal. I same vending siterte han Riksmålsforbundets formann, Knut Wigert, som hadde uttalt at han ikkje ville ha noko av «forurensing» av Ibsens språk. Folk med noko anna enn riksmål som morsmål, og som har lært seg ikkje å skjemst over dialekten sin, vil enkelt konkludere med at det er vanskeleg å identifisere seg med språket til til dømes Ibsen, Bjørnson, Undset, Hoel, Øverland eller Bjerke, uttrykte han. Dei fleste som nyttar – eller forsøker å nytte – riksmål den dag i dag, er folk som anten har vorte sosialt eller økonomisk pressa til det, eller som har fått det føre seg at dialekten deira er «stygg» eller «gæern», uttalte han vidare.

Avslutningsvis i kronikken kritiserte Wiggen den nemnde leiarskribenten i Aftenposten for påstanden om at riksmålsrørsla ikkje hadde fått nemneverdige konsesjonar. Han tok seg til å ramse opp tre store og openbare konsesjonar som riksmålsrørsla hadde fått i løpet av dei siste fem åra. For det fyrste hadde styresmaktene valt å avsetje Norsk språknemnd og erstatte den med eit språkråd som hadde eit forholdsvis språkpolitisk nøytralt mandat. For det andre hadde liberaliseringsvedtaket sytt for at skuleelevane stod fritt til å nytte tradisjonelle riksmålsformer i bestemt form eintal av hokjønns, bestemt form fleirtal av inkjekjønns og i preteritum og partisippform av svake verb. Dette vedtaket trod altså i kraft allereie i april 1973. Sist, men ikkje minst, vart det altså av Norsk språkråd vedteke full liberalisering av rettskrivingsreglane for hokjønns-kategorien og inkjekjønns fleirtal. Wiggen stilte seg aldeles uforståande til at desse konsesjonane vart betrakta som uvesentlege av leiarskribenten i Aftenposten.

4.3.2. Herman R. Fleischer svarte Geirr Wiggen

Fredag 25. februar 1977 vart det i Aftenposten trykt eit motinnlegg til Geirr Wiggens kronikk, skrive av riksmålsmann Herman R. Fleischer. Fleischer meinte det var ei stor misforståing både at skriftspråket burde vere basert på talespråket, og at riksmålet *framleis* representerte den sosiale eliten. Han viste til dei offisielle skriftspråka i både Frankrike, England og Russland for å underbygge påstanden sin om at det tvert imot er gjennomgåande at offisielle skriftspråk *distanserer seg* frå talespråket. Fransk har i fleire hundre år vore anerkjent for veldig høg grad av presisjon og logikk, noko som er grunnen til at det ofte har vorte nytta som diplomatspråk, hevda han. Engelsk har eit større ordtilfang enn noko anna språk, noko som

syter for ein enorm nyanserikdom, uttalte han vidare. Ingen av desse skriftspråka ligg nært opp til dei respektive talespråka, og ifølgje Fleischer var det få eller ingen som sette spørsmålsteikn ved det. Ifølgje han hadde det etter den russiske revolusjonen i 1917 vorte foreslått å forenkle det russiske skriftspråket, men Stalin hadde visstnok avvist forslaget kategorisk og svart at berre det beste er godt nok for folket. Det beste i den samanhengen var det språket dei store russiske forfattarane nytta – forfattarar som Gogol, Dostojevskij og Tolstop.

Fleischer stilte seg dessutan uforståande til Wiggens påstand om at det var problematisk for folk flest å lese klassisk norsk litteratur på grunn av det konservative språket. I andre land er ikkje det gjenstand for problematikk, og årsaka til det er at den naturlege språkutviklinga går veldig treigt, hevda han. Han innrømde likevel at det var ein sjanse for at den naturlege språkutviklinga faktisk gikk i den retninga Wiggen meinte, men at Wiggens og andre språkradikalarars målstrev i så tilfelle var heilt unødvendig, sidan utviklinga uansett ville skje på sine eigne premissar – uavhengig av språkpolitisk påverknad. Som Arnulf Øverland uttalte i si tid, meinte Fleischer òg at språket er nærmast organisk av karakter. Ettersom mennesket er konservativt av natur, vil språket overførast frå generasjon til generasjon med berre små endringar. For å illustrere det, peika han på at ein har funne om lag 1500 år gamle runeinnskrifter med preposisjonen «eftir», som altså svarer til bokmålsforma «etter» og riksmålsforma «efter». Poenget hans var altså at dette ordet ikkje hadde forandra seg vesentleg i løpet av 1500 år, og at riksmålsforma – som mange betrakta som importert og «unorsk» – er den forma som ligg nærmast denne urforma. Han konstaterte at Noreg sjølv hadde motteke mange kulturelle – deriblant språklege – impulsar frå Danmark, men at det hadde gått mange impulsar i motsett retning òg – og det lenge før Danmark innleidde ein union med Noreg. Denne utvekslinga av kultur er berre positivt, for utan påverknad utanfrå stagnerer ein, hevda han. Han viste til Island, som både er geografisk isolert, og som har ein sær sars puristisk språkpolitikk. Språkutviklinga der har vore så minimal at islendingar og skandinavarar ikkje lenger forstår einannan utan vidare. Me må ikkje setje oss sjølve i same situasjon, meinte han.

Noko Fleischer òg stilte seg sær uforståande til, var altså Wiggens påstand om at riksmålet framleis berre representerte ein liten sosial elite. Han peika på at alle skuleelevar over heile landet vart lært opp i riksmål mellom 1907 – då sidemålsstilen vart pålagt – og 1938. I andre land er ikkje ord- og bøyingsformer tillagt spesiell sosial prestisje, og alle som ikkje har noko

forhold til norsk språkstrid, vil stille seg uforståande til det, hevda han. Det dreier seg i realiteten om godt og dårleg språk, og riksmålet er i særklasse det beste, la han til.

4.4. Reaksjonar på nynorsk-utspel frå Lars Roar Langslet

Språkdebatten i 1970-åra dreidde seg i all hovudsak om forholdet mellom riksmål og bokmål, men frå tid til anna kunne ein òg registrere gnissingar mellom riksmålstilhengarar og nynorsktilhengarar. Ein kunne mellom anna oppleve at riksmålsfolk såg seg lei av at nynorsken fikk så stor plass i radio og fjernsyn til tross for å vere ein minoritetsstandard. Dette vart illustrert av dei reaksjonane Lars Roar Langslet fikk på føredraget sitt under opninga av bygdeutstillinga i Åseral laurdag 2. juli 1977. Føredraget hans vart omtalt i Aftenposten to dagar seinare, måndag 4. juli. Langslet hadde nemleg uttalt at det burde vere ei æressak for alle – anten ein nytta nynorsk eller riksmål – å støtte opp under dei tiltaka som styresmaktene hadde sett inn for å tryggje nynorskens livsvilkår og skape forståing og solidaritet mellom målgruppene. Han understreka kor tette band det er mellom språk og personlegdom – at målforma ein nyttar, er ein viktig del av eins identitet. Både nynorsk og riksmål representerer norsk kulturarv, og den må me stå samla om å ta vare på, uttrykte han. Med det meinte han at riksmål og nynorsk hadde den same rivalen – samnorsken – og derfor burde stå samla mot den. «Vi må samle kreftene om ansvarsfull måldyrkning både i nynorsk og riksmål, og skyve den hatske striden mellom dem over i den fortid hvor den hører hjemme», uttalte han. Ifølgje Langslet var dette den viktigaste oppgåva i norsk kulturpolitikk per dags dato. Arnulf Øverland hadde uttalt noko tilsvarande då han vart formann i Riksmålsforbundet like etter 2. verdskrig, så det var ikkje noko nytt at talsmenn for riksmålsrørsla uttrykte seg slik overfor nynorsken.

Onsdag 20. juli 1977 kunne ein i Aftenposten lese eit lesarinnlegg som sette spørsmålsteikn ved Lars Roar Langslets utspel under opninga av bygdeutstillinga i Åseral. Innlegget var signert Olaf Linnerud frå Eidsvoll. Han innleidde med å konfrontere Langslet med nokre særskildte detaljerte statistikkar over fordelinga mellom nynorsk og bokmål som hovudmål, for så å samanlikne desse statistikkane med ein statistikk over fordelinga mellom målformene i NRK's nyheitssendingar. Ifølgje ein meir eller mindre fersk statistikk Linnerud hadde for handa, var det ikkje fleire enn drygt 10,5 % av den norske befolkninga som budde i kommunar med nynorsk som offisielt hovudmål. Talet på kommunar med nynorsk som offisielt hovudmål skulle ifølgje ein annan statistikk vere 103, som utgjorde knappe 22,5 % av

landets kommunar. Linnerud hadde sjølv utarbeidd ein statistikk over målbruken i NRK's nyheitssendingar, og han hadde visstnok registrert at heile 69 av totalt 107 nyheitssendingar i perioden 14. juni til og med 9. juli 1977 hadde vore på nynorsk. På bakgrunn av desse statistikkane meinte han sjølv sagt at målfordelinga i NRK's nyheitssendingar var særst urettferdig – at nynorsken var kraftig favorisert til tross for å vere ei soleklar minoritetsmålform. Derfor sette Linnerud spørsmålsteikn ved Langslets utsegn om at det burde vere ei æressak for alle å gi nynorsken tryggare kår. Er det riktig at nynorsken skal gis endå større fordelar, slik at den kan fortrenge riksmålet ytterlegare, spurte han. Han gikk òg til åtak mot Langslets utsegn om at nynorsktilhengjarar og riksmålstilhengjarar burde leggje den hatske striden bak seg. Det var vel for så vidt ikkje utsegna i seg sjølv han kritiserte, men snarare det faktum at riksmålsmannen Langslet openbart tok nynorskens parti, og at det i seg sjølv tvert om kunne føre til ei oppblussing i striden.

Fredag 14. oktober 1977 kom eit nytt lesarinnlegg på trykk i Aftenposten som gikk til åtak på Lars Roar Langslets nynorsk-utspel. Denne gongen er innlegget underteikna Ludvig Thorsen frå Stavanger. I likskap med Linnerud peika Thorsen òg på nynorskens påståtte overrepresentasjon i Rikskringkastinga. Han peika òg på det han oppfatta som ein «skulekrise», nemleg at det skriftspråket ein lærte på skulen, ikkje korresponderte med mesteparten av det språket ein støtte på elles i samfunnet. Ifølgje han sto skule og samfunn steilt mot einannan, sidan den store majoriteten av skriftspråkbrukarane prefererte riksmål framfor bokmål og nynorsk. Poenget hans var at den naturlege språkutviklinga og den offisielle språkpolitikken hadde gått i vidt forskjellige retningar, og han underbygde den påstanden ved å vise til riksmålets enorme utbreiing i presse og litteratur. Han meinte riksmålet i aller høgaste grad hadde bevist levedugleiken sin, medan tilslutnaden rundt nynorsken berre hadde vorte skralare etter krigen – trass i alle dei språkpolitiske tiltaka som hadde vorte sett i verk for å halde den ved lag. Når Langslet, som stortingsrepresentant og formann i kyrkje- og undervisningskomitéen, gir så eksplisitte signal om at kvar og ein bør bidra til å tryggje nynorskens levestandard, må det tolkast som at det generelt herskar ei avvisande haldning til nynorsken blant nordmenn, uttalte Thorsen. Langslet gav med andre ord uttrykk for at nynorsken ikkje var i stand til å klare seg sjølv, og at den var avhengig av språkpolitiske fordelar for å kunne overleve. Dette tolka Thorsen som nok eit teikn på at det var riksmål folk flest ville nytte – ikkje dei målformene styresmaktene hadde forsøkt å erstatte riksmålet med.

4.5. Ny innstilling frå Særutvalet

I løpet av 1977 hadde Særutvalet hatt ikkje mindre enn sju møte, og på desse møta hadde det rokke å behandle læreboknormalreglane for bøyning av inkjekjønnsord i bestemt form fleirtal, læreboknormalreglane for bøyning av hokjønnsord i bestemt form eintal og både rettskrivingsreglane og læreboknormalreglane for skrivemåten av enkeltord. Særutvalet ynskte å høyre det samla rådets vurdering av desse spørsmåla før det skulle gi frå seg si endelege innstilling, og denne høyringa skulle finne stad på årsmøtet i Norsk språkråd 27.-28. januar 1978 (Rambø, 1999: 161).

Dette seier Rambø:

Når det gjaldt reglane for inkjekjønn, bestemt form fleirtal, føreslo Særutvalet at følgjande ni ord framleis skulle ha obligatorisk *a*-ending i læreboknormalen: *barn, bein, beist, hol, kol, naut, segl, sev, krøtter*. Dessutan var det føreslått at ord av typen *kvantum* og *tema* skulle ha obligatorisk *ene*-ending i læreboknormalen. Elles gikk Særutvalet inn for full liberalisering av læreboknormalreglane for inkjekjønn, bestemt form fleirtal. Det hadde på møtet i Norsk språkråd i oktober 1976 vorte vedteke full liberalisering av rettskrivingsreglane for inkjekjønn, bestemt form fleirtal, men Særutvalet hadde i ettertid kome fram til at *ene*-ending for ord av typen *kvantum* og *tema* òg burde vere obligatorisk innanfor den vidare rettskrivinga (ibid: 161).

Dei føreslåtte læreboknormalreglane for hokjønn, bestemt form eintal, var derimot langt meir komplekse. Mange omsyn var tekne i betraktning, og på enkelte punkt hadde Særutvalet delt seg i to fraksjonar. Dei punkta det var semje om, var følgjande:

- 1a) Ord med obligatorisk *a*-ending skulle få valfri *a*- eller *en*-ending når dei vart nytta i overført betydning.
- 1b) Alle verbalekstrakt på *-ing* skulle få valfri *a*- eller *en*-ending. Særutvalet meinte ein likevel burde tilråde bruk av *a*-ending i visse ord med klart «særnorsk» form.
- 1c) Følgjande ord, som etter gjeldande læreboknormalreglar hadde obligatorisk *a*-ending, skulle få valfri *a*- eller *en*-ending: *alen, bie, bleie, bremse, fylgje, fyrstikk, gydje, hamingje, lyster, mosott, munnvik, skipreide* (skulle ha *-a/-en/-et*), *syre, ånder*.

2) Om lag 640 ord skulle framleis ha obligatorisk *a*-ending innanfor læreboknormalen. Blant desse var det mellom anna ca 390 ord med «særnorsk» form, og dei fleste av desse var ikkje i Riksmålsordlisten. I tillegg dreidde det seg om 27 ord som òg hadde obligatorisk *a*-ending i Riksmålsordlisten, om lag 130 ord som hadde valfri *a*- eller *en*-ending i Riksmålsordlisten, og omkring 90 ord som i den utstrekning dei var med i Riksmålsordlisten, hadde obligatorisk *en*-ending der (ibid: 162).

I tillegg var det altså usemje kring enkelte punkt, som totalt dreidde seg om ca 390 ord. På grunn av denne usemja valde Særutvalet å presentere to alternative forslag. Det fyrste forslaget var signert Bull, Jakobsen, Pettersen, Roksund og Vinje, og det gikk i all hovudsak ut på status quo – altså at alle dei aktuelle orda framleis skulle ha obligatorisk *a*-ending i læreboknormalen. Det andre forslaget kom frå Fjeld Halvorsen og Coward (Borgstrøm og fru Øverland trekte seg som medlemmer av Særutvalet tidleg i 1977, og vart erstatta av Coward). Dette forslaget gikk enkelt og greitt ut på valfri *a*- eller *en*-ending i læreboknormalen for alle dei om lag 390 orda (ibid: 162, 163).

Forslaga til læreboknormalreglar og rettskrivingsreglar for enkeltord var endå meir samansette, og denne kategorien var gjenstand for mykje usemje internt i Særutvalet. Derfor var det utarbeidd ei rekkje detaljerte og nyanserte forslag innanfor denne kategorien. Cowards og Fjeld Halvorsens prinsipielle standpunkt var at i dei tilfella det fanst formpar – ei tradisjonell form og ei radikal form – burde det i læreboknormalen òg vere rom for den tradisjonelle forma, dersom denne korresponderte med «alminneleg språkbruk». Bull, Jakobsen, Pettersen og Roksund var stort sett tilfredse med korleis normalen såg ut, medan Vinje på ei rekkje punkt ynskte ytterlegare radikaliserings av læreboknormalen (ibid: 163).

Dette står i Aftenposten:

Dagen før årsmøtet i Norsk språkråd skulle finne stad, torsdag 26. januar 1978, kunne ein i Aftenposten lese ein artikkel skriven av amanuensis Tor Guttu. Artikkelen har overskrifta «Nå kan Språkrådet få vist sin liberaliseringsvilje», og med det sikta Guttu sjølvsgatt til Norsk språkråds komande behandling av Særutvalets nye innstilling. Han uttalte at mykje av det ein skulle behandle på dei to fyrste punkta (inkjekjønns, bestemt form fleirtal og hokjønns, bestemt form eintal), burde gå rimeleg smertefritt. Det striden etter alt å døme kjem til å stå om på desse punkta, er dei om lag 390 hokjønnsorda som det er usemje om i Særutvalet, hevda han.

Han presiserte at det for desse to kategoriane berre dreidde seg om læreboknormalreglane, sidan reglane for den vidare rettskrivinga altså hadde vorte behandla på rådsmøtet i oktober 1976. Rådsvedtaka om praktisk talt full valfridom mellom konservative og radikale former innanfor den vidare rettskrivinga var gjenstand for ros av Guttu, men i same vending kritiserte han Språkrådet for vedtaket om at læreboknormalen òg skulle gjelde for målbruken i offentleg teneste. Det faktum at bruksområdet for læreboknormalen hadde vorte definert før innhaldet, tolka han som ein indikasjon på for lite velvilje.

Sjølv om det var enkelte aspekt ved læreboknormalreglane for hokjønnsbøyinga som framleis var veldig uavklarte, var det likevel det tredje og siste punktet som engsta Guttu mest – nemleg enkeltorda. Han uttalte at debattane kring inkjekjønnsorda og hokjønnsorda høgst sannsynleg ville verte prinsippdebattar, medan debatten kring enkeltorda fort kunne vise seg å verte langt meir inkonsekvent. I verste fall kjem rådet til å vedta på måfå eller støtte opp om dei radikale forslaga, uttalte han. Då vil i så fall normalen anten halde fram med å vere meir eller mindre inkonsekvent, eller den vil fjerne seg ytterlegare frå det allmenne skriftspråket, la han til. Han uttalte vidare at ein i nest verste fall kunne få eit status quo-vedtak, noko som sjølv sagt heller ikkje ville vere positivt i riksmålsauge. Det han betrakta som det nest beste utfallet, var om Språkrådet ville velje å vedta det som Særutvalet var samd om, og så utsetje resten – anten av tidsnaud eller som følgje av sakas vanskegrad. Ifølgje Guttu ville det aller beste vere om Coward og Fjeld Halvorsen kunne få gjennomslag for alle standpunkta sine. Viss det skjer, har ein vedteke byrjinga på slutten på norsk språkstrid, uttrykte han.

Same dag som fyrste dag av årsmøtet i Norsk språkråd vart arrangert, fredag 27. januar 1978, kom det ein kronikk på trykk i Aftenposten som dreidde seg om språksaka. Denne kronikken var skriven av professor Ingerid Dal. Dal innleidde kronikken med å vise til nokre døme på føreslåtte rettskrivings- og læreboknormalendringar som skulle behandlast på årsmøtet i Norsk språkråd. Ordformer som til dømes *mjøl*, *reim* og *lauv*, representerer «fremmedlegemer» i riksmål og øydelegg derfor dets integritet, uttrykte ho. Desse radikale folkemålsformene fører nemleg med seg ein ny stil og ein ny syntaks, la ho til. Ho avviste kategorisk at riksmålet berre representerte talemålet til ei lita gruppe nordmenn. Riksmålet representerer ikkje talemålet til ei bestemt gruppe menneske, men er derimot ei organisk fortsetjing av Noregs skrift- og kulturspråk, som har vakse fram naturleg utan nokon form for språkpolitisk tvang, uttrykte ho. Derfor skal alle kunne kjenne seg heime i dette skriftspråket – uansett kva for dialekt dei har, la ho til. Ifølgje Dal var det ikkje nokon grunn til å føle det som noka audmjuking at eit offisielt skriftspråk har opphavet sitt utanfor landegrensene. Ein

kan trekkje parallellar mellom riksmålet, som har opphavet sitt i København-dialekten, og dei offisielle skriftspråka i Austerrike og Sveits, som båe har mellomtysk opphav, uttalte ho. Austerrikarane og sveitsarane føler det ikkje som noko nederlag at skriftspråka deira har opphavet sitt utanfor landegrensene, endå skilnadene mellom dei respektive talespråka i desse to landa og mellomtysk er mykje meir djuptgåande enn skilnadene mellom dansk og norske dialektar, hevda ho. Nok ein gong vart den litterære arven nytta som argument til fordel for riksmålet:

Vårt nedarvede kultursprog er bærer av våre største nasjonale litteraturskatter, og gir adgang til dem. Det er en grotesk situasjon at våre barn skal opplæres i en sprogform som gjør Ibsens og Hamsuns verker sproglig fremmed for dem.

Som Knut Egil Steffens òg peika på (jf. Aftenposten-kronikken hans frå 25.05.76), hevda Dal at det er ei misforståing at det er ein sosial fordel at skriftspråket ligg nært opp til talemålet. I likskap med Steffens hevda ho at denne norske venstreorienterte oppfatninga paradoksalt nok ikkje har noko støtte i den kommunistiske ideologien. Ho refererte til Aust-Tyskland der ein tvert imot gikk hardt inn for at alle som nytta dialekt, skulle verte fortrulege med det offisielle skriftspråket – både i skriftleg og munnleg bruk. Dette vert betrakta som frigjerande, sidan ein på den måten får åtgang til dei nasjonale litteraturskattane og vert kapabel til å uttrykkje seg presist sjølv på område der den lokale dialekten ikkje strekkjer til, uttalte ho. Dal var av den oppfatninga at skriftspråket tvert imot burde ha ein styrande effekt på talemålet, slik at ei altfor rask talemålsutvikling hemmast.

Kor godt informerte Aftenposten lesarane sine?

Som ein kan lese ut ifrå det eg allereie har skrive, var det Tor Guttus artikkel som openbart gav Aftenposten-lesarane mest informasjon om sjølve innstillinga til Særutvalet. Han gav uttrykk for at Norsk språkråds komande behandling av punkta i innstillinga som omfatta inkjekjønning og hokkjønning i læreboknormalen, sannsynlegvis ville kome til å gå rimeleg greitt med unntak av dei om lag 390 hokjønnsorda det var usemje om i Særutvalet. På grunnlag av det Rambø har skrive, stemmer det nok at det var desse om lag 390 hokjønnsorda det var knytt mest spenning til på dei to fyrste punkta i innstillinga. Alt det andre på dei to fyrste punkta var jo Særutvalet samd om, så mykje kunne tyde på at alt bortsett ifrå dei om lag 390 orda i realiteten berre var formalitetar. I tillegg meinte Guttu at det var aller mest spenning knytt til punktet om enkeltorda, ettersom ein på dette punktet kunne få veldig mange

forskjellige utfall. På grunnlag av det Rambø har skrive, kan ein nok trekkje dei same slutningane. Enkeltorda utgjorde ein sær kompleks kategori, og det var mykje usemje i Særutvalet knytt til dette punktet i innstillinga.

Sjølv om Guttus artikkel ikkje avslører så veldig mange detaljar i Særutvalets innstilling, seier den likevel ganske mykje om kva punkt i innstillinga som var mest uavklarte, og som det derfor var knytt mest spenning til. Dessutan skisserte han ei rekkje moglege utfall av behandlinga av enkeltord-kategorien. Artikkelen hadde vore ganske mangelfull om målet hadde vore å gi lesarane ei detaljert oversikt over Særutvalets innstilling, men sidan den ikkje fyrst og fremst er ein nyheitsartikkel, synst eg likevel den er dekkjande nok. Ingerid Dal tok berre *utgangspunkt* i Særutvalets innstilling då ho skreiv kronikken sin, så den seier forsvinnande lite om kva resultat ein kunne vente seg av årsmøtet i Norsk språkråd.

4.6. Årsmøte i Norsk språkråd

4.6.1. Fyrste dag av årsmøtet

Særutvalets innstilling skulle altså behandlast i samla råd på årsmøtet i Norsk språkråd, og dette årsmøtet skulle finne stad i Bergen 27. og 28. januar 1978. Det var ikkje meininga at bokmålsnormalen skulle vere ferdig behandla etter årsmøtet. Særutvalet tok heller sikte på å leggje fram den endelege innstillinga si på det neste møtet i Norsk språkråd. Denne gongen ynskte det berre å høyre rådets samla syn på dei forslaga det hadde utarbeidd, og ta det med seg vidare i arbeidet (Rambø, 1999: 169).

Dette seier Rambø:

Den fyrste dagen av årsmøtet var prega av mykje debatt kring spørsmålet om språkundersøkingar. Alfred Jakobsen uttalte mellom anna at ein av grunnane til at han hadde valt å slutte seg til status quo-lina til Pettersen, Roksund og Vinje, var at det ikkje hadde vorte gjennomført slike undersøkingar sidan 1959. Geirr Wiggen var òg ein av dei som etterlyste vitskapelege granskingar om norske språkforhold som fundament for mange av dei revideringane delar av Særutvalet føreslo. Ifølgje han burde målet vere å få eit så talemålsnært skriftspråk som mogleg, og sidan den store majoriteten av nordmenn preika dialekt, burde det vere dialektane skriftspråket vart normert etter. Etersom Fjeld Halvorsen gikk inn for stor

grad av liberalisering, vart han kritisert av Wiggen for å vere udemokratisk og for å ha eit elitesyn. Wiggen hevda nemleg at dei Fjeld Halvorsen sikta til når han snakka om «aktive språkbrukarar», var riksmålsbrukarane – og berre dei. I tillegg hevda Wiggen at årsaka til at mange med dialekt som morsmål nytta riksmål, var at riksmålsformene hadde høgare sosial status enn dei radikale formene. Han meinte med andre ord at mange vart pressa til å nytte desse formene sjølv om dei eigentleg ikkje ynskte det, og at bakgrunnen for det var sosial prestisje. Nynorskmennene Alf Hellevik og Leif Mæhle støtta Wiggen med omsyn til kravet om undersøkingar. Mæhle meinte at dei radikale formene hadde hatt eit vesentleg gjennombrøt i den nye norske skjønnlitteraturen, og at undersøkingar følgjeleg ville dokumentere dette. Både Hellevik og Mæhle meinte at ein burde undersøkje *skriftspråket* – ikkje talespråket – for på den måten å få ei oversikt over kva former som dominerte. Fjeld Halvorsen var derimot av den oppfatninga at ein ikkje hadde behov for undersøkingar i dette tilfellet, ettersom det berre var snakk om *utviding* av valfridomen – ikkje *innskrenking*. I tillegg til at det var usemje om det i det heile teke var nødvendig med undersøkingar, var det òg strid om ein hadde tid og kapasitet til å gjennomføre det viss det skulle verte aktuelt. Fyrste dag av årsmøtet enda med at ein bestemte at drøftinga skulle halde fram i bokmålsseksjonen dagen etter (ibid: 170, 171).

I forkant av årsmøtet hadde Trygve Bull kome med noko han sjølv omtalte som eit kompromissforslag. Dette forslaget gikk ut på at Bull sjølv skulle vere villig til å støtte nesten alle forslaga som Coward og Fjeld Halvorsen hadde fremja, mot at riksmålsorganisasjonane gav opp ordformene *efter, nu, sprog, syv og tyve* – både innanfor læreboknormalen og den vidare rettskrivinga – og at dei gav opp den uoffisielle riksmålsnormalen (ibid: 168). På fyrste dag av årsmøtet gav Coward uttrykk for at dette tilbodet hadde vorte drøfta blant riksmålsrepresentantane i rådet, og at dei kunne vere interesserte i å slå til på det (ibid: 171).

Dette står i Aftenposten:

Laurdag 28. januar 1978 kunne ein lese om fyrste dag av årsmøtet i Aftenposten. Ikkje overraskande var det Bulls kompromissforslag som vart gjenstand for mest omtale. I ingressen står det at det var knytt mykje spenning til Bulls forslag, som var venta å verte ytterlegare behandla på andre dag av årsmøtet. Tilbodet frå Bull vart i Aftenposten omtalt som ein «hestehandel» – altså ein impulsiv byttehandel som ingen av partane eigentleg ser heilt

konsekvensane av. Med det same kan nok forslaget sjå ut som noko ein knapt kan kalle eit kompromissforslag, men ved nærmare ettersyn vil ein sjå at riksmålsorganisasjonane likevel måtte ofre ein del om dei takka ja til Bulls tilbod. Bull hadde nemleg sagt at han berre var villig til å støtte *nesten* alle forslaga til Coward og Fjeld Halvorsen. Dessutan var det ein god del former som på det tidspunktet var inkluderte i Riksmålsordlisten, som det ikkje var kome forslag om frå Coward og Fjeld Halvorsen. Følgjeleg ville riksmålsorganisasjonane òg vere nøyddde til å gi heilt slepp på desse. I Aftenposten-artikkelen er det derimot ikkje nemnt at Bull òg kravde at riksmålsorganisasjonane måtte gi opp den uoffisielle riksmålsnormalen deira. Det er kanskje ikkje så rart, ettersom det sikkert vart betrakta som underforstått at ein måtte gi slepp på riksmålsnormalen om ein kom fram til ei akseptabel kompromissløyning.

Vidare i artikkelen står det at Bull hadde gitt uttrykk for at han var skuffa over at nesten seks års forhandlingar ikkje på langt nær hadde resultert i den avspenninga i striden som mange hadde forventa. Vogt-komitéen hadde allereie i 1966 konkludert med at det var uheldig at former som har tradisjon i skriftspråk, og som framleis er levande i litteratur og tale, er utestengde frå den offisielle rettskrivinga. Nesten tolv år etter var bokmålsnormalen framleis den same – berre supplert av liberaliseringsvedtaket – og det var Bull skuffa over.

Kor godt informerte Aftenposten lesarane sine?

Aftenposten-artikkelen som skulle samanfatte fyrste dag av årsmøtet i Norsk språkråd, dreidde seg altså stort sett om Bulls kompromissforslag. Det er sjølvsagt ikkje rart at dette forslaget fikk så mykje merksemd, ettersom det både var eit sensasjonelt og sjenerøst tilbod til riksmålsorganisasjonane. Likevel synst eg det er litt påfallande at debatten om vitskaplege undersøkingar ikkje vart nemnt med eit einaste ord. Store delar av fyrste dag av årsmøtet gikk med til denne debatten, og spørsmålet om undersøkingar var framleis ikkje avklart då møtet vart heva. Viss det skulle verte vedteke at ein skulle gjennomføre omfattande undersøkingar, kunne det få negative følgjer for riksmålets sak – både i form av at reforma kunne verte utsett, og i form av at enkelte representantar i Språkrådet kunne kome til å endre standpunkt på grunnlag av funna. Derfor synst eg altså det er litt rart at denne debatten ikkje fikk nokon omtale i det heile teke. Såleis er det ikkje urimeleg å hevde at Aftenposten-artikkelen gir eit veldig mangelfullt bilete av fyrste dag av årsmøtet.

4.6.2. Andre dag av årsmøtet

Dette seier Rambø:

På andre dag av årsmøtet heldt ein fram med å drøfte behovet for undersøkingar. Denne gongen vart det berre drøfta i bokmålsseksjonen. Etter mykje drøfting vart det til slutt semje om at ein skulle be styret i Norsk språkråd om å drøfte korleis ein eventuelt kunne få i stand ei undersøking for å vise bruken av visse ord og former i skriftspråket. Sidan ein ikkje hadde fått tid til å drøfte sjølve innstillinga til Særutvalet, vart det fremja forslag om å arrangere eit ekstraordinært arbeidsmøte for bokmålsseksjonen og Særutvalet. Lars Sødal peika på at det var styret som måtte avgjere om ein skulle ha eit slikt arbeidsmøte eller ikkje. Det vart dermed einstemmig vedteke at ein skulle be styret om eit slikt møte. Dermed vart seksjonsmøtet heva, og behandlinga av Særutvalets innstilling vart utsett fram til eit eventuelt arbeidsmøte (Rambø, 1999: 178).

Dette står i Aftenposten:

Måndag 30. januar 1978 kunne ein i Aftenposten lese ein optimistisk artikkel om årsmøtet i Norsk språkråd. Artikkelen har overskrifta «Bokmåls- og riksmålsfolk med vilje til å samarbeide». I ingressen står det at «[d]et er lagt opp til borgfred i Norsk språkråd under møtet i Bergen», og at det moderate riksmålsfolket og det radikale bokmålsfolket står einannan nærmare enn før, og i alle høve ynskjer å møtast oftare til forhandling. Især Bull vart rost for forsøket sitt på å få til fredelege løysingar på vegen mot eit felles riksmål, og med det vart det sjølv sagt sikta til den såkalla «hestehandelen» hans. Forfattar og riksmålsrepresentant Ebba Haslund hadde uttalt på møtet at bokmålsrepresentantane hadde vist så stor grad av forhandlingsvilje, at riksmålsorganisasjonane no burde vere villige til å gi frå seg fleire av faneorda sine. Det vitna litt om den auka samarbeidsviljen mellom fraksjonane. I artikkelen vart det slått fast at revisjonen av bokmålsnormalen – og spesielt læreboknormalen – ville halde fram med å vere hovudsak på dei neste møta i Språkrådet, og at språkundersøkingar skulle syte for endå betre grunnlagsmateriale. Det siste er ei sanning med modifikasjonar, ettersom det på dette tidspunktet ikkje var avgjort om ein skulle gjennomføre slike undersøkingar eller ikkje. Som eg har skrive tidlegare, var det til slutt vorte forholdsvis brei semje i bokmålsseksjonen om at det kunne vere føremålstenleg å gjennomføre nokre undersøkingar, men det var til sjuande og sist styret i Norsk språkråd som skulle avgjere det.

Viss ein skulle gjennomføre undersøkingar, var det for å få eit bilete av frekvensen av radikale bokmålsformer i moderne norsk litteratur, skriven av til dømes Finn Carling, Kåre Holt, Dag Solstad og Jon Michelet.

Kor godt informerte Aftenposten lesarane sine?

Sjølv om ein òg brukte delar av andre dag av årsmøtet til å drøfte behovet for språkundersøkingar, fikk ikkje denne drøftinga og utfallet av den særskilt mykje omtale i Aftenposten denne gongen heller. Men Aftenposten kunne i alle høve opplyse om at det var dei radikale formenes utbreiing i moderne litteratur som skulle vere gjenstand for undersøking dersom det vart aktuelt med språkundersøkingar.

I tillegg kunne ein altså lese at grunnlaget for forhandling mellom riksmålsrepresentantane og språkradikalarane i Norsk språkråd var betre enn nokon gong. På grunnlag av det som står skrive i Aftenposten-artikkelen, er det vanskeleg å avgjere kva som spesifikt var bakgrunnen for ei slik slutning. Bulls sensasjonelle kompromissforslag var utvilsamt noko av bakgrunnen, men det var openbart noko meir enn berre det som låg til grunn. Ein hadde jo ikkje fått tid til å drøfte sjølve innstillinga til Særutvalet, så ein hadde ikkje fått konkrete svar på kor det samla rådet stod hen i forhold til dei forslaga Særutvalet hadde utarbeidd. Det faktum at rådet ikkje hadde fått tid til å behandle innstillinga, vart det heller ikkje opplyst eksplisitt om.

4.7. Knut Egil Steffens' forslag til løysing på språkspørsmålet

Sidan ein ikkje fikk tid til å behandle sjølve innstillinga til Særutvalet på årsmøtet i slutten av januar 1978, vart det, som føreslått på det nemnde møtet, arrangert eit ekstraordinært arbeidsmøte for bokmålsseksjonen og Særutvalet. Dette møtet fann stad laurdag 17. juni 1978. I forkant av dette møtet, nærmare bestemt torsdag 8. juni 1978, kom det ein kronikk på trykk i Aftenposten som tok utgangspunkt i dei sakene som skulle behandlast på dette arbeidsmøtet. Kronikken var skriven av Knut Egil Steffens. Steffens, som hadde vorte fast representant i Norsk språkråd etter at fru Øverland måtte gi seg, skulle sjølv delta på dette arbeidsmøtet og hadde følgjeleg sett seg inn i det ein skulle ta stilling til. Han skreiv at det ein mellom anna skulle ta stilling til på dette møtet, var kor vid eller trong læreboknormalen skulle vere, og då sikta han fortrinnsvis til dei rundt 390 hokjønnsorda det var usemje om i Særutvalet, og kring

hundre enkeltord. Forhåpentlegvis vil medlemmene av bokmålsseksjonen ta omsyn til paragraf 1a i Lov om Norsk språkråd når dei skal ta stilling til desse spørsmåla, uttalte han. Paragraf 1a slo nemleg fast at Språkrådet skulle arbeide for språkvern, vern om den enkelte borgars rett når det gjaldt bruken av språket, og toleranse og respekt mellom dei ulike språkgruppene. Viss former som *boka*, *lufta* og *sola* ikkje krenkjer enkelte borgarars språklege rettar, er årsak til brot i den språklege kontinuiteten eller hemmar framveksten av toleranse og respekt mellom språkgruppene, skulle det ikkje vere nokon grunn til ikkje å akseptere desse som eineformer i læreboknormalen, uttrykte han. Viss ein derimot ikkje kan nekte fullt og heilt for at desse formene kan medføre ein eller fleire av dei nemnde konsekvensane, kan ein ikkje akseptere at desse formene held fram med å vere eineformer, uttalte han vidare. Då vil den språkpolitiske praksisen vere i strid med nemnde paragraf 1a, avslutta han. Han hevda dessutan at språkradikalarane ville gjere seg sjølve ei bjørneteneste dersom dei gikk inn for og fikk gjennomslag for forslag om ein stadig restriktiv læreboknormal, ettersom slik språkleg tvang som det ville medføre, berre ville hemme utviklingstendensar i retning av språkleg samling. Tanken var altså at vedtak om ein stadig restriktiv læreboknormal berre ville skjerpe språkstriden, og at følgjene av det igjen ville vere at den naturlege samlingsutviklinga stagnerte, sidan det følgjeleg ville herske ytterlegare motstand blant store delar av det norske folket. Han refererte til paragraf 1b i Lov om Norsk språkråd som slo fast at rådet skulle støtte opp under dei utviklingstendensane som på lengre sikt kunne føre målformene nærmare einannan.

Vidare i kronikken presiserte Steffens det faktum at dyrking og normering var og framleis er ein essensiell del av Norsk språkråds arbeid. Norsk språkråd er ikkje berre eit passivt, registrerande organ som gir etter for all naturleg språkutvikling, uttalte han. Han refererte til paragraf 1c i Lov om Norsk språkråd som påla rådet å fremje forslag om språkbruken i skulen, og han konstaterte at ein ikkje måtte gjere seg til talsmenn for «en tøylesløs, anarkisk frihet i skolens lærebøker, og heller ikke i den offentlige administrasjon». Med det konstaterte han altså at rettskrivinga og især læreboknormalen nødvendigvis bør ha forholdsvis faste rammer, for det er jo nettopp det som er heile poenget med ein offisiell skriftnormal. På bakgrunn av dette hadde han kome fram til følgjande løysing på læreboknormalspørsmålet: Han såg føre seg at ein kunne tillate alle tre bokmålsvariantane (riksmål, moderat bokmål og radikalt bokmål) innanfor læreboknormalen. Sjølv om det ville generere stor grad av valfridom, ville normalen framleis vere meir restriktiv enn den vidare rettskrivinga, sidan ein

innanfor læreboknormalen ville vere nøydd til å halde seg konsekvent til éin og same variant. Viss ein til dømes valde å skrive riksmål, måtte ein gjere det fullt og heilt.

I tillegg til den løysinga som eg akkurat har gjort greie for, presenterte Steffens ei alternativ løysing – ein slags plan B. Dersom fleirtalet i bokmålsseksjonen i Norsk språkråd ikkje ville vere villig til å legitimere ein tredje likestilt skriftspråkvariant, ville han tilråde ein læreboknormal der dei mest utbreidde tradisjonelle formene vert inkluderte, slik at normalen ikkje ville avvike for mykje frå den språkbruken som dominerte i presse og litteratur og blant folk flest. Alle dei formene som altså hadde stor utbreiing i aviser, vekeblad, skjønnlitteratur og faglitteratur, burde verte innlemma i læreboknormalen, meinte Steffens. Det ville mellom anna medføre at felleskjønnsformer som *solen*, *luften* og *døren* måtte likestillast med *sola*, *lufta* og *døra*. Samstundes peika han på at ordformer som *jenta* og *bygda* burde halde fram med å vere eineformer i læreboknormalen, sidan slike ord sjeldan vart skrivne med felleskjønnsending. Dermed ville ein likevel få ein trongare normal ved sida av rettskrivinga.

4.8. Årsmøte i Norsk språkråd

Særutvalet skulle leggje fram si endelege innstilling på årsmøtet i Norsk språkråd 26.-27. januar 1979, så det var sjølvsagt knytt mykje spenning til dette møtet. Utvalet hadde hatt to interne møte etter det omtalte arbeidsmøtet i juni 1978, og på desse møta hadde det mellom anna utarbeidd forslag til nye rettskrivings- og læreboknormalreglar for preteritum av svake verb. Kort fortalt bestod den endelege innstillinga av følgjande punkt:

- 1.) Forslag om nokre få unntak frå hovudregelen om valfri -a/-ene i bestemt form fleirtal av inkjekjønn innanfor rettskrivinga.
- 2.) Forslag om at ni, eventuelt elleve, inkjekjønnsord skulle ha obligatorisk *a*-ending innanfor læreboknormalen.
- 3.) Forslag om nokre få unntak frå hovudregelen om valfri -a/-en i bestemt form eintal av hokjønnsord innanfor rettskrivinga.
- 4.) Forslag om regulering av hokjønnsorda innanfor læreboknormalen. Den einaste endringa som hadde skjedd på dette punktet sidan førre årsmøte, var at dei om lag 390 orda det var usemje om i Særutvalet, hadde vorte fordelt på tre lister i staden for to.
- 5.) Forslag om regulering av enkeltord innanfor både rettskrivinga og læreboknormalen.

6.) Forslag om regulering av reglar for preteritum av svake verb innanfor både rettskrivinga og læreboknormalen. Det var òg føreslått at kløyvd infinitiv skulle gå ut (Rambø, 1999: 216).

4.8.1. Fyrste dag av årsmøtet

Dette seier Rambø:

Store delar av fyrste dag av årsmøtet gikk med til å drøfte det sensasjonelle «bytehandel»-forslaget til Bull, som altså opphavleg gikk ut på at Bull sjølv ville vere villig til å støtte nesten alle forslaga til Coward og Fjeld Halvorsen, dersom riksmålsorganisasjonane gav opp fem såkalla faneord – *nu, efter, sprog, syv og tyve* – og den uoffisielle riksmålsnormalen. Årsaka til at dette vart drøfta i plenum, var at Fjeld Halvorsen under møtet fremja eit forslag om at heile bokmålsseksjonen slutta seg til Bulls forslag. Dette skapte naturleg nok mykje debatt. Nokre av medlemmene meinte at dette forslaget snarare kunne betraktast som ein unødvendig kapitulasjon enn eit kompromissforslag – især fordi Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur hadde antyda at det ikkje ville gi slepp på si uoffisielle norm sjølv om forslaget skulle få gjennomslag. Det vart til slutt stemt over forslaget til Fjeld Halvorsen, og det vart forkasta med elleve mot ti stemmer (ibid: 226, 227).

Bokmålsseksjonen bestemte seg derfor for å stemme over forslaga til Særutvalet punkt for punkt. Når det gjaldt forslaga om bestemt form fleirtal av inkjekjønn, vart alle forslaga einstemmig vedtekne unntatt forslaget til Jakobsen, Pettersen, Roksund og Vinje om at orda *dyr* og *garn* skulle ha obligatorisk *a*-ending i læreboknormalen. Dette vart forkasta (ibid: 227). Alle forslaga om bestemt form eintal av hokjønnsord som Særutvalet stod samla om, vart òg einstemmig vedtekne. Når det gjaldt dei hokjønnsorda det var usemje om i Særutvalet, vart det for alle dei om lag 390 orda vedteke full valfridom mellom *a*- og *en*-ending (ibid: 228, 229).

Dette står i Aftenposten:

Laurdag 27. januar 1979 trykte Aftenposten ein artikkel som gjorde greie for fyrste dag av årsmøtet i Norsk språkråd. Artikkelen har overskrifta «Ingen avtale om sprogfred, men liberal læreboknormal». Ikkje overraskande vart Bulls sensasjonelle forslag gjenstand for ein del omtale. Sjølv om enkelte av medlemmene i bokmålsseksjonen i Språkrådet hadde omtalt dette forslaget som ein kapitulasjon, vart det i Aftenposten karakterisert som eit kompromiss som

kunne ha vorte ein «rammeavtale for fred». Samstundes som det vart omtalt som eit kompromiss, vart det likevel lagt trykk på kor *lite* riksmålsrørsla måtte ha gitt avkall på til fordel for full liberalisering innanfor både rettskrivinga og læreboknormalen. Haagen Ringnes, representant for Norsk Rikskringkasting, skulle ha kalla forslaget for ei «språkpolitisk kloning». Viss det hadde vorte fleirtal for dette forslaget, ville det betydd slutten på heile dette hundreårets offisielle språkpolitiske line, skulle nokon ha hevda. Fjeld Halvorsen, derimot, som hadde bede bokmålsseksjonen om å ta stilling til dette forslaget, hadde uttalt at han berre tok konsekvensen av situasjonen slik den var, der ei lang rekkje riksmålsformer framleis var levande til tross for ein restriktiv språkpolitikk. Ifølgje Bull hadde tida vore inne for å gjere eit «dristig sprang», slik at ein kunne leggje bak seg den bitre språkstriden ein gong for alle. Han uttrykte at han hadde teke Vogt-komiteéns konklusjonar til etterretning ved å fremje eit slikt forslag. Mykje av bakgrunnen for forslaget var òg at han frykta at riksmålsorganisasjonane skulle trekkje seg ut av rådet. I så tilfelle ville det betydd slutten på Norsk språkråd, meinte han. Dessverre for riksmålstilhengarane vart altså dette forslaget forkasta med éi stemmes overvekt. Artikkelen konstaterte derimot at det vart ei markert liberalisering av læreboknormalen med omsyn til både inkjekjønns- og hokjønnskategorien. I forkant av årsmøtet hadde det vore knytt mykje spenning til dei om lag 390 hokjønnsorda det var usemje om i Særutvalet, så det var sjølvstundt ein stor siger for riksmålsfolket at det vart vedteke full valfridom mellom *-a* og *-en* for alle desse orda. Dei andre vedtaka som gjaldt enkeltpunkt i Særutvalets innstilling, og som vart fatta i løpet av den fyrste dagen, kan vel nærmast betraktast som formalitetar. Artikkelen kunne opplyse om at nesten 400 av dei totalt 648 hokjønnsorda som etter dei gjeldande læreboknormalreglane hadde obligatorisk *a*-ending, fikk valfri *a/en*-ending etter dei nye vedtaka. Ord som *and*, *bøtte*, *elv*, *flue*, *gran*, *grind*, *klype* og *flyndre*, var blant desse, kunne Aftenposten opplyse om.

Kor godt informerte Aftenposten lesarane sine?

Som på det førre årsmøtet i Norsk språkråd, var det Bulls kompromissforslag som fikk mest merksemd i Aftenposten. I artikkelen kunne ein både lese om bakgrunnen for Bulls forslag og Fjeld Halvorsens grunngiving for at han hadde bede bokmålsseksjonen om å ta stilling til forslaget. Dessutan seier artikkelen òg noko om kva reaksjonar Bulls forslag vart møtt med av språkradikalarane.

Når det gjaldt reformvedtaka som vart fatta på den fyrste møtedagen, opplyste Aftenposten-artikkelen ikkje berre om at det hadde vorte vedteke brei liberalisering av læreboknormalen innanfor både inkjekjønns- og hokjønns-kategorien, men den gav òg ei rekkje døme på kva hokjønnsord som kom til å få valfri *a/en*-ending dersom Språkrådets forslag vart teke til etterretning. På bakgrunn av dette vil eg seie at Aftenposten gav ei ganske dekkjande framstilling av fyrste dag av årsmøtet.

4.8.2. Andre dag av årsmøtet

Dette seier Rambø:

På andre dag av årsmøtet var det duka for behandlinga av enkeltord og preteritum av svake verb, både innanfor rettskrivinga og læreboknormalen. I tillegg var det eit punkt i innstillinga som dreidde seg om kløyvd infinitiv, men dette punktet gjaldt berre rettskrivinga. Når det gjaldt kategorien enkeltord, vart orda stemt over enkeltvis. I nokre tilfelle kunne ein velje mellom meir enn to alternativ, og då kunne ein stemme primært og subsidiært. Ettersom det stort sett var sær jamne avstemmingar, vart det liten konsekvens med omsyn til kva ordformer som vart tillatne og ikkje. Til dømes vart ordforma *mave* tillate, medan *farve* vart forkasta (Rambø, 1999: 229).

Når det gjaldt preteritum av svake verb, vart alle forslaga som Særutvalet stod samla om, vedtekne. Dette medførte at ei stor mengd svake verb fikk valfri *a-* eller *et*-ending i preteritum. Dessutan vart det vedteke at ei rekkje sideformer med *dde*-ending i preteritum skulle takast ut. Sjølv om Særutvalet i utgangspunktet stod samla om forslaget om at kløyvd infinitiv skulle gå ut, vart det forkasta med tjue stemmer mot éin (ibid: 230, 231). Når det gjaldt dei verba som Særutvalet ikkje stod samla om, vart det vedteke brei liberalisering. Alle forslaga som innebar størst grad av liberalisering, vart vedtekne (ibid: 232, 233).

Dette står i Aftenposten:

Måndag 29. januar 1979 kunne ein lese ein artikkel i Aftenposten som dreidde seg om årsmøtet i Norsk språkråd. I ingressen kunne ein lese at Coward hadde uttalt at dei vedtaka som hadde vorte fatta under årsmøtet, sannsynlegvis ville medføre ei stor avspenning i språkdebatten. No er me klare til å stå saman mot større farar som trugar språket vårt, uttrykte han. Wiggen meinte derimot at hovuddelen av læreboknormalen var «rasert» som følgje av

dei liberaliseringsvedtaka som vart fatta. Nokon meinte – i motsetnad til Coward – at desse vedtaka tvert imot berre ville føre til ytterlegare strid, men mange var av den oppfatninga at striden omsider ville leggje seg. Uansett kva følgjer vedtaka ville få, kunne Aftenposten i alle høve konstatere at det hadde vorte vedteke brei liberalisering, innanfor læreboknormalen så vel som den vidare rettskrivinga. Det vart likevel understreka at det var Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Stortinget som hadde dei siste orda i saka. Karakteristiske riksmålsformer som *efter*, *nu*, *sprog*, *sne*, *farve*, *torv*, *syv* og *tyve*, var ikkje blant dei som ville få plass i den nye bokmålsnormalen om Norsk språkråd fikk det som det ville. Derimot var det mange andre riksmålsformer som fikk plass – òg i læreboknormalen. Aftenposten kunne informere om at følgjande ordformer var blant dei som skulle verte jamstilte, om Språkrådet fikk medhald i departement og Storting: *frem/fram*, *syd/sør*, *dugg/dogg*, *dukke/dokke*, *vugge/vogge*, *gulv/golv*, *bro/bru*, *lyve/ljuge/lyge*, *skjev/skeiv*. Det er dessutan verdt å nemne at dei to fyrstnemnde riksmålsformene, *frem* og *syd*, vart jamstilte med dei radikale formene sjølv om dei på dåverande tidspunkt ikkje var ein del av bokmålsnormalen i det heile teke.

Når det gjaldt verbbyyninga, kunne Aftenposten informere om at det mellom anna vart vedteke at det skulle vere mest mogleg jamstilling *-a/-et* ved verb med blanda bøyning – altså verb som kunne ha både *a-*, *et-* og *te/de-*ending i preteritum etter gjeldande rettskriving. Ei rekkje verb som etter gjeldande rettskriving berre hadde *-te/-de* i preteritum, skulle få blanda bøyning. Det vil altså seie at det òg vart tillate å nytte *a-* og *et-*ending i preteritum av desse verba. Dette gjaldt til dømes verb som *bone*, *ense*, *luse*, *bane* og *dure*. I tillegg vart *tygget* jamstilt med *tygde*. Ein kunne òg lese – som eg allereie har nemnt – at kløyvd infinitiv skulle halde fram med å vere sideform.

Vidare i artikkelen kunne ein lese at det hadde oppstått ein plenumsdebatt om faren for parallelle lærebøker, sidan valfridomen innanfor læreboknormalen skulle verte sterkt utvida. Direktøren i Cappelens forlag, Sigmund Strømme, meinte det *kunne* verte både ei nasjonaløkonomisk og pedagogisk byrde, men slo fast at det i lærebokforlaga herska ein eintydig vilje til å unngå ei slik utvikling. Han trudde ikkje det ville verte noka dramatisk omvelting, ettersom ingen former skulle verte tekne ut av normalen. Andreas Skartveit i Gyldendal frykta derimot at pressgrupper ville kome til å krevje slike parallellutgåver.

Til slutt i artikkelen vart det konkludert med at verken riksmålsfolket eller språkradikalarane fikk det heilt som dei ville. Det er jo klart at riksmålsrepresentantane i Norsk språkråd ikkje fikk gjennomslag for alt dei skulle ynskje, men eg trur likevel det ikkje herskar nokon tvil om kva part som gikk sigrande ut av dette møtet. Heilt avslutningsvis kunne ein lese dette:

«Sprogfred blir det ikke, men de fleste sprogbrukere har sannsynligvis et håp om en aldri så liten avspenning. Mulighetene skulle være tilstede».

Kor godt informerte Aftenposten lesarane sine?

Eg synst innhaldet i denne Aftenposten-artikkelen verkar å vere ganske dekkjande for det som skjedde i løpet av andre dag av årsmøtet i Norsk språkråd. Den gav lesarane god oversikt over kva språklege kategoriar som vart behandla, og den gjorde òg ganske tilstrekkeleg greie for utfalla av dei ulike avstemmingane. Til og med status quo-vedtaket som gjaldt kløyvd infinitiv, er nemnt. Artikkelen nemner dessutan ei rekkje døme på enkeltord og verbformer som etter planen skulle få plass i den nye læreboknormalen/rettskrivinga. I tillegg kunne ein altså lese at reaksjonane på vedtaka var veldig delte: Mange meinte at vedtaka ville føre til ei vesentleg avspenning i språkdebatten, medan enkelte andre frykta at dei tvert imot ville stimulere til auka språkstrid.

4.8.3. Leiarartikkel om årsmøtet

Aftenposten hadde òg kosta på seg ein leiarartikkel om resultata av årsmøtet i Norsk språkråd. Den kom på trykk tysdag 30. januar 1979 og har overskrifta «I riktig retning». Bokmålsseksjonens vedtak vart betrakta som både eit «oppmuntrende og interessant trekk i vår sprogpolitiske historie». Leiar skribenten slo fast at desse vedtaka vitna om kor levedyktig riksmålet er, trass i fleire tiår med systematisk undertrykking. Til tross for stor språkpolitisk motstand over lang tid, var riksmålet stadig det naturlege skriftspråket til eit fleirtal av det norske folket, og det var nettopp dette Norsk språkråd hadde teke konsekvensen av, meinte skribenten. Som det òg sto noko om i den førre artikkelen eg har omtalt, kunne ein lese at enkelte, pessimistiske kommentatorar rekna med ein ny og endå bitrare språkstrid som følge av dei vedtaka som hadde vorte fatta. I den samanhengen sette leiar skribenten eit stort spørsmålsteikn ved mykje av grunnlaget for språkstriden, nemleg motsetnaden mellom 1800-talets embetsmannskultur og nasjonal reising. Ein ting er at det var utgangspunktet for norsk språkstrid, men ein annan ting er at denne motsetnaden framleis pregar språkdebatten, vart det peika på. Skribenten meinte det var på høg tid at ein la bak seg den historiske ballasten og forsøkte å få til ei meir pragmatisk tilnærming til stridsobjektet. Korleis er språksituasjonen *i augneblinken*? Kva former ynskjer *fleirtalet* av nordmenn? Ein burde altså ta eit endeleg oppgjer med «dansketidskomplekset», meinte skribenten.

I artikkelen kunne ein òg lese at enkelte frykta kva konsekvensar ei slik utviding av både rettskrivinga og ikkje minst læreboknormalen ville få i skulen. Dei såg føre seg at det ville generere stor språkleg forvirring blant elevane, og at lærarane ikkje ville få tilstrekkeleg oversikt over kva former som var tillatne og ikkje. Aftenposten-skribenten meinte derimot at ei innføring av dei mange riksmålsformene berre ville auke språkkjensla hos elevane. Det vart peika på at dei gjeldande skiljelinene mellom tillatne og ikkje tillatne *en*-endingar kunne verke heilt tilfeldige for vanlege språkbrukarar. Desse i alle høve tilsynelatande vilkårlege skiljelinene ville ein i stor grad sleppe om Norsk språkråds forslag skulle gå igjennom i departement og Storting.

5. Behandling av Norsk språkråds innstilling i Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Stortinget (1979 - 1981)

5.1. Skuldingar om bevisst trenering

Alle vedtaka som gjaldt bokmålsrettskrivinga og den tilhøyrande læreboknormalen, vart samanfatta til ei fullstendig innstilling og sendt til Kyrkje- og undervisningsdepartementet for ytterlegare behandling. Departementet tok imot innstillinga 16. oktober 1979 – nesten ti månader etter at den var ferdig vedteken i Norsk språkråd. No var det opp til departement og Storting å avgjere om Språkrådets innstilling skulle takast til etterretning eller ikkje (Rambø, 1999: 270).

Då Kyrkje- og undervisningsdepartementet byrja si behandling av innstillinga, valde det å sende den til høyring i Grunnskolerådet, Rådet for videregående opplæring og Lærerutdanningsrådet. Svarfristen var i utgangspunktet sett til 1. februar 1980, men sidan det var utskifting av rådsrepresentantar ved årsskiftet, valde departementet etter kvart å utsetje fristen til 1. april same år. Dette forårsaka stor misnøye i riksmålsrørsla – ikkje berre fordi saksbehandlinga tok lang tid, men òg fordi fleire av representantane i desse råda òg var representerte i Norsk språkråd og følgjeleg allereie hadde ytra sine synspunkt. Kyrkje- og undervisningsdepartementet vart på bakgrunn av dette skulda for å drive bevisst treneringspolitikk (ibid: 275). Dette kom til dømes fram i eit Aftenposten-innlegg som kom på

trykk laurdag 12. januar 1980. Innlegget har overskrifta «Sprog, språk og toleranse» og er skriva av Steinar Wiik. Wiik kritiserte både Norsk språkråd og Kyrkje- og undervisningsdepartementet for treig saksbehandling, og han kunne avsløre at riksmålsrørsla truga med å trekkje ut representantane sine frå Norsk språkråd som følgje av det dei oppfatta som bevisst trenering frå departementets side. Viss det skulle skje, ville ein verte sett tilbake til tidlegare års stillingskrig mellom partane i språkstriden, meinte Wiik. Det er ikkje berre riksmålet og riksmålstilhengarane som ikkje er tente med det, men norsk språk i sin heilskap, hevda han. Då ville ein stadig halde fram med å kjempe ein intern, ressurskrevjande kamp som ville gjere norsk språk endå meir sårbart for påverknad utanfrå. Wiik meinte nemleg at den aller største trugselen mot norsk språk var den stadig aukande bruken av lånord – fyrst og fremst frå engelsk og svensk.

Sjølv om Wiik talte riksmålets sak, var han ikkje snau med å presisere kor viktig det var at riksmålsforkjemparane utviste toleranse overfor nynorsken. Det er samnorsken som er riksmålets fiende – ikkje nynorsken, understreka han. Men sjølv om det er det som er tilfelle, vert nynorsken likevel stadig utsett for åtak frå riksmålskald, uttalte han. Han peika på at aksjonane mot sidemålsstil i skulen var eit døme på slike åtak. Det same var den stadig pågåande kritikken retta mot fordelinga mellom bokmål og nynorsk i Riksringkastinga. Mange – deriblant ihuga riksmålstilhengarar – gav stadig uttrykk for misnøye med omsyn til nynorskens plass i NRK-sendingane. Nynorskkvota i NRK samsvarte ikkje med den reelle brukarprosenten, og det var det mange som ikkje fann logikken i. Wiik meinte tvert imot at det var heilt rimeleg at nynorskkvota var vesentleg større enn brukarprosenten, ettersom nynorsken, som ei målform på vikande front, trengte ekstra vern for å overleve. Riksmålet hadde jo bevist gjennom fleire tiår med systematisk undertrykking at det var overlevingsdyktig, så det ville halde fram med å leve i beste velgåande uavhengig av kva målkvoter NRK opererte med, hevda han.

Onsdag 13. februar 1980 kom det på trykk ikkje mindre enn to artiklar i Aftenposten som tematiserte Kyrkje- og undervisningsdepartementets behandling av Språkrådets innstilling. I morgonutgåva kunne ein lese at leiaren i kyrkje- og undervisningskomitéen, Lars Roar Langslet, sette spørsmålsteikn ved departementets arbeid i rettskrivingssaka. Han uttalte at den langdryge saksbehandlinga var i ferd med å skape misstemning og mistanke om at departementet dreiv med overlagt trenering. At departementet hadde sendt ut innstillinga til høyring i diverse skuleråd, oppfatta Langslet som litt påfallande, ettersom alle dei aktuelle råda var godt representerte i Norsk språkråd. Som følgje av at svarfristen var vorten forlenga

frå 1. februar til 1. april, var det ikkje lenger nokon sjanse for at Stortinget kunne få innstillinga i hende i løpet av våren inneverande år. Langslet uttrykte dessutan litt uro med omsyn til det endelege utfallet av behandlinga i departement og Storting. Han uttalte følgjande:

Språkrådets vedtak var et nøye balansert kompromiss, og det er opplagt at hvis departementet eller Stortinget skulle begi seg til å fjerne eller endre elementer i det, raser byggverket sammen. Ikke bare med det resultat at 10 års arbeide dermed vil være forspilt, man må da regne med at hele tanken om Språkrådet som et samlende organ vil falle sammen.

Avslutningsvis uttalte Langslet at Norsk språkråds kompromissløsning på rettskrivingsspørsmålet var ei nødvendig følge av den faktiske språksituasjonen. Det faktum at Språkrådet med si innstilling tilrådte ein veldig vid bokmålsnormal – med eit stort utval av både tradisjonelle og radikale former – reflekterte den aktuelle språksituasjonen slik den reelt sett var, meinte han. Derfor meinte han det ikkje skulle vere nokon tvil om at departementet og Stortinget måtte ta Språkrådets vedtak til etterretning.

Den andre artikkelen frå 13. februar 1980 som dreidde seg om rettskrivingssaka, var ein leiarartikkel. Den kom på trykk i kveldsutgåva og hadde overskrifta «Sprog-vedtak som driver». Leiarskribenten refererte til Lars Roar Langslets utsegner om Kyrkje- og undervisningsdepartementets behandling av rettskrivingsvedtaka, og det vart stilt spørsmål ved kvifor råd som var godt representerte i Norsk språkråd, skulle få uttale seg om saka endå ein gong. Det kunne då ikkje vere nødvendig – især ikkje fordi rettskrivingsvedtaka i stor utstrekning gav eit reelt bilete av den faktiske språksituasjonen, meinte skribenten. På eit litt tidlegare stadium i saksprosessen kunne ein registrere ei utbreidd uro for at Språkråd-vedtaka skulle stimulere til ytterlegare språkstrid. Ifølgje Aftenposten-skribenten kunne ein allereie konstatere at ein ikkje hadde fått eit slikt utfall. Når vedtaka hadde møtt så stor grad av allmenn aksept, burde det krevje desto mindre av departementet å behandle desse, slik at dei raskt kunne kome Stortinget i hende. Det har altså ikkje skjedd, og mykje tyder på at vedtaka ikkje eingong når Stortinget i løpet av inneverande år, hevda skribenten.

5.2. Oppmodning frå 49 universitets- og høgskulelærarar om ikkje å ta Norsk språkråds vedtak til etterretning

22. februar 1980 tok Kyrkje- og undervisningsdepartementet imot ein 5-sidars kommentar underskriven 49 universitets- og høgskulelærarar som dreidde seg om Norsk språkråds rettskrivingsvedtak. I kommentaren kunne ein lese at dei såg med stor skepsis på desse vedtaka – spesielt dei som omfatta læreboknormalen – og derfor tilrådde dei departementet ikkje å ta Språkrådets forslag til etterretning. Grunngevinga deira for at departementet burde forkaste forslaga var at ein hadde gått med på ei utviding av den vidare rettskrivinga under føresetnad av at læreboknormalen i all hovudsak skulle verte verande som den var. I realiteten hadde Språkrådet likevel utarbeidd forslag til djuptgåande endringar av læreboknormalen – såpass store endringar at skiljet mellom rettskriving og læreboknormal langt på veg vart oppheva, meinte dei (Rambø, 1999: 276, 277). Dessutan meinte dei at det var både uforsvarleg og kritikkverdige at det ikkje låg språkundersøkingar til grunn for dei vedtaka som hadde vorte fatta i Norsk språkråd (ibid: 278).

Fredag 28. mars 1980 gikk Tor Guttu til åtak på denne kommentaren i ein Aftenposten-kronikk med overskrifta «Sprogpolitikk, ikke vitenskap». Guttu var fyrsteamanuensis i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Oslo, og han representerte Riksmålsforbundet i Norsk språkråd. I kronikken refererte han til ein annan Aftenposten-kronikk, som kom på trykk tre dagar tidlegare, tysdag 25. mars 1980, og som var skriven av dosent Dag Gundersen og professorane Einar Lundeby og Finn-Erik Vinje. Gundersen, Lundeby og Vinje hadde gjort greie for kvifor dei og 46 andre lærarar på universitets- og høgskulenivå hadde gitt departementet tilråding om å gå imot Språkrådets vedtak. Denne utgreiinga hadde dei delt inn i åtte punkt. Det fyrste punktet dreidde seg om språknormering som ei form for tvangsutøving. Gundersen, Lundeby og Vinje konstaterte at all språknormering sjølvstundt inneber utveljing på fleire nivå, både med omsyn til bøyingsmønster og ortografi. Utveljing medfører nødvendigvis at visse ord- og bøyingsformer vert tillatne, medan andre vert utestengde. Dette er sjølvstundt heilt openbart, men poenget deira var at *all* språknormering har slike følgjer – òg normeringa til Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur. Akademiet utøvde akkurat like mykje tvang som alle andre språknormeringsinstansar, var poenget deira.

Guttu var heilt samde i at språknormering er ei form for tvangsutøving, men at spørsmålet snarare dreier seg om *kva* former ein skal tvinge folk til å nytte; former som det er stor allmenn oppslutning kring, eller former som ikkje har brei støtte blant språkbrukarane. I 1938

innførte styresmaktene ei lang rekkje former som framleis ikkje har vunne hevd, hevda han. Guttu var dessutan usamd i at Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur – som stod og framleis står for justeringane av Riksmålsordlisten – utøver tvang på lik line med den offentlege normeringsinstansen. Riksmålets normeringsinstans har ikkje juridisk makt til å påleggje nokon å følgje normeringa dens, og den utøver derfor ikkje tvang slik den offentlege normeringsinstansen gjer, konstaterte han.

Det er for så vidt sant at Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur ikkje utøvde tvang på lik line med den offentlege normeringsinstansen, men det er berre fordi dei ikkje hadde juridisk makt til å gjere det – nettopp som Guttu peika på. Det som snarare er poenget, slik eg ser det, er at riksmålsfolkets eigen normeringsinstans ville ha utøvd tvang etter akkurat dei same prinsippa *dersom* den hadde hatt juridisk makt til å gjere det. Så det er heller eit spørsmål om kven som er i *posisjon* til å utøve tvang, enn kven som *ynskjer* å utøve tvang.

Det neste punktet dreidde seg om kva som er årsakene til at det vert usemje om korleis ein skal normere språket. Usemja skuldast sjølv sagt at ein legg vekt på forskjellige verdiar, som til dømes skriftradisjonen og dei stilistiske omsyna, utbreidde folkemålsformer, system og konsekvens eller tilnæringsmomentet. Guttu hadde lite å tilføye anna enn ei stadfesting av at Vinje og dei andre la mest vekt på omsynet til folkemålet og tilnæringsmomentet.

Skriftradisjonens betydning var tema for det tredje punktet i utgreiinga. Vinje og dei andre meinte det var veldig nødvendig å ta omsyn til skriftradisjonen, ettersom det er viktig å halde ved lag kontinuiteten i språket. Skriftspråket er ein tradisjonsberar og eit bindeledd mellom generasjonar, presiserte dei, men samstundes har det ei kanskje endå viktigare oppgåve – nemleg å vere eit føremålstenleg kommunikasjonsmiddel. Målet for ein språkplanleggjar bør derfor mest av alt vere å syte for at skriftspråket til kvar tid er mest mogleg tenleg for nordmenn som lever no, meinte dei. Det er innlysande at språkets aller viktigaste oppgåve er å tene saka det til kvar tid skal formidle, men det Guttu stilte spørsmål ved, var korleis dei aktuelle riksmålsformene bidrog til å gjere skriftspråket mindre kommunikasjonsstenleg – slik Vinje og dei andre antyda.

På punkt fire i utgreiinga skreiv Vinje og dei andre om det dei oppfatta som stridens kjerne. Dei skreiv at den mest fundamentale årsaka til dei reaksjonane som følgde i kjølvatnet av 1938-reforma, var at folk som hadde riksmål som taleform, langt på veg mista korrespondansen mellom tale- og skriftspråk. Ikkje berre mista dei eit reint praktisk privilegium i og med 1938-reforma, dei var òg i ferd med å miste eit *sosialt* privilegium. Ein frykta nemleg at folkemålsformene skulle få høgare sosial status og dermed vinne sosialt

terreng i forhold til riksmålsformene. Vinje og dei andre meinte at det nettopp var dét som hadde skjedd med tidas løp – at folkemålsformene i stor utstrekning hadde slått igjennom og fått høgare sosial status som følge av den offisielle språkpolitikken. Derfor såg dei ikkje nokon grunn til at ein skulle ta inn att ein masse riksmålsformer.

Guttu var sjølv sagt ikkje samd i desse påstandane. Ifølgje han var det relativt få folkemålsformer som hadde slått igjennom – sjølv blant dei som var obligatoriske. Dessutan meinte han at ein ikkje kunne vite sikkert kor mykje den offisielle normeringa hadde hatt å bety for at enkelte folkemålsformer hadde slått igjennom. Det er ikkje riktig å definere ei form som fullverdig når faktum er at den ikkje er det, hevda han. Følgjeleg er det heller ikkje riktig å stengje ute former som *er* fullverdige, heldt han fram. Med det meinte han at ord- og bøyingsformer må bevise at dei er levedyktige skriftspråkformer før dei kan definerast som fullverdige. Det er ikkje nok at dei har stor utbreiing i tale, meinte han. Når det gjaldt dei tre samnorsktilhengaranes påstand om at det var reduksjonen av samsvaret mellom skrift og tale som var den grunnleggjande årsaka til striden, var Guttu ikkje heilt samd. Ifølgje han var det framleis – 42 år etter at 1938-reforma vart ein realitet – brei motstand blant nordmenn mot tilnæringspolitikken. Sjølv om motstanden nok var størst og mest synleg blant folk som hadde riksmål som talemål, var det òg brei motstand blant folk som hadde talemål som i større eller mindre grad distanserte seg frå riksmålet, hevda han. Han forklarte det med språktradisjonens sterke posisjon og betydning.

Punkt fem dreidde seg om den påståtte fordelten av at skriftspråket ligg nært opp til talemålet. Ifølgje Vinje og dei to andre hadde majoriteten av nordmenn fått større språkkjenning som følge av dei førre språkreformene. Grunnen til det var at det nærliggjande nok er lettare å tileigne seg eit skriftspråk når det i stor utstrekning korresponderer med talemålet. Det som hadde skjedd frå og med 1917-reforma, var at «den dannede dagligtale» hadde mått dele plassen med folkemålet som basis for skriftspråknormeringa. Dette var eit resultat av demokratisk språkpolitikk, meinte dei. Folk som hadde riksmål som talemål, hadde følgjeleg større vanskar enn tidlegare med å tileigne seg skriftspråket, men for folk flest var det lettare enn før, hevda dei. Det faktum at det hadde vorte vanskelegare for folk som talte riksmål, å lære seg å skrive etter dei gjeldande rettskrivingsreglane, kan ein tolke som at det nettopp *er* ein fordel å ha eit skriftspråk som ligg nært opp til talemålet. Ein hadde ikkje utsett riksmålsfolket for språklege overgrep – ein hadde snarare sytt for større språkleg rettferd, påstod dei.

Guttu meinte tvert imot at den gjeldande bokmålsnormalen var langt meir komplisert og vanskelegare for folk flest å tileigne seg enn den uoffisielle riksmålsnormalen – mykje fordi den offisielle normalen var veldig inkonsekvent. Rettnok var det større avstand mellom moderne riksmål og det såkalla folkemålet, men riksmålet hadde til gjengjeld enklare og meir konsekvente reglar, meinte han. Han var av den oppfatninga at folkemålstilnærminga i skrift snarare hadde ein forvirrande effekt på folk flest, ettersom det ikkje alltid var like lett å vite eksakt *kva* folkemålsformer som var innlemma i den offisielle normalen.

På punkt seks i utgreiinga støtta Vinje og dei to andre seg til paragraf 1b i Lov om Norsk språkråd, som slo fast at rådet skulle støtte opp under utviklingstendensar som på sikt kunne føre målformene nærmare einannan. Dei slo fast at ei tilnærming mellom målformene – som Språkrådet altså var lovpålagt å byggje opp under – ikkje ville skje av seg sjølv, men tvert om kravde bevisst og aktiv språkrøkt. Viss dét var tilfelle, kan ein jo spørje seg om det i det heile teke ville vere nokre utviklingstendensar å støtte opp under. Dette sette Guttu spørsmålsteikn ved, for det er vel ikkje urimeleg å påstå at dei tre samnorskforkjemparane motsa seg sjølve litt på dette punktet. Det er nærliggjande å tolke Vinje, Gundersen og Lundebys utsegner i retning av at all naturleg utvikling i retning av språkleg samling var fullstendig umogleg. I så fall var tilnærmingspolitikken ein rein og skjær forseringspolitikk, og ein slik politikk – som går på tvers av all naturleg språkutvikling – kan ein jo spørje seg om er heilt føremålstenleg.

Guttu hadde ikkje nok spalteplass til å kommentere punkt sju og åtte i tilstrekkeleg utstrekning, men eg skal ta ein kort gjennomgang av dei her. På punkt sju konstaterte dei tre samnorsktilhengarane at fullstendig fri konkurranse mellom ord- og bøyingsformer var utenkjeleg. Det saka dreidde seg om, var snarare *kven* som skulle normere språket, meinte dei. Fullstendig fri språkutvikling i bokstaveleg forstand er umogleg, for det er høgst pedagogisk upraktisk å sleppe fri alle formene og la dei konkurrere på lik line seg imellom, hevda dei. Heile poenget med ein offisiell skriftspråknormal er jo at ein skal ha eit standardmål med forholdsvis faste retningsliner. For stor valfridom vil medføre at normeringa i praksis vert overlate til private instansar, som til dømes aviser, skreiv dei. Guttu meinte at det som tvert imot var pedagogisk upraktisk ved den dåverande språksituasjonen, var at skuleelevane måtte halde seg til to sett av forskjellige ord- og bøyingsformer – eitt sett i skulen og eitt sett utanfor skulen.

På punkt åtte kunne ein lese at Vinje og dei to andre var opne for ein viss grad av valfridom innanfor den offisielle rettskrivinga, men at den valfridomen ein allereie hadde, var tilstrekkeleg nok. Dei peika dessutan på at liberaliseringsvedtaket av 1973 hadde sytt for at

skuleelevane kunne nytte tradisjonelle bøyingsformer i bøyinga av svake verb, hokjønn og inkjekjønn. «[H]vis vi ønsker å ha et riksspråk, kan ikke valgfriheten være uten grenser», avslutta dei.

5.3. Kronikk av Knut Egil Steffens

Måndag 16. mars 1981 kunne ein lese ein kronikk i Aftenposten skriven av Knut Egil Steffens. Kronikkens overskrift lyder «En sprogpolitisk farse?», og Steffens nytta spalteplassen til å gå til åtak på ein artikkel som hadde kome på trykk i eit nummer av Aktuelt Perspektiv (nr. 2/81). Aktuelt Perspektiv var ei avis i regi av Arbeiderpartiet som vart utgjeven ein gong i veka. Nummeret som Steffens refererte til, var heilt og fullt dedisert språklege tema. Steffens skreiv at dette temanummeret av Aktuelt Perspektiv måtte vere eit forsøk frå Arbeiderpartiets side på å gjenreise den radikale språkpolitiske profilen som Halvdan Koht fikk innlemma i partiprogrammet i 1936. Ifølgje Steffens var det «forstemmende at en elite av nynorsk- og samnorskfolk prøver å få programfestet på ny den ubalanserte folkemålsideologien som gav oss den ulykksalige rettskrivningen av 1938». Men det han mest av alt reagerte på, var at det vart antyda at opprettinga av Norsk språkråd og dets langvarige arbeid med ei ny bokmålsreform var ein einaste språkpolitisk farse. Det finst ingen spontan trong blant nordmenn for å skrive folkemål, og det er følgjeleg berre hardhendt regulering av dei offisielle rettskrivingsreglane som på sikt kan skaffe oss det samnorske skriftspråket som språkradikalarane ynskjer, hevda han. Han omtalte samnorsktilhengaranes syn på dei tradisjonelle riksmålsformene med ein god porsjon sarkasme. Samnorskeliten vil hindre Stortinget i å gi ei lang rekkje tradisjonelle ord- og bøyingsformer offisiell legitimering, ettersom desse formene visstnok representerer den borgarlege overklassas ubøyelege vilje til å utøve kulturell undertrykking av det norske folket, skreiv han. Han uttalte at språkradikalarane meinte at det var direkte skadeleg for barna å verte eksponerte for tradisjonelle ord- og bøyingsformer – at det kunne forårsake «identitetstap og andre psykiske plager». Ei overhengande frykt for slike fatale konsekvensar hadde ført til at språkradikalarar hadde formulert eit krav om at Arbeiderpartiet no måtte nytte fleire *a*-endingar i aviser og andre publikasjonar i regi av partiet. Kyrkje- og undervisningsminister Einar Førde hadde tidlegare beklaga at språket i Arbeiderpartiets aviser, partiprogram og andre publikasjonar ikkje skilde seg nemneverdig ut frå det språket Høgre opererte med. Steffens antyda i ei sarkastisk vending at han ikkje hadde noko særleg tru på at Arbeiderbladets reduserte salstal hadde så mykje med den høgreorienterte språkføringa å gjere.

Avslutningsvis kunne ein lese at Steffens frykta at statsråd Førde ville kome til å leggje fram ei stortingsmelding om bokmålsrettskrivinga som i all hovudsak ville oppmode Stortinget til ikkje å ta Norsk språkråds vedtak til etterretning.

5.4. Stortingets endelege vedtak

Kyrkje- og undervisningsdepartementet la ikkje fram ei stortingsmelding av den karakteren Knut Egil Steffens frykta. Tvert imot gav det Stortinget tilråding om å ta Norsk språkråds vedtak til etterretning (Rambø, 1999: 296). Dermed valde det òg å sjå bort ifrå universitets- og høgskulelæraranes oppmoding om å gå imot vedtaka. Kyrkje- og undervisningskomitéen støtta dessutan departementet på dei aller fleste punkta i stortingsmeldinga. Både departementet og komitéen hadde forståing for at Språkrådets innstilling var eit produkt av heilt nødvendige kompromiss mellom språkpolitiske ytterpunkt. Dette var nok òg den hovudsaklege årsaka til at det hadde oppstått nokre inkonsekvensar, og at talet på jamstilte former hadde vorte veldig stort. Komitéen slo derfor fast at Språkrådet på sikt burde justere normalen, slik at den med tida ville verte strammare og meir konsekvent. I utgangspunktet var komitéen skeptisk til at læreboknormalen skulle vere rettesnor for målbruken i offentleg teneste, men sidan valfridomen innanfor læreboknormalen òg ville verte vesentleg utvida dersom Språkrådets vedtak vart ein realitet, såg den ikkje nokon grunn til å gå imot forslaget, og den slutta seg derfor til departementets konklusjon (ibid: 311, 312).

Måndag 1. juni 1981 vart Norsk språkråds forslag til endringar av bokmålsnormalen behandla i Stortinget. Same dag som denne behandlinga skulle finne stad, kunne ein lese ein Aftenposten-kronikk med overskrifta «Riksmålsnormen må tas alvorlig», skriven av professor Brynjulv Bleken. Bleken gav fyrst ei framstilling av dei siste tiåras offisielle språkpolitikk og konsekvensane av den. Han heldt fram at ein i løpet av dei siste tiåra hadde forsøkt å normere seg bort frå ein intakt og velfungerande skriftspråks- og talespråksstandard – altså riksmålet – som språksosiologisk sett svarte til andre nasjonars riksspråk. Ein hadde forsøkt å eliminere riksmålet til fordel for eit konstruert skriftspråk som ligg nært opp til nynorsk, slik at ein på sikt kunne kome seg bort frå den upraktiske tospråkstilstanden, skreiv han. Til tross for fleire tiår med ein slik tilnæringspolitikk var altså riksmålet stadig like levekraftig. Viss ein likevel skal styre bort frå riksmål, må det avgrensast til ikkje-obligatorisk styring, meinte han. Med det meinte han at ein kunne tillate at det vart innført radikale former i den offisielle normalen, men at ein *ikkje* kunne tillate at riksmålsformer som var mykje i bruk, vart tekne ut.

Han presiserte, som så mange andre riksmålsforkjemparar, at riksmålsrørsla berre kravde at riksmålsformene skulle ha offisiell status *på lik line* med dei moderate og radikale formene.

Etter kvart kom Bleken inn på det som eigentleg var poenget med kronikken hans. Han meinte nemleg at Norsk språkråds forslag om liberalisering berre var eit skritt i riktig retning – i den grad dette forslaget i det heile teke ville verte vedteke av Stortinget. Ifølgje han var det sannsynleg at riksmålsrørsla berre betrakta denne potensielle liberaliseringa som ei *betring* av språksituasjonen – ikkje som ei endeleg avslutning på språkstriden. Riksmålsrørsla vil kome til å halde ved lag den uoffisielle riksmålsnormalen uansett kva Stortinget vedtek, hevda han. Så lenge det fins former som er mykje i bruk, som er utestengde frå den offisielle normalen, vil det alltid liggje ei ny reform i lufta, meinte han. Han peika på at heilskap og konsekvens er nøkkelord når det er tale om god språkføring, og det kunne ein berre oppnå dersom alle riksmålsformene som vart haldne oppe normativt av Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur, vart innlemma i den offisielle normalen. Å plukke riksmålsnorma frå einannan og stemme over eit utval delar kvar for seg – slik Norsk språkråd delvis hadde gjort – vitnar om mangel på forståing for riksmålet, slo han fast.

Bleken syntest det var direkte uforsvarleg å gå inn for ei språkreform som openbart berre var ei mellombels løysing. Ordlistar, lærebøker, lærarmanualar og liknande vil verte forelda på særskilt kort tid, og det er berre *nokre* av følgjene, konstaterte han. Samstundes gav han uttrykk for at han syntest ein hadde kome eit veldig godt stykke på veg. Språkrådets vedtak om liberalisering var om ikkje anna eit tydeleg uttrykk for kursendring i offisiell språkpolitikk. Alt tyder på at Stortinget kjem til å ta Språkrådets forslag til etterretning, men då skulle ein òg tru at det var gode føresetnader for å ta steget heilt ut og gi *alle* formene i den uoffisielle riksmålsnormalen offisiell status, skreiv han.

Norsk språkråds forslag til revisjon av bokmålsnormalen vart altså behandla i Stortinget 1. juni 1981. I ein Aftenposten-artikkel som kom på trykk tysdag 2. juni 1981, kunne ein lese at Stortinget dagen før hadde slutta seg til Språkrådets forslag. 1981-reforma var dermed ein realitet. Det ein òg kunne lese, var at kyrkje- og undervisningsminister Einar Førde kravde språk-lojalitet. Han retta ei åtvaring mot pressa mot å halde fram med å nytte former som ikkje var innlemma i den ferske 1981-rettskrivinga. Viss pressa held fram med å nytte slike former, kan det verte nødvendig å revurdere heile saka, uttalte han. Han hadde under handlinga av revisjonsforslaga gitt tydeleg uttrykk for at han forventa at riksmålsorganisasjonane ville leggje ned si private normering som følgje av liberaliseringa. Liberaliseringa er eit resultat av ei rekkje språkpolitiske kompromiss, og for at dette

kompromisset skal vere levedyktig, krev det at alle viktige grupper sluttar seg heilt og fullt til det, uttalte han.

Arbeiderpartiets Erling Løseth såg med skepsis på dei ferske reformvedtaka. Han uttalte at riksmålsrørsla hadde lovt avspenning i språkstriden dersom Norsk språkråds forslag vart tekne til etterretning av Stortinget. Det han lurte på, var kva ei slik avspenning kom til å innebere. Ville det innebere at Frisprog og den konservative pressa kom til å rette seg fullt og heilt etter den ferske rettskrivinga?

Høgre-representant Lars Roar Langslet gikk derimot til åtak på dei han omtalte som «norskfilologene på Blindern». Dei han meir spesifikt sikta til, var ei gruppe filologar i Norsk språkråd som, ifølgje han, hadde drive med trenering av rettskrivingssaka etter alle kunstens reglar. Han uttalte at dei heller burde konsentrere seg om å bidra til å heve kvaliteten på norskstudia på norske høgskular og universitet enn å drive politikk under vitskapeleg maske. Kvaliteten på norskstudia på høgskule- og universitetsnivå er nemleg altfor dårleg, meinte han.

Høgre-representant og dåverande formann i kyrkje- og undervisningskomitéen, Tore Austad, uttalte at han såg på den nye rettskrivinga og den tilhøyrande læreboknormalen som ei heilskapsløysing. Han peika på at ingen enkelt part i språkstriden hadde fått fullt utbytte, men at det nettopp derfor var den mest optimale løysinga når språksituasjonen var som den var.

6. Konklusjon

6.1. Argument og retorikk

På grunnlag av dei nesten 60 Aftenposten-artiklane, -kronikkane og -innlegga eg har omtalt i denne oppgåva, har eg fått ei ganske god oversikt over kva argument riksmålstilhengarane nytta i språkdebatten mellom 1972 og 1981. Nokre av dei var veldig gjennomgåande, og det er dei eg fyrst og fremst skal trekkje fram i denne konklusjonen. I tillegg har eg på grunnlag av enkelte kronikkar og innlegg fått eit visst innblikk i kva argument riksmålsfolkets argaste motstandarar, språkradikalarane, opererte med, og dei skal eg òg vie litt plass her. Det er ikkje berre argumenta i seg sjølve som er interessante, men òg retorikken argumenta vart presenterte med. Dette skal eg òg sjå litt nærmare på.

Det mest gjennomgåande og tungtvegande argumentet som vart nytta av riksmålsforkjemparane på 1970-talet, var kanskje dei tradisjonelle riksmålsformenes enorme utbreiing i presse, litteratur og næringsliv. Til tross for at riksmålet i fleire tiår hadde vorte forsøkt eliminert av styresmaktene, levde det framleis i beste velgåande i breie lag av samfunnet – noko som vitna om stor overlevingsevne. Dette argumentet leidde i neste omgang til ei rekkje andre velbrukte argument, som til dømes at skuleelevenes norskopplæring langt på veg var bortkasta, i og med at språket dei lærte på skulen, ikkje samsvarte med mesteparten av det språket dei møtte på ute i samfunnet. Mykje av målet med språkradikaliseringa var jo nettopp å gjere det lettare for folk flest å tileigne seg det offisielle skriftspråket, men det hadde lita betydning når store delar av presse, litteratur og næringsliv opererte med ei stor mengd andre ord- og bøyingsformer. Tor Guttu var ein av fleire som eksplisitt hevda at det moderne riksmålet tvert om var lettare å tileigne seg for folk flest enn det dåverande bokmålet, mellom anna fordi riksmålet – ifølgje han – hadde større grad av konsekvens enn bokmålet. Ein annan kjend riksmålsmann, Knut Egil Steffens, gav uttrykk for at folk frå arbeidarklassa i prinsippet hadde like gode føresetnader til å tileigne seg riksmålet som folk frå dei høgare sosiale sjikta, og at språksaka såleis ikkje hadde noko med klassekampen å gjere. Ifølgje han var eventuelle problem med tileigninga av riksmålet av pedagogisk karakter snarare enn på grunn av sosiale faktorar. Det var ei stor misforståing at ein som trufast marxist, måtte ta avstand frå riksmål berre fordi målforma opphavleg vart utvikla av folk frå den sosiale overklassa, hevda han. Herman R. Fleischer sa òg noko om forholdet mellom skriftspråk og sosial tilhøyrse i ein Aftenposten-kronikk. Ifølgje han er det eit gjennomgåande trekk ved offisielle skriftspråk at dei distanserer seg frå sine respektive talemål. Han hevda mellom anna at Stalin i si tid skulle ha forkasta eit forslag om å forenkle det russiske skriftspråket slik at det kunne verte enklare for folk flest å tileigne seg. Folket fortener berre det beste, og det beste er det språket dei store russiske forfattarane nyttar, skulle han ha sagt.

Frå riksmålshald vart det stadig vist til den klassiske litteraturen for å legitimere kravet om å få dei tradisjonelle riksmålsformene innført att i den offisielle normalen. Det vart argumentert med at denne litteraturen – som er ein sentral del av den norske kulturarven – ville eldast altfor tidleg om mange av dei ord- og bøyingsformene Ibsen, Kielland, Bjørnson og dei andre brukte, skulle halde fram med å vere utestengde frå den offisielle normalen. Dessutan er jo språket i seg sjølv ein del av den norske kulturarven, og det vart ofte referert til paragraf 1a i Lov om Norsk språkråd, som slo fast at rådet skulle verne om den språklege kulturarven.

Noko som var veldig symptomatisk for språkdebatten i 1970-åra, var at riksmålsforkjemparane og språkradikalarane ofte refererte til kvar sin paragraf i Lov om Norsk språkråd når dei skulle underbygge argumenta sine. Medan riksmålsfolket som sagt viste til paragraf 1a, peika språkradikalarane på paragraf 1b, som slo fast at Norsk språkråd skulle støtte opp under utviklingstendensar som på lengre sikt kunne føre målformene nærmare einannan. Språkradikalarane Finn-Erik Vinje, Dag Gundersen og Einar Lundeby støtta seg til paragraf 1b då dei skulle gjere greie for kvifor dei meinte at Kyrkje- og undervisningsdepartementet ikkje burde ta Norsk språkråds forslag til etterretning. Det er nærliggjande å tenkje at desse to føremålsparagrafane i praksis ikkje kunne foreinast, ettersom vern om språkarven og tilnærming mellom målformene verkar å vere to motstridande prosjekt.

Riksmålstilhengarane skulda stadig bokmålet for å vere kunstig, sidan det i stor utstrekning var konstruert av språkfolk og politikarar. Fredrik Norman omtalte bokmålet som eit «surrogat», Charles B. Middelthon nytta orda «erstatningsprog» og «knot» for å karakterisere det, og ifølgje J. Chr. Gundersen var bokmålet ein språkleg «bastard». Det vart meir enn éin gong referert til Arnulf Øverlands påstand om at eit levande språk ikkje kan lagast, men at det tvert imot lagar seg sjølv i kraft av alle dei som til kvar tid bruker det. Eit språk skapast altså i spennet mellom alle dei som nyttar det, og det øydeleggjast når det vert behandla i komité, hevda han. 1970-talets riksmålsforkjemparar støtta derfor tanken om fri, naturleg språkutvikling – kanskje mest fordi denne språkfilosofien verka som ein sterk motpol til samnorskpolitikken. Riksmålet representerte – i motsetnad til bokmålet – naturleg språkutvikling, ettersom Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur, som hadde ansvar for å normere riksmålsnormalen, visstnok berre registrerte den faktiske språkbruken og justerte normalen deretter. Vinje, Gundersen og Lundeby innrømde nettopp at ei tilnærming mellom målformene ikkje ville skje som følgje av naturleg språkutvikling, og at ein derfor måtte *forsere* ei slik utvikling ved hjelp av språkpolitiske tiltak om det skulle kunne skje.

Noko som veldig ofte vart presisert av riksmålsforkjemparane, var kor ufanatiske krava deira var. Dei understreka stadig at dei *berre* kravde dei tradisjonelle riksmålsformene integrert i den offisielle normalen – ikkje at radikale former skulle takast ut. Samnorsktilhengarane vart skulda for å motsetje seg dette kravet fordi dei visste at riksmålsformene ville utkonkurrere dei radikale formene om desse vart offisielt likestilte. Riksmålsfolket på si side verka å vere veldig sikre på at riksmålsformene ville utkonkurrere dei radikale formene om dei vart

offisielt likestilte, sidan dei i stor utstrekning allereie gjorde det i presse, litteratur og næringsliv.

Som eg òg har gjort greie for tidlegare, klarte riksmålsforkjemparane å tillegje enkelte omgrep tydingar som var til fordel for riksmålets sak, og desse nytta dei for alt dei var verde. Ord som «tvang», «tvangslinje» og «liberalisering», er døme på omgrep som riksmålsfolket klarte å etablere til sin fordel. Omgrepet «tvangslinje» vart i språkdebatten i 1970-åra definert som ein karakteristikk på tilnæringspolitikken, som hadde sytt for å ta ifrå dei tradisjonelle riksmålsformene offisiell status. «Liberalisering»-omgrepet vart tvert imot definert som det stikk motsette av det tilnæringspolitikken representerte. Medan tilnæringspolitikken vart definert som «restriktiv», vart «liberalisering» definert som «integrering av tradisjonelle riksmålsformer i den offisielle bokmålsnormalen». Det er på ingen måte gitt at desse omgrepa skal ha slike tydingar, ettersom all form for språknormering nødvendigvis inneber større eller mindre grad av selektering – eller «tvangsutøving», om ein vil. Ein driv i prinsippet same form for tvangsutøving uavhengig av om det er riksmålsformer eller radikale former ein selekterer bort. Ifølgje riksmålstilhengaranes eigne definisjonar på dei nemnde omgrepa kan ein med rette seie at dei *sjølve* støtta ei språkpolitisk «tvangslinje» ein gong i tida. Då språkpolitikarane i si tid ville innføre ei lang rekkje folkemålsformer i den offisielle normalen, kjempa riksmålsfolket med nebb og klør for at det ikkje skulle skje. Såleis kan ein seie at dei den gongen *motsette seg* ei «liberalisering» av bokmålsnormalen. Sett i ljøs av historia er det derfor noko paradoksalt over omgrepsbruken deira seinare i språkdebatten. Denne omgrepsbruken kan på bakgrunn av dette betraktast som retoriske verkemiddel, som vart nytta av riksmålsfolket for å framstille språksituasjonen på ein – for dei – fordelaktig måte.

Frå tid til anna kunne ein òg lese kronikkar og innlegg i Aftenposten som var skrivne av samnorsksympatisørar, som til dømes Geirr Wiggen og Ivar Hundvin. Dei argumenta som vart nytta av språkradikalarane i 1970-åra, var mellom anna påstanden om at det er lettare å tileigne seg eit skriftspråk som ligg nært opp til talemålet. Ved å innføre ein masse folkemålsformer ville det altså verte lettare for folk flest å tileigne seg det offisielle skriftspråket, meinte dei. Det var ikkje demokratisk forsvarleg at berre ei lita gruppe menneske med riksmål som talemål, skulle ha monopol på det privilegiet det er å ha eit offisielt skriftspråk som ligg nært opp til talemålet. Mange samnorsktilhengarar meinte dessutan at tradisjonelt riksmål framleis var eit «overklassespråk», som dei fleste med noko anna enn riksmål som talemål, ikkje identifiserte seg med. Geirr Wiggen hevda mellom anna at mykje av grunnen til at riksmålet hadde så stor utbreiing, var at store delar av den norske

befolkninga vart sosialt eller økonomisk pressa til å nytte denne skriftforma framfor den langt meir folkemålsnære bokmålsnorma. Sjølv om dei tradisjonelle riksmålsformene hadde stor utbreiing, vart det likevel argumentert med at mange av dei radikale formene var mykje i bruk, dei òg, og såleis hadde hatt eit gjennombrøt. Som eg allereie har vore inne på, pleidde språkradikalarane ofte å referere til paragraf 1b i Lov om Norsk språkråd for å legitimere kravet om at bokmålsnormalen ikkje måtte utvidast i konservativ lei, og at tilnærminga måtte halde fram.

6.2. Meinings- og haldningsskilnader internt i riksmålsleiren

Etter å ha lese og omtalt ei lang rekkje artiklar, kronikkar og innlegg som kom på trykk i Aftenposten i perioden 1972 til 1981, har eg fått eit visst innblikk i kor nyansert riksmålsleiren var med omsyn til språkpolitiske meiningar og haldningar. Nokre riksmålsfolk opplever eg som langt meir saklege og diplomatiske enn andre, og eg vil påstå at nokre argumenterte betre for seg enn andre.

Som ein kan slå fast ut ifrå det eg allereie har skrive, dreidde språkstriden i 1970-åra seg primært om forholdet mellom riksmål og samnorsk. Allereie like etter krigen kravde riksmålsmann Arnulf Øverland at riksmålsfolkets kamp mot nynorsken måtte halde opp. Det var på nettopp dette vilkåret at Øverland sa seg villig til å ta på seg vervet som formann i Riksmålsforbundet. Men sjølv om Øverland slo fast dette allereie på 1940-talet, kunne ein likevel frå tid til anna registrere dårlege haldningar til nynorsk blant riksmålsfolk. Charles B. Middelthon var ein av dei som uttalte seg særskild nedsetjande om nynorsk. Han omtalte nynorsk så vel som moderat og radikalt bokmål, som «knot» og «erstatningsprog» for den overlegent beste skriftspråkvarianten, nemleg riksmål. Med unntak av enkelte slike utsegner, vart likevel nynorsken stort sett omtalt med respekt blant riksmålstilhengarane. Høgre-politikar og riksmålsmann Lars Roar Langslet uttalte mellom anna i eit føredrag i 1977 at det burde vere ei æressak for alle å bidra til å tryggje nynorskens livsvilkår og skape forståing og solidaritet målgruppene imellom. Dåverande formann i Riksmålsforbundet, Aksel Lydersen, hadde på landsmøtet i Riksmålsforbundet i 1972 vist til Arnulf Øverlands krav om at riksmålsforkjemparane måtte gi opp kampen mot nynorsk, og han presiserte at dette i høgaste grad framleis gjaldt. Knut Egil Steffens var òg ein av dei som uttalte seg udelt positivt om nynorsk. Han skreiv mellom anna i ein av dei kronikkane eg har omtalt, at nynorsk er eit

fullverdig alternativ til riksmål. I tillegg uttalte han òg at nynorsken måtte vernast om på lik line med tradisjonelt riksmål – akkurat som Langslet uttalte i det nemnde føredraget.

Eg synst i det heile teke at Knut Egil Steffens var ein sær sars god representant for riksmålet på 1970-talet. I tillegg til å omtale nynorsken med respekt, hadde han det eg opplever som saklege og nyanserte argument. Han tok seg bryet å anerkjenne Norsk språkråd for dei konsesjonane riksmålsrørsla til kvar tid fikk, i staden for berre å kritisere rådet for alle dei konsesjonane som riksmålsrørsla til kvar tid ikkje hadde fått. Dessutan var han – etter mitt syn – flink til å variere argumentasjonen sin og finne nye innfallsvinklar som sette språksaka i nye perspektiv. Mellom anna argumenterte han for at den norske språkarven – som både riksmål og nynorsk er ein del av – burde inkluderast i miljøvernarbeidet. Han trekte parallellar mellom miljøvern og språkvern for å illustrere at desse ikkje er vesensforskjellige disiplinær. Riksmål er ikkje lenger eit «maktspråk» eller «overklassespråk», hevda han. Skriftformas sosiale opphav bør ikkje ha noko å seie for vernet om den – likesom det frå eit miljøvernstandpunkt ikkje har noka betydning kva sosial klasse som opphavleg etablerte seg i til dømes Homansbyen, slo han fast.

Til tross for at arbeidet med den nye bokmålsreforma gikk treigt og ikkje alltid i akkurat den retninga som riksmålsrørsla føretrekte, var Steffens ein av dei som likevel forsvarte Norsk språkråds verksemd. Lars Roar Langslet og Fredrik Norman, derimot, var to av dei som – etter det Aftenposten gir inntrykk av – oftast gav uttrykk for misnøye med Språkrådets arbeid. Dei skulda stadig rådet for ikkje å rette seg etter dei retningslinene som Stortinget hadde definert, og Norman var den av dei som – etter mitt inntrykk – gikk lengst i å kritisere rådet for manglande resultat i favør av riksmålet. I ein kronikk som kom på trykk i 1977, kunne ein lese at Fredrik Norman var sær misnøgd med Norsk språkråds arbeid – dette til tross for at rådet ikkje så mange månadene i forkant hadde fatta viktige liberaliseringsvedtak som gjaldt hokjønnskategorien og fleirtal av inkjekjønner i den vidare rettskrivinga. Rettnok hadde det òg vorte vedteke at bruksområdet for læreboknormalen òg skulle omfatte offentleg teneste, men på dette tidspunktet var det langt ifrå avgjort kva innhald denne trongare norma skulle ha. Norman meinte mellom anna at fleirtalet av representantane i Språkrådet hadde ei negativ innstilling til oppgåva si, og at dei berre var opne for å *flikke* på bokmålet. I tillegg gav han uttrykk for at riksmålsrepresentantane burde trekkje seg ut av rådet.

Steffens gikk – som eg har omtalt – til åtak på Normans framstilling av Norsk språkråd og dets verksemd. Ifølgje Steffens var Normans framstilling både demagogisk og usakleg, og han underbygde den påstanden ved mellom anna å peike på at Språkrådet ikkje hadde noko

mandat som spesifikt slo fast at det skulle gi riksmålet offisiell status igjen. Rådet hadde fått eit veldig opent mandat nettopp for å syte for at alle – uansett språkpolitisk tilhørsle – kunne la seg representere. Det er nok ikkje heilt urimeleg å påstå at både Norman og Langslet stadig forsøkte å fastsetje eit mandat til spesiell fordel for riksmålet. Dette kan i tillegg betraktast som veldig dobbeltmoralistisk, ettersom riksmålsrørsla i si tid kritiserte Norsk språknemnd for å ha eit tilsvarande mandat – den gongen til spesiell fordel for dei radikale formene.

Steffens presiserte òg at det var veldig viktig at riksmålsrepresentantane heldt fram med å la seg representere i rådet, og han hadde innsett – i motsetnad til Norman – at riksmålsrepresentantane måtte vere villige til å inngå kompromiss. Eit kompromiss mellom riksmålsfolket og språkradikalarane var den einaste realistiske løysinga, meinte han. Han var likevel trygg på at riksmålsrørsla ville få mange av krava sine innfridd.

På bakgrunn av dei kronikkane som er skrivne av Fredrik Norman og Knut Egil Steffens, har eg fått inntrykk av at Norman var vesentleg meir fanatisk enn Steffens. Steffens uttrykte seg langt meir diplomatisk og hadde eit meir realistisk syn på språksituasjonen, vil eg påstå. Medan Norman nytta karakteristikkar som «surrogat» og «bastard» for å beskrive det dåverande bokmålet, formulerte Steffens seg i meir diplomatiske og saklege vendingar.

6.3. Kva inntrykk av språkstriden kunne ein få av å lese Aftenposten?

Kva inntrykk kunne ein få av språkstriden som fann stad frå opprettinga av Norsk språkråd i 1972 til 1981-reforma vart vedteke av Stortinget, ved å lese eit representativt utval artiklar, kronikkar og innlegg i Aftenposten? Då Norsk språkråd trod i kraft i 1972, kunne ein spore masse optimisme i riksmålsleiren. Stortinget hadde i stor utstrekning teke Vogt-komiteéns konklusjonar til etterretning og dermed gitt signal om at det måtte skje ei liberalisering av bokmålsnormalen i løpet av forholdsvis kort tid. Norsk språkråd hadde fått eit mandat som var såpass nøytralt at alle kamporganisasjonane kunne la seg representere, og det danna grunnlag for ei langt meir demokratisk verksemd enn tidlegare. Riksmålsorganisasjonane fikk no reell språkpolitisk makt, men det er tydeleg at riksmålstilhengarane var litt naive på dette tidspunktet. Ein kunne nemleg få inntrykk av at mange av dei forventa at dei skulle få *alle* dei tradisjonelle riksmålsformene integrert i den offisielle normalen – og det i løpet av relativt kort tid. Det gikk likevel ikkje så lang tid før misnøyen melde seg. I fyrste omgang var det Kyrkje- og undervisningsdepartementet som fikk unngjelde, ettersom det brukte så lang tid på å setje det førebelse liberaliseringsvedtaket ut i livet. I Språkrådet hadde arbeidet med dette

liberaliseringsvedtaket gått forholdsvis raskt og smertefritt, men departementet brukte nærmare eitt år på å setje det ut i livet. Men det tok heller ikkje så lang tid før det vart retta kritikk mot Språkrådet og dets arbeid. Rådet hadde berre så vidt verka i eit år då ein kunne lese i Aftenposten at Lars Roar Langslet skulda det for ikkje å rette seg etter dei retningslinene som Stortinget hadde trekt opp. Fleire andre talsmenn frå riksmålsleiren hang seg på denne kritikken – mellom anna Fredrik Norman. Det vart påstått at fleirtalet av representantane i Språkrådet ikkje tok Stortingets utsegner i språksaka til etterretning, men tvert imot motarbeidde nasjonalforsamlingas intensjonar. I staden for å arbeide for liberalisering – slik intensjonen var – arbeidde rådet tvert imot mot ytterlegare tilstrammingar, vart det hevda. Såleis var Norsk språkråd berre ei forlenging av Norsk språknemnd – ikkje ei permanent forlenging av Vogt-komiteén, slik intensjonen var, vart det påstått. Den hovudsaklege årsaka til kritikken var nærliggjande nok manglande resultat i favør av riksmålet i arbeidet med det som skulle verte ei ny bokmålsreform. Norman gav eksplisitt uttrykk for at han meinte rådet arbeidde mot sitt eige mandat, men, som Knut Egil Steffens konstaterte ved ei seinare anledning, hadde ikkje Språkrådet noko mandat som spesifikt slo fast at det skulle gi dei utestengde riksmålsformene offisiell status igjen. I tillegg skulda Langslet Språkrådet for mellom anna å arbeide for tilstramming av reglane for språkbruken i offentleg administrasjon og Riksringkastinga. Det skulle rettnok vise seg at det på sett og vis *vart* ei lita innstramming på dette området. Som eg har gjort greie for tidlegare, vedtok Språkrådet i 1976 eit forslag om at læreboknormalens bruksområde skulle utvidast til òg å gjelde språkbruken i offentleg administrasjon. Dessutan vart det vedteke med berre *éi* stemmes margin at læreboknormalen ikkje skulle omfatte språkbruken i NRK. Når det er sagt, vart innhaldet i læreboknormalen utvida til å omfatte ei lang rekkje tradisjonelle riksmålsformer, så det totale utfallet av Språkrådets reformarbeid var uansett auka valfridom.

På grunnlag av korleis Aftenposten framstilte språkdebatten, kunne ein få inntrykk av at samarbeidet i Særutvalet og Norsk språkråd i sin heilskap var dårleg på dette tidspunktet. Trass i at Språkrådet hadde vore i funksjon forholdsvis lenge, hadde det av konkrete resultat i reformarbeidet berre det førebelse liberaliseringsvedtaket å vise til. Dette sleit på tolmodet til riksmålsrørsla, og etter kvart vart det openbart at riksmålsorganisasjonane vurderte å trekkje ut representantane sine frå rådet. Språkrådet hadde verka i om lag to år då riksmålsorganisasjonane fyrste gongen truga med å sprengje rådet, og denne trugselen var i høgaste grad reell fram til rådet fatta nokre uhyre viktige vedtak i oktober 1976. Då vart det vedteke at den delen av det førebelse liberaliseringsvedtaket som omfatta hokjønnskategorien

og inkjekjønn fleirtal, skulle integrerast i den vidare rettskrivinga. Det betydde mellom anna full valfridom mellom *a-* og *en-*ending i bestemt form eintal av hokjønnsord og full valfridom mellom *a-* og *ene-*ending i bestemt form fleirtal av inkjekjønnsord. Sjølv om det var mykje arbeid som mangla før Språkrådet kunne vise til eit fullstendig reformforslag, representerte vedtaka som gjaldt hokjønnskategorien og inkjekjønn fleirtal i den vidare rettskrivinga, særskild viktige prinsippvedtak. Vedtaka gav i alle høve riksmålsorganisasjonane tilstrekkeleg forsikring om at det var grunnlag for vidare samarbeid. Rådet hadde vore heilt på randen av å verte sprengt, men vart altså redda av desse forsonande vedtaka i tolvte time.

Sjølv om vedtaka som omfatta hokjønnskategorien og inkjekjønn fleirtal, utvilsamt var udelelt positive i riksmålsauge, var riksmålstilhengarane likevel ikkje heilt nøgde med alle vedtaka som vart fatta på dette møtet. Det var nemleg på dette møtet at det vart vedteke at bruksområdet for læreboknormalen òg skulle omfatte offentleg teneste. Riksmålstilhengarane, som ikkje eingong ville ha nokon læreboknormal, frykta at det i praksis ville bety ei vesentleg innskrenking i valfridomen i forhold til den samtidige situasjonen, ettersom det var ting som kunne tyde på at læreboknormalen ville halde fram med å vere veldig restriktiv. Derfor vart det komande arbeidet med læreboknormalens innhald veldig avgjerande. Språkrådet hadde allereie langt på veg bevist at det var ope for utviding av den vidare rettskrivinga i konservativ retning, så spørsmålet på dette tidspunktet dreidde seg mest av alt om det òg var ope for liberalisering av læreboknormalen.

Ein kunne altså få inntrykk av at det vart ei viss avspenning i språkstriden etter det høgdratiske møtet i Norsk språkråd i oktober 1976, og det inntrykket trur eg stemmer med røyndomen. Rådet hadde bevist i kraft av fleire vedtak at det var grunnlag for vidare samarbeid språkfraksjonane imellom, og som følgje av det, var trugselen om sprenging av rådet borte. Når det er sagt, var det nok berre tale om ei *moderat* avspenning, for debatten var framleis forholdsvis heit på dette tidspunktet. Men ein kunne få inntrykk av at arbeidet i Særutvalet gikk vesentleg smidigare. Allereie på årsmøtet i Norsk språkråd i januar 1978 kunne Særutvalet leggje fram ei ny innstilling. Innstillinga var rettnok ikkje heilt fullstendig, og det var ikkje meininga at det skulle fattast nokre vedtak på grunnlag av den allereie då. Særutvalet ville berre høyre det samla rådets vurdering av den i fyrste omgang. Trygve Bulls såkalla «hestehandel» var det som fikk mest merksemd i Aftenposten under og like etter årsmøtet. Som eg har gjort greie for tidlegare, var ikkje tilbodet til Bull så drastisk som ein med det same kunne få inntrykk av. Sjølv om språkradikalarane omtalte tilbodet som ein «kapitulasjon», kunne ein ved nærmare ettersyn likevel konstatere at riksmålsfraksjonen måtte

ha gitt slepp på ein god del om forslaget hadde gått igjennom. Når det er sagt, er det likevel ikkje tvil om at det både var eit sjenerøst og sensasjonelt tilbod til riksmålsfraksjonen. I tillegg til dette kunne ein lese at det hadde vorte fremja krav om vitskaplege undersøkingar for å dokumentere kor stor utbreiing dei radikale bokmålsformene hadde. Sjølv om ein ikkje fikk tid til å behandle sjølve innstillinga på årsmøtet – sidan debatten kring eventuelle undersøkingar tok så lang tid – kunne Aftenposten likevel informere om at moderate riksmålsfolk og radikale bokmålsfolk stod einannan nærmare enn nokon gong før.

På årsmøtet i Norsk språkråd eitt år seinare, i januar 1979, vart omsider dei siste reformvedtaka fatta. Det vart vedteke forslag om store utvidingar av både den vidare rettskrivinga og læreboknormalen. Noko det var knytt spesiell stor spenning til i forkant av årsmøtet, var dei om lag 390 hokjønnsorda det var usemje om i Særutvalet. Det vart vedteke full valfridom mellom *-a* og *-en* for alle desse orda. Noko som fikk mykje merksemd denne gongen òg, var Bulls sensasjonelle kompromissforslag. Eyvind Fjeld Halvorsen hadde nemleg bede bokmålsseksjonen om å ta stilling til dette forslaget, og det hadde vorte nedstemt med éi stemmes margin. Til tross for dette kunne ein få inntrykk av at riksmålsrepresentantane likevel var rimeleg godt nøgde med utfallet av årsmøtet. Gorgus Coward uttalte at desse vedtaka sannsynlegvis ville syte for ei stor avspenning i språkdebatten. Det vart lagt vekt på at vedtaka var eit resultat av kompromiss, og at ingen av partane av den grunn fikk det heilt som dei ynskte. Nokon endeleg språkfred som følgje av desse vedtaka, trudde ein ikkje på, men ein var optimistisk med omsyn til ei vesentleg avspenning.

Då Norsk språkråds reformforslag skulle behandlast i Kyrkje- og undervisningsdepartementet, vart departementet nok ein gong skulda for bevisst trenering. Det det vart kritisert mest for, var avgjerda om å søkje råd hos diverse utdanningsråd som allereie hadde fått uttale seg i saka i kraft av å vere representerte i Språkrådet. Departementet vart skulda for å ha interne krefter som bevisst motsette seg Språkrådets tilråding ved å drive overlagt trenering. Ein kunne dessutan lese at 49 universitets- og høgskulelærarar hadde sendt departementet ei tilråding om ikkje å ta Språkrådets forslag til etterretning. Departementet valde til slutt likevel å sjå bort frå denne tilrådinga og godkjenne Språkrådets forslag, men denne prosessen tok over halvtanna år. Stortinget brukte derimot berre éin dag på å vedta reformforslaget. Det Aftenposten mellom anna kunne informere om like etter at reformvedtaket vart fatta i Stortinget, var at dåverande kyrkje- og undervisningsminister, Einar Førde, kravde at pressa skulle halde seg fullt og heilt til den ferske 1981-rettskrivinga. Viss ikkje, kunne ein risikere at heile eller delar av reformvedtaket vart annullerte.

Frå tid til anna forsøkte eg altså å samanlikne det som stod i Aftenposten-artiklane, med det som står i Gro-Renée Rambøs hovudoppgåve frå 1999. Det som stort sett var grunnlaget for denne samanlikninga, var dei møta i Norsk språkråd der ein behandla dei rettskrivingsforslaga som Særutvalet hadde utarbeidd. Jamt over opplevde eg at Aftenposten-artiklane gav eit noko mangelfullt bilete av det som hadde skjedd på desse møta. Det er klart at det er litt avgrensa kor detaljert ein kan gå til verks når ein skal skrive ein nyheitsartikkel som skal gjere greie for ein heil og ofte innhaldsrik møtedag i Norsk språkråd, men enkelte gonger kunne eg oppleve at sentrale vedtak og drøftingar ikkje vart nemnde med eitt einaste ord. Sjølv om Aftenposten-artiklane ikkje alltid var like informative når det til dømes gjaldt dei enkelte vedtaka som hadde vorte fatta, synst eg dei stort sett beskreib stemninga i Språkrådet på ein dekkjande måte.

Litteratur:

Almenningen, Olaf m.fl. (red.), 1981: *Språk og samfunn gjennom tusen år. Ei norsk språkhistorie*. Oslo-Bergen-Tromsø: Universitetsforlaget.

Jahr, Ernst Håkon, 1992: *Innhogg i nyare norsk språkhistorie*. Oslo: Novus.

Jahr, Ernst Håkon, 1993: «Forklaringsmodeller i nyere norsk språkhistorie». I: Ivars, Ann-Marie (red.): *Språk och social kontext*. Festskrift til Mirja Saari på 50-årsdagen. Helsingfors, s. 121 – 136.

Rambø, Gro-Renée, 1999: *Bokmålsreformen i 1981 – med særlig vekt på Særutvalgets arbeid*. Kristiansand: Høgskolen i Agder.

Vikør, Lars S., 1994: «Korfor fekk vi språkstrid? Forklaringsmodellar i nyare norsk språkhistorie». I: *Synsvinklar på grammatikk*. Helsing til Lars Vassenden på 70-årsdagen. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, s. 217 – 224.

Avisartiklar:

Aftenposten 15.04.1972, «Det haster med å få rettskrivningsspørsmålet løst».

Aftenposten 21.04.1972, «Rettskrivningen må liberaliseres».

Aftenposten 08.05.1972, «Større liberalisering av rettskrivningen nødvendig».

Aftenposten 13.06.1972, «Elevene får «solen» og «husene» tilbake – «urettet»».

Aftenposten 20.07.1972, «Ukløkt engasjement».

Aftenposten 08.12.1972, «Liberale rettskrivningsregler for skolen treneres av departementet».

Aftenposten 15.12.1972, «Trenering».

Aftenposten 18.12.1972, «Riksmålet det eneste alternativ».

Aftenposten 14.02.1973, «Fare for at Språkrådet fører til ny sprogstrid».

Aftenposten 24.02.1973, «Språkrådet er mislykket – avpolitiser sprogsaken».

Aftenposten 25.04.1973, «Atter et av disse vasne innrøm».

Aftenposten 10.10.1973, «Vår flau sprogssituasjon».

Aftenposten 17.10.1973, «Er språksituasjonen flau?».

Aftenposten 26.10.1973, «Toleranse i sprogsaken?».

Aftenposten 02.11.1973, «Ny målbruk-lov skjerper strid».

Aftenposten 15.03.1974, «Ny sprogstrid i emning – brudd på Stortingets forutsetninger».

Aftenposten 04.04.1974, «Riksmålsrepresentantene ut av Språkrådet i protest?».

Aftenposten 04.10.1974, «Riksmålets skjebnetime».

Aftenposten 14.10.1974, «Nynorsk mobilisering, sprogstrid opp påny».

Aftenposten 13.10.1975, «Kompromissforslag hindret splittelse».

Aftenposten 31.01.1976, «Alvorlig fare for at Språkrådet sprenges».

Aftenposten 02.02.1976, «Ingen avklaring om rettskrivning».

Aftenposten 05.02.1976, «Den dødelige fare for vårt riksmål».

Aftenposten 07.02.1976, «Absolutt riksmålskrav at alle former frigis».

Aftenposten 11.03.1976, «Læreboknormalen må ikke dirigere offentlig sprogbruk».

Aftenposten 25.03.1976, «Sprog-tilnærmingen en trusel mot vår egenart».

Aftenposten 25.05.1976, «Riksmål, miljøvern og sosialisme».

Aftenposten 17.09.1976, «Skal NRK være en skole eller et torv for dialekter?».

Aftenposten 09.10.1976, «Språkrådet splittet om rettskrivningen».

Aftenposten 12.10.1976, «Liberalisering bare i skolestuen».

Aftenposten 12.10.1976, «Språkrådet går imot Stortinget».

Aftenposten 04.11.1976, «Hvorfor kan ikke ønsket innfries?».

Aftenposten 17.11.1976, «Riksmålet lever, lov og tvang opprettholder erstatningssprog».

Aftenposten 12.01.1977, «Skarp advarsel til Språkrådet».

Aftenposten 15.01.1977, «Sprog-toleranse».

Aftenposten 21.01.1977, «Norsk Språkråd jubilerer – ingen blomster verdig».

Aftenposten 09.02.1977, «Riksmålet knyttet til den sosiale overklasse».

Aftenposten 15.02.1977, «Ufruktbart om Norsk språkråd».

Aftenposten 25.02.1977, «Tøv om «sproglig classeskille».

Aftenposten 28.02.1977, «Et besynderlig forsvar av Norsk språkråd».

Aftenposten 04.07.1977, «Langslet: Æressak å gi nynorsken tryggere kår».

Aftenposten 20.07.1977, «En æressak å gi nynorsken tryggere kår?».

Aftenposten 14.10.1977, «Langslet om æresvakt for nynorsk».

Aftenposten 26.01.1978, «Nå kan Språkrådet få vist sin liberaliseringsvilje».

Aftenposten 27.01.1978, «Fremmedlegemer i vårt kultursprog».

Aftenposten 28.01.1978, «Forslag fra Trygve Bull om «hestehandel» i Språkrådet».

Aftenposten 30.01.1978, «Bokmåls- og riksmålsfolk med vilje til samarbeide».

Aftenposten 08.06.1978, «Riksmålet bør legitimeres som bokmålets tradisjonelle variant».

Aftenposten 27.01.1979, «Ingen avtale om sprogfred, men liberal læreboknormal».

Aftenposten 29.01.1979, «Flere riksmålsformer får plass i læreboknormalen».

Aftenposten 30.01.1979, «I riktig retning».

Aftenposten 12.01.1980, «Sprog, språk og toleranse».

Aftenposten 13.02.1980, «Sprog-vedtak som driver».

Aftenposten 13.02.1980, «Språkråd-vedtak står i stampe».

Aftenposten 25.03.1980, «Riksspråk, skriftradisjon og folkemål».

Aftenposten 28.03.1980, «Sprogpolitikk, ikke vitenskap».

Aftenposten 16.03.1981, «En sprogpolitisk farse?».

Aftenposten 01.06.1981, «Riksmålsnormen må tas alvorlig».

Aftenposten 02.06.1981, «Førde krever sprog-lojalitet».